



Innkalling

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Volda samfunnshus 1. etg.
Dato:	24.09.2020
Tid:	Kl. 14:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicekontoret på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenta er publiserte på www.volda.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
85/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	20/5350
86/20	Godkjenning av protokoll	20/5350
87/20	Orienteringar	20/5350
39/20	Evaluering av PPT - orientering	20/59
40/20	Sektor for samfunnsutvikling- plan og prosjektrapport for mai 2020	19/10189
41/20	Interkommunalt samarbeid	20/747
42/20	Sunnmøre Regionråd - Årsmelding og rekneskap 2019	19/10189
43/20	Verdiar for Volda kommune	20/1276
44/20	Utviklinga i kommuneøkonomien for 2019 Møre og Romsdal	19/11898
45/20	Trivsel i sentrum - orientering til kommunedirektøren	20/3996
46/20	Helseplattformen for kommunene i Møre og Romsdal - Nyhetsbrev august 2020	19/10058
47/20	KOMØK-webinar: 10 konkrete råd for å bedre balansen i budsjettet	20/3399
48/20	Symjehall i Volda sentrum - Vidare arbeid etter kommunestyret sitt vedtak 18.06.2020	19/14492
88/20	Slutthandsaming: Reguleringsendring for Håmyra, plan ID 2011003	19/10009
89/20	Vedtak Planprogram - Kommunedelplan for kryssing av Dalsfjorden	19/10614

90/20	Klagehandsaming: Klage på vedtak av detaljreguleringsplan for Fjellvegen 2	19/10016
91/20	Omdisponering av asfalt midlar	20/4894
92/20	Kommunal forskrift om frist for spreiding av husdyrgjødsel - Volda kommune - 1577 Volda	20/4454
93/20	Avhending av gamle skulebygg	19/10920
94/20	Kommunal overtaking av Bratteberg barnehage	19/16375
95/20	Nedlegging av Austefjord barnehage- og skule. Endring av skulekrinsgrense	20/2654
96/20	Reglement for byggenemnd - vurdering av forslag til endring av gjeldande reglement	19/17397
97/20	Regulering av parkering ved høgskulen i Volda	19/12134
98/20	Søknad om kommunal garanti, Volda kyrkjelege fellesråd	20/4889
99/20	Søknad om utvida forskotering, Volda TI Fotball	19/10317
100/20	Søknad om støtte i forbindelse med Covid-19 - Volda skisenter AS	20/2992
101/20	Søknad om refusjon av kostnader til opprusting av parkeringsplass	20/2992
102/20	Samarbeidsavtale med Ørsta kommune om legeteneste under koronapandemien	20/4428
103/20	Smittevernplan for Volda kommune	20/4595
104/20	Amfi og oppgradering Volda samfunnshus	20/4035

105/20	Parkering mediebygget - avtale mellom Statsbygg AS og Volda komune.	20/3799
106/20	Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2020-2024	20/483
107/20	Lønspolitikk Volda kommune 2020 - 2024	19/18140
108/20	Temaplan for breiband og ekom-nett	20/3773
109/20	Strategisk samarbeid Ørsta og Volda	20/4856
110/20	Stortingsvalet og sametingsvalet 2021 - fastsetjing av valdag	20/5065
111/20	Val av kvinnelege meddommarar til jordskifterett	19/18646
112/20	Val av ny meddommar til Søre Sunnmøre tingrett	19/18646
113/20	Fritak frå politiske verv til 31.12.2021 - Stig Olav Lødemel	20/5347

Volda, 16.09.2020

Sølvi Dimmen
ordførar



Vår referanse: 20/5350 20/16046

Saksbehandlar: Sonja Håvik

Dato: 16.09.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
85/20	Kommunestyret	24.09.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste



Vår referanse: 20/5350 20/15390

Saksbehandlar: Sonja Håvik

Dato: 09.09.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
86/20	Kommunestyret	24.09.2020

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret i Volda - 18.06.2020



Saksnr.	Utval	Møtedato
87/20	Kommunestyret	24.09.2020

Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
39/20	Evaluering av PPT - orientering
40/20	Sektor for samfunnsutvikling- plan og prosjektrapport for mai 2020
41/20	Interkommunalt samarbeid
42/20	Sunnmøre Regionråd - Årsmelding og rekneskap 2019
43/20	Verdiar for Volda kommune
44/20	Utviklinga i kommuneøkonomien for 2019 Møre og Romsdal
45/20	Trivsel i sentrum - orientering til kommunedirektøren
46/20	Helseplattformen for kommunene i Møre og Romsdal - Nyhetsbrev august 2020
47/20	KOMØK-webinar: 10 konkrete råd for å bedre balansen i budsjettet
48/20	Symjehall i Volda sentrum - Vidare arbeid etter kommunestyret sitt vedtak 18.06.2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
152/20	Formannskapet	15.09.2020
88/20	Kommunestyret	24.09.2020

Slutthandsaming: Reguleringsendring for Håmyra, plan ID 2011003

Samandrag:

Saka gjeld ei mindre reguleringsendring av detaljreguleringsplan for Håmyra (plan ID 2011003). Denne planen vart vedteken 18.06.2015 med juridisk bindande situasjonsplan. Vegen f_V5, samt gang- og sykkelvegen f_G/S2 er ikkje bygd i samsvar med planen og tiltakshavar «*Din Bolig AS*» har difor fått krav frå Volda kommune om å søkje reguleringsendring i samsvar med utbygd anlegg.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 152/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek mindre reguleringsendring for Håmyra med plankart og føresegner datert 16.04.2020, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å vedta mindre reguleringsendring for Håmyra med plankart og føresegner datert 16.04.2020, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 152/20

Kommunestyret vedtek mindre reguleringsendring for Håmyra med plankart og føresegner datert 16.04.2020, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Vedlegg:

1357 Føresegner rev2020_04_16

Plankart rev 160420

Situasjonsplan A1

Sjekkliste ROS_2020_04_16

1357 ROS-analyse_2020_04_16

Merknader samla

Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Revidert planforslag: Ber om ny vurdering og trekking av motsegn

Geoteknisk prosjektering med vedlegg

Flaumsonekart 200 års flaum med klimatillegg


Saksopplysningar:

Tiltakshavar fekk varsel om mogleg pålegg om tilbakeføring 01.07.2019 med frist til å søke endring innan 15.09.2019. Søknad om reguleringsendring vart sendt Volda kommune 11.09.2019. Det er søkt om ny plassering av privat fellesveg f_V5.

Vegen er bygd med ei parallell forskyving mot sør grunna breiare grøft mellom veg og mur mot bustader nord for vegen. I plankartet er det også gjort ei mindre justering av formålsgrensa mellom leikeplassen f_L3 og BK 5. Gang- og sykkelvegen f_G/S2 er bygd om lag som gjeldande plan tilseier med det ein vurderer å vere små avvik i høgde. Nytt plankart, føresegner og situasjonsplan er lagt ved saka.

Køyreveg: Endringar i f_V5

Felles privat veg f_V5 er omsøkt flytta parrallelt sørover med avstandar frå om lag 0.9-1,8 meter. Dette fører til at bueiningane langs sørsida av vegen får noko mindre uteareal og ei innkøyring med andre kurvaturar i forhold til gjeldande plan.



Figur 2: Frå skredfarekarte til NVE. Raud sone syner skredfare med større årleg sannsyn enn 1/1000. Bustadar (nye tiltak) tilhøyrande tryggleiksklasse S2 skal ligge utanfor denne sona.

Offentleg ettersyn og høyring:

Søknad om reguleringsendring var på høyring og offentlig ettersyn i perioden 01.-22. november 2019. Det kom inn fire brev med merknader til høyringa, derav ei motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Merknadane er (vedlagt) er oppsummert og kommentert nedanfor:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Påpeikar at det ved utarbeiding av ny plan, herunder endring av plan jf. PBL § 12-14, skal gjennomførast ein ny/revidert ROS-analyse. Fylkesmannen syner til at NVE kartla reell skredfare med årleg sansyn i 2019 (NVE rapport 53/2019). Det vart stilt motsegn fram til avdekka skredfare vart avdekt i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred jf. TEK 17 § 7-3.

Kommentar:

ROS-analysen er revidert og det er sett inn omsynssoner i plankartet som er plassert med bakgrunn i NVE sin rapport nr 53/2019. Dei reviderte plandokumenta vart i tillegg sende på ei ny avgrensa høyring til dei partane som er busett innanfor omsynssonene. Det har ikkje kome nye merknader til denne avgrensa høyringa. Motsegna frå Fylkesmannen vart trekt i brev av 07.05.2020. I brevet vert kommunen råda til å undersøkje mogleg flaumfare jf. tryggleikskrava i TEK 17 § 7-2. Kommentaren til dette er at dette er utført i samband med prosjektering av

flaumsikringsprosjektet som skal gjerast for Håmyrelva (Gjølelva).

Møre og Romsdal Fylkeskommune:
Har ingen merknadar tilendringane.

Sivert Håmyr (eigar av gbnr 18/193):

Syner til tidlegare brev i samband med utarbeiding av reguleringsplan for Håmyra. Håmyr bad då om mur med tilhøyrande gjerde langs gangvegen f_G/S2 som går langs nordleg side av eignedomen gbnr 18/193. Meiner at gangvegen er bygd lågare i terrenget enn den skal vere og at den etter kartet skal vere 57 cm høgare. Syner til at det er lagt kantstein og ikkje mur mot hagen på 18/193. Krev at vegkanten vert høgare, evt med støypekant på 40-50 cm med gjerde på toppen. Syner til slutt til at grus, snø og vatn frå gangvegen kjem inn i hagen.

Kommentar:

Gang- og sykkelvegen (f_G/S2) er bygd høgare i terrenget enn det gjeldande situasjonsplan tilseier. I snitt er gang- og sykkelvegen bygd 23 cm høgare i terrenget enn det den skulle vere i høve denne situasjonsplanen. Dette går fram av ny situasjonsplan tilhøyrande søknad om reguleringsendring. I saka til kommunestyret der det vart fatta vedtak 26.02.2015 er tidlegare innspel frå Håmyr kommentert i høve gang- og sykkelvegen. Her står det følgjande: «*Langs sørsida av planlagt gangveg vil det bli etablert mur og gjerde etter som vegen er lagt heilt inn mot eigedomsgrensa til 18/193*». Føresegnene i gjeldande plan sett ikkje krav om gjerde eller kant lang gang- og sykkelvegen og samsvarar dermed ikkje med det som er kommentert. Situasjonsplanen sett krav til plassering og høgde i terreng. Føresegnene og plankartet med tilhøyrande situasjonsplan er den juridiske delen av planen. Det er ikkje gjort vedtak om å endre føresegnene i handsaminga i kommunestyret. Høgdeskilnadane mellom G/S2 og eignedomen er ikkje høg nok til at det er stilt krav om gjerde. Med bakgrunn i dette vert innspelet ikkje teke til følgje.

Felles innspel frå naboar (Peter Gabriel Godø og Janina Halseth – Håmyra 23A, Manuela Erlbeck og Karl Ullrich – Håmyra 25A, Alette Dale og Synne Ryan – Håmyra 27A og Ingeborg Karlsbakk Hoggen – Håmyra 29A:

Naboane har tilkomst til felles privat veg f_V5 på sørleg side av vegen. Ein syner her til dei ulempene flyttinga av vegen får for eigedomane. Avviket frå gjeldande plan gjer inn- og utkøyring frå eigedomane vanskeleg, grunna endra kurvatur og stigningsforhold. Dette er også ei utfordring vinterstid med glatt vegbane. Ved inn- og utkøyring må ein mellom anna køyre svært nærme inngangsparti. Det vert synt til at dette er eit vesentleg avvik frå kontrakten mellom utbyggjar og huseigarar, og ein meiner dette ikkje kan handsamast som ei mindre reguleringsendring. Statens Vegvesen si handbok N100 er nytta for å syne sporingskurve for personbil i vedlagde modelleringar. Ein meiner at utearealet er betydeleg redusert og at verdien og kvaliteten på bustadane er nedsett.

Kommentar:

Det er ikkje uvanleg at det vert avvik mellom reguleringsplan og faktisk utbygging. I dette tilfellet har det medført noko tap av uteareal og eit noko endra køyremønster. Modelleringane som det vert synt til syner at innkøyrslene kan nyttast, men at desse har fått ei annan utforming enn det som var planlagt frå byrjinga. Når det

gjeld endringar i høve kontrakt med utbyggjar vurderer kommunen dette til å vere ei privatrettsleg sak. Bakgrunnen for reguleringsendringa er eit pålegg frå Volda kommune om å korrigere plan etter faktisk utbygging, dette med grunnlag i at planen har ein juridisk bindande situasjonsplan. Utnyttingsgrada på BK6 er rekna ut å vere på 25,52% BYA, noko som er innanfor maks BYA på 30%.

Vurdering:

Etter krav frå Volda kommune om å søkje mindre reguleringsendring for detaljreguleringsplan for Håmyra vurderer ein no forslaget til å vere i samsvar med det som er bygd ut i Håmyra. Kravet har bakgrunn i at situasjonsplanen er juridisk bindande. Plandokumentane er oppdaterte i høve merknadane frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med nye omsynssoner for skredfare og tilhøyrande føresegner. Flyttinga av vegen f_V5 har ført til redusert areal til eigedomane på området BK6 og eit noko anna køyremønster enn det gjeldande plan har lagt opp til. Vegbreidda er ivareteke, men vegen har fått ei noko anna stigning og kurvatur inn mot eigedomane. Med bakgrunn i sporingskurvene henta frå vegnormalen N100 vurderer ein det som mogleg å nytte innkøyrslene til bueiningane i området. Ein vurderer elles ikkje avviket å vere vesentleg i høve gjeldande plan. Det er heller ikkje kome merknader frå regionale mynde i forhold til trafikktryggleiken på vegen. Merknadane vedrørande flytting av vegen f_V5 vert ikkje teke til følge. Gang- og sykkelvegen f_G/S2 er ikkje flytta i terrenget, men er plassert noko høgare i terrenget enn det gjeldande plan legg opp til. Ein vurderer endringa av gang- og sykkelvegen til å vere av lite vesentleg karakter. Føresegnene i gjeldande plan legg ikkje føringar for at f_G/S2 skal ha gjerde eller mur mot naboeigedom i sør. Dersom dette er avtalt mellom utbyggjar og nabo er dette å vurdere som eit privatrettsleg forhold mellom partane. Merknadane knytt til f_G/S2 vert ikkje teke til følge.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen konsekvens.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen konsekvens.

Miljøkonsekvensar: Ingen konsekvens.

Økonomiske konsekvensar: Ingen konsekvens.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen konsekvens.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen konsekvens.

Konklusjon:

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å vedta mindre reguleringsendring for Håmyra, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Rune Sjurgard
kommunedirektør

Erlend S. Vikestrand
Planleggjar

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
154/20	Formannskapet	15.09.2020
89/20	Kommunestyret	24.09.2020

Vedtak Planprogram - Kommunedelplan for kryssing av Dalsfjorden

Samandrag:

Saka omhandlar vedtak av planprogram for kommunedelplan for kryssing av Dalsfjorden. Det vart varsla oppstart med høyring av planprogram 24.02.2020. Planprogrammet er utarbeidd av Asplan Viak AS, og sett føringane for vidare utgreiingsarbeid i samband med kommunedelplanen. Merknadane som kom inn til høyringa ligg vedlagt saka, og er oppsummert med kommentarar i eige vedlegg.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet. Han er dagleg leiar i Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6, 1.l, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Arild Iversen (Krf) reiste spørsmål om habilitet. Han var styremedlem i Voldsfjordkryssing fram til 26.06.2020, jf. fvl. § 6, 2. l. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet (7 røysteføre):

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjend inhabil.

Arild Iversen vart samrøystes kjent habil, og han tok sete.

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 6 røyster og vart vedteken, Øyvind Festø og Cecilie Rørstad røysta mot.

Odd A. Folkestad tok sete.

FSK- 154/20 Vedtak:

Med heimel i PBL § 11-13 vedtek kommunestyret planprogram for kryssing av Dalsfjorden datert 30.06.2020.

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i PBL § 11-13 rår kommunedirektøren kommunestyret til å vedta planprogram for kryssing av Dalsfjorden datert 30.06.2020.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 154/20

Med heimel i PBL § 11-13 vedtek kommunestyret planprogram for kryssing av Dalsfjorden datert 30.06.2020.

Vedlegg:

Planprogram kryssing av Dalsfjorden v3 30.06.2020

Merknader samla

Oppsummering av merknader til planprogrammet

Saksopplysningar:

Volda kommunestyre vedtok 06.02.2019 (PS 15/19) at Voldsfjordkryssing AS snarast skulle få utarbeidd planprogram for kryssing av Dalsfjorden i samarbeid med planavdelinga i Volda kommune. Voldsfjordkryssing AS har finansiert og organisert arbeidet med innhenting av konsulenttenester for utarbeiding av planprogrammet. I samsvar med Volda kommune vart arbeidet tildelt Asplan Viak AS si avdeling i Molde. Det vart halde oppstartsmøte 3. oktober 2019 og første utkastet vart motteke 28. oktober. Deretter følgde eit nytt utkast 9. desember og siste gjennomgang og mindre justeringar av utkastet vart gjort i arbeidsmøte med representantar frå Voldsfjordkryssing AS 16. januar 2020.

Varsel om oppstart og høyring av forslag til planprogram vart sendt ut 24.02.2020. Fristen for å kome med merknader vart sett til 23.03.2020, men grunna virussituasjonen fekk grendalaga og Mattilsynet utsett høyringsfrist til 17.04.2020. Det kom inn totalt 11 brev med merknader. Desse er oppsummert og kommentert med vurderingar i eige vedlegg til saka. Brev med merknadane ligg også vedlagt.

Forslag til planprogram:

Planprogrammet gjer greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varslings av oppstart av planarbeidet. Planprogrammet skal fastsettast gjennom vedtak i kommunestyret.

I forslag til planprogram for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Dalsfjorden er det vist to alternativ som skal utgreiast som del av planarbeidet. Alternativ 1 går frå Nautvikneset til Skrubbeneset, medan alternativ 2 går frå Nautvikneset til Kvangardsneset. 0- alternative (dagens situasjon) skal også utgreiast. Det vidare planarbeidet skal ta stilling til val av utbyggingsalternativ på bakgrunn av konsekvensutgreiinga og må ta høgde for bruløysing, vegstandard og kopling til eksisterande vegnett på begge sider av fjorden.

Planprogrammet skal stadfeste kva tema og metodikk som skal nyttast i konsekvensutgreiinga. Metodikken baserer seg på Statens Vegvesen si handbok V712 *Konsekvensanalyse*. Det skal gjerast ei samfunnsøkonomisk analyse av prissette og ikkje-prissette konsekvensar som del av denne utgreiinga. Av andre konsekvensar er et nemnt trafikkanalyse, støy- og luftforureining, grunntilhøve, anleggsperiode, fylling i sjø og lokal og regional utvikling for å nemne nokre tema. Det skal også utførast ei ROS-analyse i samband med planarbeidet. Planprogrammet legg føringar for korleis denne skal utarbeidast.

Vurdering og konklusjon:

Ferjefri kryssing av Dalsfjorden vil gi betra kommunikasjon internt i kommunen, spesifikt for bygdene på vestsida av Voldsfjorden. Kommunikasjonen mellom Volda/Ørsta, Vanylven og ytre Nordfjord vert også betra, særskild om ein ser denne fjordkryssinga i samband med Voldsfjordkryssing. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028 har som mål å styrkje Volda saman med Ørsta som regionsenter. Ein av strategiane for å nå målet er å vidareutvikle kommunikasjonen i regionen med mål om ferjefrie fjordkryssingar. Gjennomføring av prosjektet vil medverke til at kommunen får

betre kommunikasjon både internt og mot nabokommunar, noko som vil kunne vere positivt i forhold til bu- og arbeidsmarknad. Ei bru over Dalsfjorden vil kunne betre beredskap, gjere det enklare å dagpendle, nå skule- og kulturtilbod, samt å betre ressursutnyttinga i organiseringa av dei kommunale tenestene.

Økonomiske konsekvensar:

Arbeidet med planprogrammet er dekt av Voldsfjordkryssing AS. Det vidare planarbeidet vil medføre kostnader for kommunen. Finansiering av dette vil ein måtte kome tilbake til når planprogrammet er vedteke.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Skal utgreiast i KU.

Beredskapsmessige konsekvensar: Skal utgreiast i KU.

Konsekvensar for barn og unge: Skal utgreiast i KU.

Runen Sjurgard
kommunedirektør

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
155/20	Formannskapet	15.09.2020
90/20	Kommunestyret	24.09.2020

Klagehandsaming: Klage på vedtak av detaljreguleringsplan for Fjellvegen 2

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 155/20 Vedtak:

Kommunestyret finn ikkje at klaga inneheld nye moment som ikkje var vurdert tidlegare, og gjer ikkje om vedtaket av 18.06.2020.

Saka vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret finn ikkje at klaga inneheld nye moment som ikkje var vurdert tidlegare, og gjer ikkje om vedtaket av 18.06.2020.

Saka vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 155/20

Kommunestyret finn ikkje at klaga inneheld nye moment som ikkje var vurdert tidlegare, og gjer ikkje om vedtaket av 18.06.2020.

Saka vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vedlegg:

Klage frå naboar på BBB1 - detaljreguleringsplan for Fjellvegen 2, gnr 19 bnr 182 mfl.

Vedlegg fjellvegen

Sluttbehandling: Detaljregulering for Fjellvegen 2

Oppstartsmelding med vedlegg

Skredfarevurdering

STØYRAPPORT 190719

STØYRAPPORT 280518

Sjekkliste ROS

Plankart sist revidert 14.05.20

FØLGESKRIV 250620

FØRESEGNER 240620

PLANBESKRIVELSE 240620

ILLUSTRASJONSPLAN 240620

TERRENGPROFIL 240620

SOLSKJEMA 240620

Lovgrunnlaget: Klage på vedteken plan etter plan- og bygningslova § 12-12**Saksutgreiing:**

Detaljreguleringsplan for Fjellvegen 2, gnr 19, bnr 182 m.fl vart vedteken i kommunestyret 18.06.2020 (PS 68/20). Følgjande vedtak vart fatta:

«Volda kommunestyre godkjenner detaljreguleringsplan for Fjellvegen 2 (gnr 19, bnr 182 m. fl.) med plandokument datert 14.05.2020. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Endre føresegnene pkt 4.2.5. første setning: Kotehøgde vert sett til 84.»

Planvedtaket (vedlagt) vart kunngjort i samsvar med reglane i PBL § 12-12, ved kunngjering i avisa *Møre*, på kommunen sine heimesider og med brev til partar kring planområdet tilsendt 29.06.2020. Klagefristen var sett til 07.08.2020.

Innan klagefristen er det framsett eitt brev med klage på vedtaket. Klagen er framsett frå oppsittjarar i Fjellvegen (Ruth og Bjørn Holsvik, Sissel Thorvik og Ståle Mork, Grete og Roger Stalsberg, Oddrun og Roar Berg):

Oppsittjarane syner til tidlegare protestar på byggjehøgde på blokka BBB1. Ein fryktar her direkte innsyn til eksisterande busetnad, tap av utsikt og forringa solforhold. Ein har tidlegare bede om at høgda vert seinka til kote 82,0. Det vert synt til vedtaket i kommunestyret der kotehøgda vart sett til kote 84,0. Ein meiner det er fullt teknisk mogleg å seinke høgda til kote 83,0. Høgdeforholda og bygget si breidde gjer at ein særskild i vinterhalvåret mister mykje sollys. Det vert også synt til kommuneplanen (kommunedelplan for Volda) som er under rullering, og at denne ikkje definerer området som ein del av sentrumskjernen. Bygget (BBB1) skil seg frå etablert småhusbebyggelse. Ein skal ikkje pårekne slikt utsiktstap og innsyn som slike tiltak medfører.

Kommentar:

Reguleringsområdet ligg i skiljet mellom det som utkast til ny arealdel for Volda definerer som midtre- og ytre sentrumssone. Gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum legg opp til fortetting i sentrumsnære områder, noko som også er vidareført i utkast til ny arealdel for Volda (no kommunedelplan for Volda). Sol- og skuggeanalysen som er

utarbeidd syner at solforholda på desse eigedomane er innanfor det som er kravet om 50% dekning på utearealet kl 15 på vårjamndøgn. Det høyrer vidare med til saka at det ved varsel om oppstart vart varsla om inn til tre etasjer per blokk, dette kom det ikkje merknader på ved varsel om oppstart. Ein legg også til grunn at det ikkje har kome merknader frå Fylkeskommunen eller Fylkesmannen på forholda som her er nemnt. Administrasjonen meiner at det ut i frå eit politisk ønskje om fortetting i sentrumsnære områder, vil vere tilrådeleg å nytte området slik som vedtaket tilseier. Avstanden frå BBB1 til nabohusa er på over 25 meter, noko som er ein relativt god avstand. Endra forhold i høve innsyn er ein konsekvens av fortetting. Slik planen no ligg føre vurderer ein dette forholdet til å måtte vere akseptabelt i sentrumsnære områder.

Vurdering:

Momenta det vert klaga på er likelydande dei protestane som har kome frå oppsitjarane ved høyring av planforslaget og er tidlegare vurdert. Formannskapet gjennomførte synfaring i saka før endeleg avgjerd i kommunestyret. Her var både tiltakshavar og oppsitjarar representert. Formannskapet vedtok å redusere byggjehøgda på BBB1 frå kote 85,0 til 84,0. Ein vurderer det til at klagen på vedtak PS 68/20 frå oppsitjarane i Fjellvegen ikkje inneheld nye moment som ikkje var kjende og vurdert av kommunestyret ved handsaming av saka. Som nemnt over er det eit ønskje om fortetting i sentrumsnære områder, noko som er stadfesta gjennom tidlegare politiske vedtak (kommunedelplan for Volda sentrum og utkast til kommunedelplan for Volda). Sol- og skuggeanalysen syner at solforholda er innanfor krava om 50% dekning på uteareal kl 15 på vårjamndøgn.

Økonomiske konsekvensar:

Vurdert gjennom planprosess.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i vurderinga over er kommunedirektøren si tilråding å halde fast på vedtaket i sak PS 68/20. Ein finn ikkje at klagen inneheld nye moment som ikkje var kjende og vurdert av kommunestyret ved handsaming av sak PS 68/20.

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
80/20	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	01.09.2020
91/20	Kommunestyret	24.09.2020

Omdisponering av asfalt midlar

Samandrag:

Kvart år blir det sett av midlar på investeringsbudsjettet til asfaltering av kommunale vegar.

I år vart grusvegane på Bjørke asfaltert, det syner seg at kostnaden vart mindre enn budsjettet.

Samfunnssektoren ber om å få omdisponere unytta investeringsmidlar til oppgradering av Eidsheimvegen (på Lid) og mindre punkt på ulike stadar som må utbetrast.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 01.09.2020:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

TFU- 80/20 Vedtak:

Midlar som står att på investeringsprosjekt 030035 *Asfaltering* vert omdisponert til oppgradering av Eidsheimvegen (på Lid), samt reparasjonsarbeid på mindre stader.

Kommunedirektøren si tilråding:

Midlar som står att på investeringsprosjekt 030035 *Asfaltering* vert omdisponert til oppgradering av Eidsheimvegen (på Lid), samt reparasjonsarbeid på mindre stader.

Vedtak som innstilling frå Tenesteutval for forvaltning og utvikling - 01.09.2020 - 80/20


Midlar som står att på investeringsprosjekt 030035 *Asfaltering* vert omdisponert til oppgradering av Eidsheimvegen (på Lid), samt reparasjonsarbeid på mindre stader.

Saksopplysningar:

Det er i investeringsbudsjettet for 2020 sett av kr 3 000 000 eks mva til asfaltering av kommunale vegar. Administrasjonen prioriterte i år asfaltering av grusvegar på Bjørke.

Arbeidet på Bjørke er avslutta, og prosjektrekneskapet viser at vi har att om lag kr 814 000 eks mva. Årsaka til at arbeidet vart rimlegare enn budsjettert er svært mykje og effektiv eigeninnsats, godt forarbeid og gunstig avtale på frakt.

Vi har svært mykje klager på nokre av dei kommunale vegane i kommunen. Spesielt gjeld dette for Eidsheimsvegen (på Lid). I tillegg har vi klager/ seinskader etter tidlegare asfaltarbeid. Spesielt gjeld dette avkøyrslar til private, der det har blitt «knapp kul» ved avkøyring og bilar tek ned på asfalt ved avkøyring frå den kommunale vegen. Dette er mindre postar som vi ikkje har midlar til å utbetre.



Kostnadsberekning:

- Oppgradering på ca 960 m av Eidsheimsvegen er kostnadsrekna til om lag

kr 710 000,-.

- Dei mindre stadane er kostnadsrekna til om lag kr 95 000.-.

Alle summar er eks mva.

Samfunnssektoren ber om å kunne omdisponere det som står att på asfaltering til ovanfor nemnde prosjekt/ vegar.

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet med asfaltering av grusvegar på Bjørke vart rimlegare enn kostnadsrekna. Det står att ca kr 814 000 på prosjektet.

Kommunen har motteke svært mange og alvorlege klager på Eidsheimsvegen (på Lid). Deler av vegen er i svært dårleg stand, og administrasjonen ønskjer å omdisponere midlar til oppgradering for å få ein akseptabel standard på vegen. Arbeidet er kostnadsrekna til kr 710 000 eks mva.

Det er også midlar igjen til å føreta mindre reparasjonsarbeid etter tidlegare asfaltarbeid ulike stadar. Dette er arbeid ein ellers ikkje har midlar til å gjennomføre. Kostnadsrekna til kr 95 000 eks mva

Etter at desse tiltaka er gjennomført vil det ikkje stå att unytta lånemidlar på prosjektet.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
66/20	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	01.09.2020
162/20	Formannskapet	15.09.2020
92/20	Kommunestyret	24.09.2020

Kommunal forskrift om frist for spreiring av husdyrgjødsel - Volda kommune - 1577 Volda

Samandrag:

I samband med at kommunane Hornindal og Volda er slått saman er det behov for å samordne kommunale forskrifter.

I landbruket er bruk av husdyrgjødsel regulert av Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav, der siste frist for spreiring av husdyrgjødsel på eng er 1. september. Kommunane kan med heimel i § 23 fastsetje lokal frist som går ut over 1. september. Ein utarbeidar no ny forskrift som er felles for nye Volda kommune.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Formannskapet, foreslått av Sonja Håvik,

Med heimel i Forskrift 4. juli 2003 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23 , tilrår kommunestyret at Volda kommune innfører den kommunale forskrifta:

Forskrift om frist for spreiring av husdyrgjødsel i Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreiring av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreiring av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda kommune sett til 15. september.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 162/20 Vedtak:

Med heimel i Forskrift 4. juli 2003 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23 , tilrår kommunestyret at Volda kommune innfører den kommunale forskrifta:

Forskrift om frist for spreining av husdyrgjødsel i Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreining av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda kommune sett til 15. september.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 01.09.2020:

Behandling:

Henriette Hafsaas møtte 13:13. Det var åtte røysteføre.

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteke.

TFU- 66/20 Vedtak:

Med heimel i Forskrift 4. juli 2003 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23, tilrår Tenesteutval for forvaltning utvikling at Volda kommune innfører den kommunale forskrifta:

Forskrift om frist for spreining av husdyrgjødsel i Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreining av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda kommune sett til 15. september.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Kommunalsjefen si tilråding:

Med heimel i *Forskrift 4. juli 2003 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23*, tilrår Tenesteutval for forvaltning utvikling at Volda kommune innfører den kommunale forskrifta:

Forskrift om frist for spreiiing av husdyrgjødsel i Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreiiing av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreiiing av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda kommune sett til 15. september.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Vedtak som innstilling frå Tenesteutval for forvaltning og utvikling - 01.09.2020 - 66/20
Med heimel i Forskrift 4. juli 2003 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23, tilrår Tenesteutval for forvaltning utvikling at Volda kommune innfører den kommunale forskrifta:

Forskrift om frist for spreiiing av husdyrgjødsel i Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreiiing av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreiiing av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda kommune sett til 15. september.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 162/20

Med heimel i *Forskrift 4. juli 2003 om gjødselvarer mv. av organisk opphav, § 23*, tilrår kommunestyret at Volda kommune innfører den kommunale forskrifta:

Forskrift om frist for spreiiing av husdyrgjødsel i Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreining av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda kommune sett til 15. september.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Vedlegg:

Høyering Kommunal forskrift om frist for haustspreiing av husdyrgjødsel på eng - Volda kommune - 1577 Volda

Svar på høyering Kommunal forskrift om frist for haustspreiing av husdyrgjødsel på eng - Volda kommune - 1577 Volda

Saksopplysningar:

I samband med at kommunane Hornindal og Volda er slått saman er det behov for å samordne kommunale forskrifter.

I landbruket er bruken av husdyrgjødsel regulert av Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav, der siste frist for spreiring av husdyrgjødsel på eng er 1. september.

Sitat av forskrifta § 23 tredje avsnitt:

Kommunen kan på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikke senere enn 1. oktober. Muligheten for endring ved forskrift gjelder likevel ikke kommunene som ligger innenfor nedbørsfeltet som drenerer til kyststrekningen svenskegrensa – Lindesnes.

Kommunane kan dermed med heimel i § 23 fastsetje lokal frist som går ut over 1. september. Dei to kommunane har hatt desse vedtaka/forskriftene:

Hornindal (forskrift frå 2007):

Fastsett av Hornindal kommunestyre 21. juni 2007 med heimel i [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer m.v. av organisk opphav § 23 fjerde ledd.

Forskrift om frist for spreiring av husdyrgjødsel i Hornindal kommune, Sogn og Fjordane

§ 1.Forskrifta gjeld siste frist for spreiring av husdyrgjødsel på grasmark utan nedmolding om hausten, og gjeld heile Hornindal kommune.

§ 2.I medhald av [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreiring av husdyrgjødsel utan nedmolding i Hornindal kommune sett til 15. september.

§ 3.Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Volda (vedtak 20.06.2006). Kan ikkje sjå at vedtaket vart godkjent og meldt inn som forskrift:

§ 1.Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å fastsetje ein eigen frist for spreiring tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen innafor vilkåra av forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23.

§ 2.Virkeområde

Forskrifta gjeld heile kommunen.

§ 3.Spreietidspunkt

Spreiring utan nedmolding/nedfelling på eng og anna grøde bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det gjev næring til gjenvekst som kan haustast, og seinast innan 1. oktober.

§ 4.Iverksettjing

Forskrifta vert iverksett straks

Kommunane hadde dermed ulik frist; Hornindal 15. september og Volda 1. oktober.

Gjennom kommunal forskrift kan ein setje generell frist, og gjennom enkeltvedtak kan ein gi søkjarar individuell behandling. Formuleringa "gjødselvarer av organisk opphav" vil konkret bety husdyrgjødsel og silopressaft.

Fristar elles i Møre og Romsdal som ein finn på lovdata.no:

Kommune:	Lokal frist:
Averøy	1.oktober
Fjord	20.september
Giske	15.september
Gjemnes	1.oktober
Herøy	1.oktober
Hustadvika	15.september
Molde	20.september
Smøla	20.september
Stranda	20.september (fast småfegjødsel 1. okt)
Sula	20.september
Sunndal	30.september (4 områder har 10.sept) 1110.september)
Surnadal	20.september
Tingvoll	1.oktober
Ørsta	15.september
Ålesund	20.september

Ein finn ikkje at resten av kommunane har kunngjort lokal forskrift på lovdata.no

Innan alle fag og næringar er det er stort fokus på klima og miljø, og det er ei forventning om at landbruket også gjer sitt få ned utslepp, og drive bærekraftig. Innan jordbruket har ein fleire viktige verkemiddel for for å få eit godt miljø utan ureining, men det er brei semje om at nettopp tidspunkt og metode for spreiding av husdyrgjødsel er av dei viktigste faktorane vi har i Møre og Romsdal. Jordbruket er i stor grad husdyrbasert og dermed er bruken av den næringsrike husdyrgjødsla

ein vesentleg faktor.

Det optimale er å spreie gjødsla når plantane står framfor og er i størst vekst. Om hausten går behovet for næring ned og plantane/enga tek i mykje mindre grad opp næring.

Det er viktig at næringa får trekkje ned i jordsmonnet. Haustane på vestlandet ofte nedbørsrike, med vassmetta jordsmonn som ikkje er i stand til å ta imot næring. Faren for overflateavrenning med utvasking til vassdrag er stor.

Differensiering av fristen kan vere eit tema. Det er vassdraga som er mest sårbare reseipientar, medan fjordane er mindre sårbare. Kan det vere aktuelt å gi lengre frist for spreining på areal med direkte avrenning til sjø? Dei fleste som er aktive produsentar har mykje leigejord og dertil mange eigedomar og teigar som dei driv. Dermed kan eit føretak drive jordbruksareal som både har avrenning til vassdrag og til sjø. Vil det vere praktisk og ønskeleg å ha ulik fristar?

I framlegget til ny forskrift føreslår vi lik frist for heile kommunen. Situasjonen er heldigvis slik at bruken av og behovet for haustspreiing har gått kraftig ned siste åra. Gjødseffagera er utvida, ein har fått tak over mange opne kummar, lager vert leigd hjå andre som kanskje ikkje driv sjølv, ein har endra gjødslingspraksis, mv. Summen av desse tiltaka har bidrege til at behovet for å køyre ut gjødseff etter 2. slåttan har gått merkbar ned.

Det at ein får tilskot gjennom regionalt miljøprogram (RMP) dersom ein spreier all gjødsla før 10. august har og vore ei effektiv stimulering til å finne løysingar.

Med bakgrunn i dei gamle forskriftene og drøftinga ovanfor har vi laga framlegget nedafor som vart sendt ut på høyring:

Forskrift om frist for spreining av husdyrgjødsel i Volda kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Føremål

Forskrifta gjeld siste frist for spreining av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding om hausten, og omfattar heile Volda kommune.

§ 2. Spreietidspunkt

I medhald av [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødseffarar av organisk opphav m.v. § 23, vert siste dato for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding i Volda kommune sett til 15. september.

§ 3. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Høyringa gjekk ut til bondelaga, bonde- og småbrukarlag og miljøvernrådsgjevaren i Volda kommune. Høyringsfristen vart sett til 17. august.

Det har no 20. august berre kome inn fråsegn frå miljørådsgjevaren i Volda kommune. Miljøvernrådsgjevaren hadde i si fråsegn dagsett 10.07.2020 ingen merknader til framlegget til ny forskrift.

Det kom ikkje inn fråsegner frå faglaga.

Vurdering og konklusjon:

Det kom ikkje inn fråsegner som gjev grunnlag for å endre framlegg til ny forskrift.

Forskrifta vert lagt fram for politisk handsaming i Tenesteutval forvaltning og utvikling og deretter for formannskap eller kommunestyret som er mynde for å vedta lokale forskrifter.

Etter vedtak vert forskrifta å kunngjere på lovdata.no.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen merknad

Konsekvensar for folkehelsa: Betre miljø

Miljøkonsekvensar: Mindre næring på avvege

Økonomiske konsekvensar: Betre utnytting gjev mindre innkjøpt gjødsel

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen merknad

Konsekvensar for barn og unge: Positiv tiltak for betre miljø og framtid

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
140/20	Formannskapet	25.08.2020
93/20	Kommunestyret	24.09.2020

Avhending av gamle skulebygg

Samandrag:

Kommunen har, totalt sett, ei stor bygningsmasse som ein har ansvar for å drifte og vedlikehalde, samstundes som det er avgrensa med midlar og ressursar til dette arbeidet. Administrasjonen ynskjer å prioritere midlar og ressursar på ei god drift og eit godt vedlikehald på dei bygga som er i kommunal bruk.

Kommunestyret har i fleire omgangar gjort vedtak om at kommunen skal avhende bygg kommunen ikkje har trong om, og det har vore opp fleire saker tidlegare som gjeld gamle skulebygg som er rundt om i kommunen. Likevel er fleire av skulane framleis i kommunal eige, og kommunen har ansvar for bygga og har ulike utgifter med dei. For at kommunen skal ha ei strategisk eigedomsforvaltning er det ynskje om å redusere total bygningsmasse kommunen har ansvar for slik at ein kan prioritere midlar og ressursar på dei bygga som er i drift. Administrasjonen har difor sett på tidlegare prosessar og gjort vidare vurdering av dei skulebygga som ikkje er i bruk av kommunen, men som framleis er i kommunal eige, med bakgrunn i å sjå om ein kan avhende bygga. Primært vert det planlagt med ei avhending til dei grendalaga som ynskjer det, sekundært på den opne marknaden eller liknande.

Bygga som er vurdert i denne saka er:

- Yksnøya skule
- Folkestad gamle skule
- Kalvatn skule
- Høydal skule
- Hjartå skule
- Lid skule

Formannskapet 25.08.2020:

Behandling:

Nytt punkt 3, foreslått av Sverre Leivdal, Arbeidarpartiet

Kalvatn skule, administrasjonen får mynde til å starte prosessen med å avhende bygga. I første omgang får grendalaget tilbod om å ta over bygget vederlagsfritt. Dersom grendalaget ikkje ynskjer/kan overta bygga, får administrasjonen mynde til å avhende bygget på den opne marknaden.

Høydal skule, Hjartå skule og Lid skule, formannskapet ber kommunedirektør og ordførar gå i dialog med grendalaga om framtida til desse bygga.

Sverre Leivdal (AP) kom med alternativt punkt 3:

Kalvatn skule, administrasjonen får mynde til å starte prosessen med å avhende bygga. I første omgang får grendalaget tilbod om å ta over bygget vederlagsfritt. Dersom grendalaget ikkje ynskjer/kan overta bygga, får administrasjonen mynde til å avhende bygget på den opne marknaden.

Høydal skule, Hjartå skule og Lid skule, formannskapet ber kommunedirektør og ordførar gå i dialog med grendalaga om framtida til desse bygga.

Røysting (9 røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå kommunedirektøren vedk. Yksnøya skule, vart samrøystes vedteken.

Punkt 2 i tilrådinga frå kommunedirektøren vedk. Folkestad skule, vart samrøystes vedteken.

Punkt 3 Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå kommunedirektøren og framlegget frå Sverre Leivdal. Framlegget frå Sverre Leivdal vart samrøystes vedteke.

FSK- 140/20 Vedtak:

1. Yksnøya skule – Administrasjonen får mynde til å gå i vidare dialog med eigar av tomta med gbr 1/2 om å overdra bygget frå kommunen til grunneigar. Tomteeigar dekker tinglysningskostnader

2. Folkestad gamle skule – Administrasjonen sørgjer for riving av bygget. Kostnader med riving finansierast gjennom budsjettprosessen 2021.

3. Kalvatn skule, administrasjonen får mynde til å starte prosessen med å avhende bygga. I første omgang får grendalaget tilbod om å ta over bygget vederlagsfritt. Dersom grendalaget ikkje ynskjer/kan overta bygga, får administrasjonen mynde til å avhende bygget på den opne marknaden.

Høydal skule, Hjartå skule og Lid skule, formannskapet ber kommunedirektør og ordførar gå i dialog med grendalaga om framtida til desse bygga.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår følgjande handling for dei ulike bygga:

- Yksnøya skule – Administrasjonen får mynde til å gå i vidare dialog med eigar av tomta med gbr 1/2 om å overdra bygget frå kommunen til grunneigar. Tomteeigar dekker tinglysningskostnader

- Folkestad gamle skule – Administrasjonen sørgjer for riving av bygget. Kostnader med riving finansierast gjennom budsjettprosessen 2021.
- Kalvatn skule, Høydal skule, Hjartå skule og Lid skule – Administrasjonen får mynde til å starte prosessen med å avhende bygga. I første omgang får grendalaga tilbod om å ta over bygga vederlagsfritt. Dersom grendalaga ikkje ynskjer/kan overta bygga, får administrasjonen mynde til å avhende bygga på den opne marknaden.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 25.08.2020 - 140/20

1. Yksnøya skule – Administrasjonen får mynde til å gå i vidare dialog med eigar av tomte med gbr 1/2 om å overdra bygget frå kommunen til grunneigar. Tomteeigar dekker tinglysningskostnader
2. Folkestad gamle skule – Administrasjonen sørgjer for riving av bygget. Kostnader med riving finansierast gjennom budsjettprosessen 2021.
3. Kalvatn skule, administrasjonen får mynde til å starte prosessen med å avhende bygga. I første omgang får grendalaget tilbod om å ta over bygget vederlagsfritt. Dersom grendalaget ikkje ynskjer/kan overta bygga, får administrasjonen mynde til å avhende bygget på den opne marknaden.

Høydal skule, Hjartå skule og Lid skule, formannskapet ber kommunedirektør og ordførar gå i dialog med grendalaga om framtida til desse bygga.

Vedlegg:

Møtereferat dialogmøte mellom Volda kommune og Høydal velferdslag 28.mai
Møtereferat med Kalvatn grendautval
Møtereferat møte med Grendahuset Heimhug
Møtereferat møte med Lid grendahus
Svar til Volda kommune vedrørende grendahuset Heimhug
Brev frå advokat - Grendahuset Heimhug
E-post

Saksopplysningar:

Kommunestyret har i fleire omgangar gjort vedtak om at kommunen skal avhende bygg kommunen ikkje har trong om, og det har vore oppe fleire saker tidlegare som gjeld gamle skulebygg som er rundt om i kommunen. Administrasjonen har no sett på tidlegare prosessar og gjort vidare vurdering av dei skulebygga som i dag ikkje er i bruk av kommunen, men som framleis er i kommunal eige. Kommunen har i dag diverse utgifter med å halde bygga vedlike, bidra med driftsutgifter til bruk for grendalaga og halde forsikring på bygga.

Kommunen har ei stor bygningsmasse som ein har ansvar for å drifte og vedlikehalde, samstundes som det er avgrensa med midlar og ressursar til dette arbeidet. Dette har ført til at det er etterslep av vedlikehald både på dei bygga som er i kommunal bruk og dei som ikkje er det. Mange av bygga ber preg av dårleg vedlikehald og har falle i verdi dei siste åra. På grunn av ein stram økonomi i kommunen, ynskjer administrasjonen å frigjere både midlar og ressursar for å sikre eit betre vedlikehald på dei bygga som er i kommunal bruk. For dei bygga som ikkje er i kommunal bruk, vil manglande vedlikehald over tid gjere det vanskelegar å selje/avhende bygga, og det vil krevje meir midlar for å få bygga opp på eit akseptabelt nivå. Det er administrasjonen si vurdering at ein no må ta eit val på om ein ynskjer å halde på bygga eller avhende dei.

Dei aktuelle bygga er:

- Høydal skule
- Yksnøya skule
- Bjørkedal skule
- Kalvatn skule
- Hjartåbygda skule
- Folkestad gamle skule
- Lid skule

Det har tidlegare vore utarbeida ei politisk sak ang. Bjørkedal skule (PS 75/18) med vedtak og denne skulen er difor ikkje inkludert i denne saka.

Det har berre vore funne formelle avtalar med grendalaga for bruk av Lid skule/grendahus og Hjartå skule/grendahus. For dei øvrige bygga er det ikkje funne avtalar, men det er i politisk sak SK 0092/97 nemnt at også Høydal og Kalvatn fekk tilbod om ein avtale om bruk når skulekrinsane vart nedlagde. I dei to tilfella der det er funne avtale om bruk av bygget, ligg det inne eit punkt i kontrakten som seier at kontrakten ikkje kan seiast opp utan at det er semje mellom partane og at det vert godkjent av Kyrkje og Undervisningsdepartementet.

I arbeidet med å kartlegge bruk, avtalar, spelemidlar og utgifter på bygga har det kome fram at det er store variasjonar mellom bygga, og det har vore behov for å nytte juridisk bistand til å vurdere eigarforhold, tolke avtalar mm. Det har også vore

korrespondanse med tomteeigarar og grendalaga som nyttar bygga for å hente inn tilbakemelding på korleis dei stiller seg med tanke på vidare drift og bruk av bygga. Referat etter møter med grendalaga ligg vedlagt saka. På grunn av variasjonane i eigarforhold, bruk og avtalar, er nærare informasjon og vurdering på dei ulike bygga oppsummert per bygg vidare i saka.

Nokre av dei gamle skulebygga har i seinare tid fått spelemiddeltilskot til anlegg på området, og det er difor sendt spørsmål til fylkeskommunen om ev. konsekvensar av desse tilskota. Etter vurdering frå fylkeskommunen er det berre eitt av anlegga som det framleis er knytta forpliktelser til i samband med spelemiddel, og det er fotballbana på Hjartå skule.

Status ulike bygg

Høydal skule

Høydal skule er eit bygg som står på kommunal tomt og som blir brukt av velferdslaget i bygda. Bygget er i bruk både til arrangement som velferdslaget har, samt til diverse møter og til utleige til mellom anna bryllaup og bursdagar. Det har ikkje vore skuledrift i bygget sidan 1997 og bygget vert halde vedlike av velferdslaget. Kommunen står for forsikringa av bygget, samt delar av straumutgiftene.

Etter gjennomført dialogmøte, samt skriftleg korrespondanse med velferdslaget, har kommunen fått tilbakemelding om at velferdslaget ynskjer å halde på den ordninga som er på bygget i dag. Velferdslaget vurderer at dei har lita moglegheit til å ta over bygget. Velferdslaget har også gitt ei tilbakemelding om at dei ikkje ynskjer å gå i dialog med kommunen om alternative forslag for eige/drift av bygget før det ev. blir vedtatt at dagens ordning ikkje skal vidareførast.

Yksnøya skule

Yksnøya skule er eit bygg som ikkje er i bruk korkje kommunalt eller av grendalag, og bygget har difor stort sett stått ubrukt dei siste åra. Bygget står på privateigd eigedom, noko som vil seie at kommunen vil ha vanskar med å kunne avhende bygget på den opne marknaden. Bygget er også SEFRAK-registrert, noko som gjer at det har eit visst vern, og fylkeskommunen har også ytra at dei ynskjer å verne bygget meir formelt enn det er per i dag. Administrasjonen har vore i dialog med grunneigaren med spørsmål om ho kunne tenkje seg å ta over bygget, noko ho i møter og øvrig korrespondanse har vore positiv til. Grunneigar har også ytra eit ynskje om å ta vare på bygget og halde uttrykket vedlike.

Kalvatn skule

Tomta Kalvatn skule står på har i lengre tid vore umatrikulert, noko som har skapt uvisse om eigarforhold. Etter ein gjennomgang av dokumentasjonen på bygget/tomta vart det gjennomført ein rekvisisjon av matrikulering av tomta, og kommunen sitt krav om tinglysing med Volda kommune som eigar av tomta, er no under behandling hjå kartverket.

Det er ikkje funne nokon skriftleg avtale mellom grendautvalet og kommunen vedrørande bruken av bygget. I kommunestyret sitt vedtak av 19. juni 1997 framgår det likevel at grendautvalet har bruksrett til bygget mot å overta driftsansvar for anlegget, tilsynet og administrasjonen av bygget, samt påta seg praktisk og økonomisk ansvar for at skulen haldast i forsvarleg stand. Det rettslege

grunnlaget for forholdet mellom partane er difor etter ei juridisk vurdering, at grendalaget formelt er leigetakar i bygget.

Bygget er i dag ikkje i kommunal bruk, men grendautvalet brukar huset til diverse feiringar og andre aktivitetar for bebruarane i bygda. Kommunen bidreg med å betale delar av straumen på bygget, samt å halde forsikring på bygget. Grendautvalet står for vedlikehaldet, og har gjort ein del vedlikehald på bygget i seinare tid.

I møte mellom grendautvalet og kommunen, er grendautvalet klare på at dei i utgangspunktet ynskjer å halde på den ordninga som er for bygget i dag. Samstundes vurderer dei det slik at dei kan ta på seg alt vedlikehald og drift av bygget dersom kommunen framleis står som eigar. Dei vurderer det som lite ynskjeleg at grendautvalet tek over eigarskapet, då dei har få personar å støtte seg på for å kunne opprette ein stiftelse for å ha eigaransvar.

Kalvatn skule er SEFRAK-registrert, men er ikkje registrert i kommunen sin lokale kulturminneplan. Administrasjonen har vore i kontakt med fylkeskommunen med spørsmål om korleis dei vurderer bygget, og har fått tilbakemelding om at skulen ikkje er med i regional delplan for kulturminne, og at dei ikkje kjem til å klage på vedtak imot bevaring frå Volda kommunen i byggesaker og reguleringssaker som vedkjem skulen. Administrasjonen har difor ingen grunn til å tru at SEFRAK-registreringa legg avgrensingar på moglegheitene for å gjere tiltak på bygget.

Hjartå skule

Hjartå skule ligg på kommunal tomt og har ikkje vore i bruk som skule sidan 2001. Grendalaget er formelt leigetakar i bygget og det føreligg ein signert avtale mellom partane, datert 14. desember 1982.

Hjartå skule er ikkje i kommunal bruk, men vert brukt av grendalaget til diverse arrangement og som møteplass. Kommunen har kostnader med straum på bygget, vedlikehald, forsikring og avgifter på eigedomen, medan grendalaget bidreg med ein del av kostnadane/arbeidet med vedlikehald på bygget.

Etter gjennomført dialogmøte med grendalaget er tilbakemeldinga frå grendalaget at dei ikkje har kapasitet eller pengar til å ta over bygget. Grendalaget vart i dialogmøtet oppfordra til å skissere ei alternativ løysing som kan vere mogleg å bere for velferdslaget, men tilbakemeldinga har vore at dei ikkje ynskjer andre løysingar enn å oppretthalde dagens.

Folkestad gamle skule

Folkestad gamle skule er i dag ikkje i bruk av korkje kommunen eller grendalaget og grendalaget har tidlegare tømt huset for sine eigendelar. Bygget står på ei tomt som ikkje er eigd av kommunen og eigar av tomta har gitt melding om at han ikkje er interessert i bygget og han krevjar det fjerna så raskt som råd.

Lid skule

Lid skule står på kommunal tomt og bygget har ikkje hatt skuledrift sidan 2010. Bygget blir i dag brukt av grenda til diverse aktivitetar og samlingar for bygda. Det føreligg ein udatert og usignert avtale mellom partane på bruken av bygget. Det antas at denne er frå 1980, eller der omkring. Kommunen står i dag for kostnader med straum, forsikring, vedlikehald og avgifter på eigedomen, medan

grendahuset bidreg med ein del av kostnadane/arbeidet med vedlikehald på bygget. Dei seinare åra har kommunen fått inn nokre inntekter på utleige av bygget, men desse inntektene er usikre og tidsavgrensa då det er skogsarbeidarar på plassen som har vore leigetakar.

Det har vore gjennomført dialogmøte med grendahuset der dei har kome med sine synspunkt. Som utgangspunkt er grendahuset ueining i den juridiske vurderinga som er lagt fram med tanke på kommunen si moglegheit til å seie opp kontrakta. Vidare er grendahuset tydeleg på at dei ynskjer at dagens avtale vidareførast og at dei vurderer at tilstanden på bygget pt. er for dårleg til at dei kan ta over bygget. Grendahuset kan ikkje sjå at dei har tid eller kapasitet til å drifte bygget på dugnad, og at dei ikkje vil kunne bere kostnadane med drifta og vedlikehaldet.

Vurdering og konklusjon:

Folkestad gamle skule

Ut i frå at korkje kommunen eller grendahuset har noko nytte av bygget, samt at det står på privat grunn der eigar ynskjer å få bygget revet, er det administrasjonen si tilråding at det settast av midlar til å rive bygget. Som ei grov estimering er rivekostnadane estimert til ca. kr. 500 000 eks mva. Rivekostnadane må finansierast gjennom budsjettprosessen.

Yksnøya skule

Administrasjonen ser ingen fordelar med å oppretthalde eigarskap i huset då dette ikkje er i bruk i dag. Kommunen har ingen kostnadar med bygget i dag (ev. forsikring), men dersom ein ikkje avhender bygget må ein ta stilling til vernet og ev. løyve midlar til å sikre at bygget ikkje forfell. På grunn av tomtesituasjonen og vernet av bygget, vil ei avhending på det opne markedet vere vanskeleg, og administrasjonen ser difor avhending til tomteeigar som det mest hensiktsmessige alternativet. Administrasjonen tilrår difor at tomteeigar får tilbod om å ta over huset vederlagsfritt, mot at eigar dekkjer tingslysningsskostnadane.

Høydal skule, Kalvatn skule, Lid skule og Hjartå skule

Kommunen har i dag ulike kostnadar med dei ulike bygga, og det er variasjon i tilstanden til bygga. Likevel har ein ut i frå likebehandlingsprinsippet og omsynet til ei strategisk eigedomsforvaltning og utvikling i kommunen, valt å vurdere desse bygga samla. Etter samtale med dei ulike grendalaga, ser administrasjonen tre alternativ for bygga. Det eine alternativet er å halde på dagens løysing, det andre er avhending av bygga til grendalaga og det tredje er avhending av bygga på den opne marknaden. Konsekvensane av dei ulike alternativa er skissert under.

Halde på dagens avtalar

Det er variasjon i vedlikehaldskostnadar på dei ulike bygga over dei siste åra, men generelt sett har kostnadane vore relativt låge då det for fleire av bygga berre vore prioritert tiltak som har vore heilt naudsynte. Dette har ført til at tilstanden på fleire av bygga har blitt dårlegare, og verdien på bygga har gått ned. Dersom ein skal halde fram med dagens avtalar er det administrasjonen si tilråding at det vert

gjennomført tilstandsanalyser på alle bygga der det vert sett opp prioriterte tiltak. Deretter må det løyvast midlar og ressursar til å gjennomføre tiltaka og dette vil krevje eit auka budsjett for vedlikehald. Kommunen vil også då framleis sitte med risikoen og ansvaret for bygget samstundes som ein vil vere ansvarleg for framtidige løpande kostnader på bygget. Ei slik løysing vil føre til at kommunen har kostnader med eit bygg som ein ikkje har eiga interesse i eller bruk for, og kommunen vil yte ei teneste som ikkje er pålagt kommunen til ei lita gruppe av kommunen si befolkning.

Avhende bygga

Ved ei avhending av bygga må ein bli samde med grendalaga om tolkinga av oppseiingsklausulen i avtalane som gjeld Lid og Hjartå skule. Dette vil mest truleg krevje juridisk bistand. Avhending av bygga vil frigjer midlar og ressursar og fjerne risikoen kommunen har med bygga i dag. Ved ei eventuell avhending til grendalaga vil grendene framleis kunne nytte bygga som dei gjer i dag, men det vil krevje ein større innsats og meir midlar frå grendalaga.

Dersom ein skal avhende bygga på den opne marknaden, må ein avklare om grendalaga ev. har rett på kompensasjon for investeringar/arbeid dei har gjort på bygga i seinare tid. Det vil vere ei avskrivning av desse verdiane over tida, og ein må difor gjere ei individuell vurdering av dette på dei enkele bygga med bakgrunn i kva arbeid som er gjort og kor lenge sidan det er arbeidet vart utført. Ved ei ev. avhending av bygga på den opne marknaden kan ein også vurdere om ein skal skilje ut skuleplassane slik at desse er tilgjengeleg for bygda også etter eit ev. sal av bygget.

Konsekvensane for grendalaga og dei øvrige bebuarane i bygdene vil vere at dei mistar eit samlingshus i bygda, noko som vil vere eit tap for bygda og innbyggjarane her. Med tanke på tilstaden på bygga, utforming og plasseringa, er det lite truleg at ei avhending på den opne marknaden vil gi ei betydeleg inntekt for kommunen.

Ved ei ev. avhending av Hjartå skule vil det, etter vurdering frå fylkeskommunen, kunne bli satt krav om at kommunen tilbakebetalar delar av spelemiddeltilskotet som vart gitt til etablering av fotballbana i 1997. Dette er fordi det ved utbetaling av spelemidlar stillast krav om å halde anlegget opent for allmenn idrettslig verksemd i 30 år frå ferdigstilling av anlegget. Dersom kommunen ynskjer å avhende på den opne marknaden må det sendast søknad til Kulturdepartementet for godkjenning, og ein må truleg tilbakebetale rundt kr. 16 500,- av spelemidlane ved avhending i 2020. Eit tiltak for å sikre framtidig bruk av bana, kan vere å skilje ut skuleplassen ved eit ev. sal på den private marknaden. På denne måten kan skuleplassen framleis vere eit aktivitetsområde for bygda. Problemstillinga med ei ev. tilbakebetaling vil ikkje bli gjeldande ved avhending til grendalaget dersom dei stiller bana opent for allmenn idrettslig verksemd etter overtaking.

Det er ei viss usikkerheit knytta til kommunen si moglegheit til å kunne seie opp avtalane med grendalaga ut i frå oppsigelsesklausulen som er definert i avtalen med grendahuslaga på Lid og i Hjartåbygda. Administrasjonen har henta inn ei juridisk vurdering av avtalane, samt tatt kontakt med departementet for å hente samtykke for oppseiing. I den juridiske vurderinga kommunen har fått, er det vurdert at opphøyr av skuledrift i bygga representerer ei vesentleg endring i kommunen sine premisser for den opphævelege avtalen, og at avtalen no er

uforholdsmessig kostnadstyngande for kommunen. På denne bakgrunn er det vurdert at avtalen sin oppsigelsesklausul kan settast til side i medhald av avtalelova § 36. Både Lid Grendahus P/L og Grendahuset Heimhug P/L har gitt tilbakemelding om at dei ikkje er samde i kommunen si vurdering, og at dei meiner at kommunen ikkje har moglegheit til å kunne seie opp avtalane utan samtykke frå leigetakar. Kommunen har pt. Ikkje fått tilbakemelding frå departementet på henvendelsen om samtykke.

Gjennom dialogar med grendalaga som brukar dei aktuelle bygga, har det kome tydeleg fram at bygga er viktige for bebuarane i grendene, og at desse bygga ofte er einaste samlingshus. Dersom bygga blir avhenda og blir utilgjengelege for bebuarane, vil dette kunne føre til mindre trivsel og bulyst i bygdene. Det kan også føre til at bebuarane pendlar meir inn til sentrum enn tidlegare. Ut i frå kommunen sin økonomiske situasjon og tilstanden på bygga ser likevel ikkje administrasjonen det som ei moglegheit å tilrå at ein går vidare med same ordning som ein har i dag. Dette grunngjevast med at fleire av bygga i dag fell i verdi og at det vil vere behov for større oppgraderingar på bygga i snarleg framtid dersom desse framleis skal vere brukbare. I KOSTRA-analysen som er gjennomført for Volda kommune, peikar KS Konsulent på at Volda kommune må gjere ei vurdering av kva kommunen skal drive med av oppgåver framover. Det å halde oppe drifta av nedlagde skular fell utanfor kommunen sine primær oppgåver, og med å gå vidare med dagens løysing vil kommunen ha kostnadar med drift og vedlikehald på bygg som ikkje kjem formålsbygga innanfor skule, barnehage og helse/omsorg til gode. Med bakgrunn i at kommunen må spare pengar på drifta, vil administrasjonen tilrå at ein ikkje går vidare med ei slik løysing.

Administrasjonen vurderer avhending av bygga til grendalaga som den mest gunstige løysinga med tanke på at det legg til rette for at grendene framleis kan nytte bygga, men dette er ei løysing dei fleste grendalaga ser på som krevjande og lite ynskjeleg med tanke på økonomi og kapasitet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje aktuelt

Konsekvensar for folkehelsa: ikkje aktuelt

Miljøkonsekvensar: Er kommentert under vurderinga

Økonomiske konsekvensar: Er kommentert under vurderinga

Beredskapsmessige konsekvensar: ikkje aktuelt

Konsekvensar for barn og unge: Dersom ein avhender bygga på den opne marknaden vil dei aktuelle bygdene miste eit samlingshus som vert brukt til arrangement for born og unge. Dersom grendalaga overtek bygga vil det ikkje gi konsekvensar.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
39/20	Tenesteutval for oppvekst og kultur	02.09.2020
165/20	Formannskapet	15.09.2020
94/20	Kommunestyret	24.09.2020

Kommunal overtaking av Bratteberg barnehage

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Vedtak TOK, foreslått av Sonja Håvik,

1. Volda kommune inngår avtale om kjøp av Bratteberg barnehage jfr tilbud dagsett 25.06.2020 innanfor ei kostnadsramme på kr 37 000 000. Overtakinga vert gjort gjeldande 01.01.2021.
2. Det vert sett av inntil kr 1 100 000 til tilpassing av barnehagen til kommunale system.
3. Det er allereie sett av kr 20 000 000,- i investeringsbudsjettet. Resterande kr 18 100 000,- vert finansiert gjennom låneopptak. Kapitalkostnader vert å innarbeide i budsjettet for 2021.
4. Gjennom ei verksemdsoverdraging tek Volda kommune over arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Bratteberg barnehage. Overdraginga vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.
5. Drifta av Sollia barnehage vert avvikla frå 01.01.2021. Barnehageplassane vert overført til Bratteberg barnehage.
6. Drifta av Sollia barnehage held fram til 31.07.2021. Frå 01.08.2021 vert barnehageplassane overført til Bratteberg barnehage og dei tilsette får ny tenestestad der.

165/20, foreslått av Dan Helge Bjørneset, Høgre

1. Kommunedirektøren kjem med ei vurdering av drifta av Engeset og Oppigarden barnehagar innan 01.08.2021.

2.

Drifta av Sollia barnehage vert vurdert avvikla frå 31.07.2021.

165/20, foreslått av Dan Helge Bjørneset, Høgre

3

Kommunen kjøper ikkje Bratteberg barnehage på noverande tidspunkt.

Kommunalsjef for oppvekst og kultur orienterte.

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

1. Kommunedirektøren kjem med ei vurdering av drifta av Engeset og Oppigarden barnehagar innan 01.08.2021.

2. Drifta av Sollia barnehage vert vurdert avvikla frå 31.07.2021.

3. Kommunen kjøper ikkje Bratteberg barnehage på noverande tidspunkt.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom innstillinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur og framlegget frå Dan Helge Bjørneset. Innstillinga frå tenesteutvalet fekk 6 røyster og vart vedteken, 3 røysta mot (Dan Helge Bjørneset, Jan Heltne og Odd A. Folkestad).

FSK- 165/20 Vedtak:

1. Volda kommune inngår avtale om kjøp av Bratteberg barnehage jfr tilbod dagsett 25.06.2020 innanfor ei kostnadsramme på kr 37 000 000. Overtakinga vert gjort gjeldande 01.01.2021.
2. Det vert sett av inntil kr 1 100 000 til tilpassing av barnehagen til kommunale system.
3. Det er allereie sett av kr 20 000 000,- i investeringsbudsjettet. Resterande kr 18 100 000,- vert finansiert gjennom låneopptak. Kapitalkostnader vert å innarbeide i budsjettet for 2021.
4. Gjennom ei verksemdsoverdraging tek Volda kommune over arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Bratteberg barnehage. Overdraginga vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.
5. Drifta av Sollia barnehage vert avvikla frå 01.01.2021. Barnehageplassane vert overført til Bratteberg barnehage.

6. Drifta av Sollia barnehage held fram til 31.07.2021. Frå 01.08.2021 vert barnehageplassane overført til Bratteberg barnehage og dei tilsette får ny tenestestad der.

Tenesteutval for oppvekst og kultur 02.09.2020:

Behandling:

Strykingsframlegg, foreslått av Rebecca Riise Bjerknes, Senterpartiet

Stryk punkt 7 i framlegg til vedtak

Framlegg frå Bjerknes: Stryk punkt 7 i framlegg til vedtak. Framlegget vart seinare trekt.

Punktvis røysting:

1. Seks (6) røysta for. Tre (3) røysta mot (Straume, KRF. Grevstad H. Halkjelsvik, KRF)
2. Seks (6) røysta for. Tre (3) røysta mot (Straume, KRF. Grevstad H. Halkjelsvik, KRF)
3. Seks (6) røysta for. Tre (3) røysta mot (Straume, KRF. Grevstad H. Halkjelsvik, KRF)
4. Seks (6) røysta for. Tre (3) røysta mot (Straume, KRF. Grevstad H. Halkjelsvik, KRF)
5. Samrøystes vedteke
6. Sju (7) røysta for. To (2) røysta mot (Straume, KRF. Grevstad H. Halkjelsvik, KRF)
7. Tre (3) røysta for og pkt 7 fall. Seks (6) røysta mot (Bjerknes, SP. Hasle, SV. Trovåg, AP. Halkjelsvik, FRP. Sande, MDG. Nedreliid, SP.

TOK- 39/20 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

1. ***Volda kommune inngår avtale om kjøp av Bratteberg barnehage jfr tilbod dagsett 25.06.2020 innanfor ei kostnadsramme på kr 37 000 000. Overtakinga vert gjort gjeldande 01.01.2021.***
2. ***Det vert sett av inntil kr 1 100 000 til tilpassing av barnehagen til kommunale system.***
3. ***Det er allereie sett av kr 20 000 000,- i investeringsbudsjettet. Resterande kr 18 100 000,- vert finansiert gjennom låneopptak. Kapitalkostnader vert å innarbeide i budsjettet for 2021.***

4. ***Gjennom ei verksemdsoverdraging tek Volda kommune over arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Bratteberg barnehage. Overdraginga vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.***
5. ***Drifta av Sollia barnehage vert avvikla frå 01.01.2021. Barnehageplassane vert overført til Bratteberg barnehage.***
6. ***Drifta av Sollia barnehage held fram til 31.07.2021. Frå 01.08.2021 vert barnehageplassane overført til Bratteberg barnehage og dei tilsette får ny tenestestad der.***

Samandrag:

Etter ein tilstandsrapport av dei tre kommunale barnehagebygga i sentrum, gjorde Kommunestyret i PS 108/17 vedtak om at ein ser behovet for å greie ut ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum. Det er særleg Sollia barnehage sin bygningsmessige tilstand som er dårleg, og det er tilrådd å vurdere sanering av bygningsmassen.

Saka vart greia ut og sendt på høyring i oktober 2018.

Før saka vart gjort klar for politisk handsaming, kom det fram at eigar av Bratteberg barnehage er positive til kommunal overtaking av drifta og bygningsmassen.

Nordplan utførte ei verdivurdering av Bratteberg barnehage før det vart fremja sak med tilråding om å gå i forhandlingar med Læringsverkstedet om kommunal overtaking av drifta og bygget til Bratteberg barnehage.

I møte 12.12.2019 fatta kommunestyret følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret ber kommunedirektøren undersøke om det er økonomisk og barnehagefagleg grunn til å kjøpe Bratteberg barnehage, eller om det er meir gunstig å utbetre eller byggje nytt ved Sollia/Oppigarden barnehagar*
2. *Saka skal leggjast fram for kommunestyret til endeleg avgjerd*

I tilbod, dagsett 05.02.20, la Læringsverkstedet fram eit tilbod på kr 45 000 000,-

Etter forhandlingar mellom administrasjonen og Læringsverkstedet har det kome eit nytt tilbod på kr 37 000 000,- for overtaking av Bratteberg barnehage.

Barnehageområdet må til liks med andre tenesteområde gjere vurderingar kring tiltak som kan redusere kostnadene både på kort og lengre sikt. Viss kommunen held fast på organiseringa og strukturen slik den er i dag, vil ein ikkje gjennom større einingar oppnå økonomisk effektivisering. Ein står då i fare for å måtte gjere

nedskjeringar som får følgjer for kvaliteten i tenesta.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. *Volda kommune inngår avtale om kjøp av Bratteberg barnehage jfr tilbod dagsett 25.06.2020 innanfor ei kostnadsramme på kr 37 000 000. Overtakinga vert gjort gjeldande 01.01.2021.*
2. *Det vert sett av inntil kr 1 100 000 til tilpassing av barnehagen til kommunale system.*
3. *Det er allereie sett av kr 20 000 000,- i investeringsbudsjettet. Resterande kr 18 100 000,- vert finansiert gjennom låneopptak. Kapitalkostnader vert å innarbeide i budsjettet for 2021.*
4. *Gjennom ei verksemdsoverdraging tek Volda kommune over arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Bratteberg barnehage. Overdraginga vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.*
5. *Drifta av Sollia barnehage vert avvikla frå 01.01.2021. Barnehageplassane vert overført til Bratteberg barnehage.*
6. *Drifta av Sollia barnehage held fram til 31.07.2021. Frå 01.08.2021 vert barnehageplassane overført til Bratteberg barnehage og dei tilsette får ny tenestestad der.*
7. *Kommunedirektøren kjem attende med ei vurdering av drifta av Engeset og Oppigarden barnehagar innan 01.08.2023*

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 165/20

1. Volda kommune inngår avtale om kjøp av Bratteberg barnehage jfr tilbod dagsett 25.06.2020 innanfor ei kostnadsramme på kr 37 000 000. Overtakinga vert gjort gjeldande 01.01.2021.

2. Det vert sett av inntil kr 1 100 000 til tilpassing av barnehagen til kommunale system.
3. Det er allereie sett av kr 20 000 000,- i investeringsbudsjettet. Resterande kr 18 100 000,- vert finansiert gjennom låneopptak. Kapitalkostnader vert å innarbeide i budsjettet for 2021.
4. Gjennom ei verksemdsoverdraging tek Volda kommune over arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Bratteberg barnehage. Overdraginga vert gjort gjeldande frå 01.01.2021.
5. Drifta av Sollia barnehage vert avvikla frå 01.01.2021. Barnehageplassane vert overført til Bratteberg barnehage.
6. Drifta av Sollia barnehage held fram til 31.07.2021. Frå 01.08.2021 vert barnehageplassane overført til Bratteberg barnehage og dei tilsette får ny tenestestad der.

Vedlegg:

- 1 Høyring - kommunal overtaking av Bratteberg barnehage og nedlegging av Sollia barnehage
- 2 Teknisk vurdering av Sollia, Oppigarden og Engeset barnehagar
- 3 Høyringssvar frå Hjeldebakkane barnehage
- 4 Høyringssvar frå FAU i Sollia barnehage
- 5 Høyringssvar frå FAU og SU i Austefjord barnehage
- 6 Høyringssvar frå foreldreutvalet i Engeset barnehage
- 7 Høyringssvar frå SU i Sollia barnehage
- 8 Høyringssvar Volda kommunale foreldreutval
- 9 Høyringssvar Øyra barnehage
- 10 Sak til kommunestyret 12.12.19
- 11 Utvida verdivurdering av Bratteberg barnehage
- 12 Første tilbud om kjøp frå Læringsverkstedet
- 13 Andre tilbud om kjøp frå Læringsverkstedet
- Tilsette i Sollia barnehage står i samla tropp
- Uttale frå tilsette i Sollia barnehage
- VS Formannskapsmøtet 15 september 2020

Saksopplysningar:

Eitt av måla i kommuneplanen sin samfunnsdel er:

Vidareutvikle dei gode oppvekst-og utdanningsmogelegheitene i Volda

Strategiar for å nå desse måla er mellom anna å

- *Sikre fortsatt full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular*
- *Prioritere god kvalitet på barnehage- og skulebygg*

Ein av strategiane i planen for å ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet er

- *Å kunne tilby barnehageplass til alle barn og sunne og inkluderande oppvekst- og opplæringsmiljø*

Det samla talet på barnehageplassar, kommunal og private, sikrar full barnehagedekning i Volda kommune. Det lovpålagde ansvaret for full barnehagedekning ligg på Volda kommune. Private barnehagar står fritt til å vedta eigne vedtekter, der ein t.d kan definere ein opptakskrins til å gjelde mellom anna barn i nabokommunar, medlemmer i ei foreining, sysken, barn til tilsette eller studentar, og prioritere opptak av desse uavhengig av kvar familien bur og kva behov kommunen har.

Administrasjonen vurderer at Volda kommune bør sikre at kommunen har ein restkapasitet i sine barnehagar, som gjer at kommunen i framtida framleis har reell full barnehagedekning.

Kommunestyret har bede administrasjonen undersøke

1. om det er økonomisk og barnehagefagleg grunn til å kjøpe Bratteberg barnehage
eller
2. om det er meir gunstig å utbetre eller bygge nytt ved Sollia/Oppigarden barnehagar.

Økonomiske vurderingar

Viss Volda kommune som barnehageeigar ynskjer å oppretthalde talet på kommunale barnehageplassar, må delar av drifta få ny bygningsmasse. Sollia barnehage har nær nådd si levetid, og det blir ikkje rådd til å setje i gong rehabilitering av bygget. Sollia barnehage er den første kommunale barnehagen i Volda kommune, bygd i 1972. Den manglar i dag mykje på å vere funksjonell og stette krav til mellom anna arbeidsplassar, møterom og sanitære fasilitetar.

Ei renovering av bygget vil utløyse krav om å stette TEK17 med alle krav som fyl med. Sollia er i praksis sett saman av tre bygg, den har fleire høgdeuliskapar og er i liten grad universelt utforma. I dag er det ikkje areal til arbeidsplassar for dei tilsette, og garderobane til barna er små og lite tenlege.

Indeksregulerte kalkylar frå Xpro tilseier at kostnaden med renovering av bygget slik det står i dag vil kome på kring kr 20 mill. Ein vil då ha same areal til disposisjon og ein vil ha eit nytt «gamalt» bygg. Ein vil framleis stå utan arbeidsplassar til dei tilsette, eigna møterom, vognskur og betre garderobefasilitetar både til barn og tilsette. Eigedomsavdeling kan ikkje tilrå ei ombygging/utvikling av bygningsmassen til Sollia.

Før ein har prosjektert nytt bygg og fått pris frå entreprenør, er det vanskeleg med sikkerheit å fastslå kostnaden med å rive Sollia og bygge nytt bygg med same kapasitet og alle fasilitetar ein forventar av eit barnehagebygg i dag. Administrasjonen meiner det for eit nybygg er rimeleg å kunne legge til grunn ein pris pr kvadratmeter på kr 35 000,-

For eit slikt nytt barnehagebygg på om lag 950 m² vil kostnaden då kunne estimerast til om lag kr 33 mill.

Alternativet er å bygge eit nytt bygg som erstattar både Oppigarden og Sollia barnehagar. Det vil måtte vere eit bygg som arealmessig tilsvarar Bratteberg barnehage. Legg ein til grunn same kvadratmeterpris kan kostnaden med eit slikt bygg estimerast til i underkant av kr 60 mill.

Administrasjonen ser fleire føremuner for den kommunale barnehagedrifta ved å overta Bratteberg barnehage, som er eit etter måten nytt og formålstjenleg bygg som legg til rette for ei utvida drift.

- Ein får ein meir fleksibel bruk av personalet til dømes ved sjukefråvær, og ikkje minst når det gjeld dei spesialpedagogiske støttetiltaka som er etablert i barnehagane. Det er vanleg at nokre av desse nyttar arbeidstid til reising mellom barnehagane, tid som i ei slik framtidig organisering heller kan nyttast til

pedagogisk arbeid med barna.

- Ein forventar også reduisert sjukefråver ved å drifte i nytt bygg. Dette gjeld m.a betre inneklima, men og at barnehagen vert gjennomgåande utforma universelt, noko som legg til rette for mindre belastning og slitasje for dei tilsette. Redusert sjukefråver, og dermed redusert behov for vikarinnleige, er og positivt med tanke på det rekneskapsmessige grunnlaget for å betale ut tilskot til private barnehagar. Redusert sjukefråver vil i tillegg auke kvaliteten på tenesta.
- Ein ny barnehage vil gje grunnlag for reduisert administrasjonsressurs.
- Administrasjonen forventar at drift av eit nytt, moderne bygg vil gi reduserte driftskostnader. Dette gjeld både energikostnader og kostnader til reinhald og vedlikehald. Dette vil kome i møte målsetjingane i kommuneplanen om energioptimalisering i kommunale bygg.

Utbetaling av tilskot til private barnehagar byggjer på den kommunale drifta av eigne barnehagar. Det er delar av rekneskapen to år tilbake i tid som danner grunnlaget for tilskot til private barnehagar.

Tilskotsordninga er knytt opp til kor mykje kommunen brukar på si totale barnehagedrift. I tillegg til drifta i slitne og tungdrivne bygg i sentrum, har Volda kommune ein utfordrande og desentralisert barnehagestruktur som er kostnadskrevjande. Det er gjennom ei strukturendring kommunedirektøren ser føre seg at det er mogleg å hente effekt over tid. Dersom ein etablerer ein tenestestruktur som gir meir effektiv økonomisk drift, vil dette bety lågare kostnadsgrunnlag knytt til utbetaling av barnehagetilskot til private.

Nasjonale retningslinjer og normer gir rammer for kor mykje personell barnehagen skal ha. Ei større eining kan likevel nytte personalressursane meir fleksibelt, og ein kan organisere seg meir effektivt enn i dag.

I ei [utgreiing på oppdrag av Nord-Odal](#) kommune i 2017, har Norconsult gjort ei berekning på kva tal i småbarnsgruppene og storbarnsgruppene som gir lågast driftskostnader samstundes som bemanningsnormen er oppfylt for dei ulike barnehagestorleikane.

Norconsult har sett dette opp i ein tabell som viser ulikskapen i lønnskostnader pr barn i barnehagar med ulik barnehagestorleik og gruppestorleik.

Delingstal grupper Små/store barn	18-27 barn i barnehagen	36-54 barn i barnehagen	70-81 barn i barnehagen	90-96 barn i barnehagen	117-120 barn i barnehagen	270-273 barn i barnehagen
Delingstal 6/12	125 000	106 944	96 528	97 396	97 083	92 778
Delingstal 7/14	123 810	108 333	104 286	97 802	97899	93 040
Delingstal 9/18	112 963	100 926	95 679	98 889	96 581	94 074
Gjennomsnitt	120 591	105 401	98 831	98 029	97 188	93 297

Legg ein desse opplysningane til grunn, vil Volda kommune i eit nytt bygg med 100

barn og eit gjennomsnitt når det gjeld delingstal, redusere kostnadene pr plass med om lag kr 7 500,- Dette samanlikna med drifta i Solli barnehage som i dag har kring 50 plassar. I tillegg til reduserte driftskostnader i eiga drift, vil dette også gje seg utslag i grunnlaget for utrekning av tilskot til private barnehagar gjennom lågare tilskotssatsar.

Sidan det er rekneskapstal to år attende i tid som er grunnlaget for utrekning at tilskot til private barnehager, vil denne effektiviseringa ikkje slå inn før etter to år.

KS Konsulent har gjennomført ein økonomianalyse av kommunen i 2019, og skriv mellom anna i oppsummeringa etter gjennomgangen av tala for barnehageområdet:

Det er gjort lite forskning på hva som er en «optimal» barnehagestørrelse ut ifra et kostnadsperspektiv, men flere undersøkelser viser at større barnehager er mer kostnadseffektive enn små barnehager (Econ Poyry og Furst og Høverstad, 2008 og Telemarksforskning, 2008). Kostnader til drift av barnehager er i stor grad (ca. 80%) knyttet til personalkostnader. Lønnsnivå inklusive pensjon og bemanningstetthet vil derfor være avgjørende faktorer. I større barnehager vil en kunne regne med å bruke personalet på en annen og mer kostnadseffektiv måte. Grunnbemanningen er lovregulert etter antall barn, men en større barnehage vil ha større grad av robusthet ved fravær i personalgruppa i en barnehage som er bygningsmessig planlagt for samarbeid mellom avdelingene. Det blir større mulighet for å redusere vikarbruk.

KS Konsulent mener det er et mulig handlingsrom for å redusere ressursbruken innenfor barnehageområdet gjennom å foreta en grundig analyse av dagens og fremtidens behov for plasser, kalkulere effekter av samlokalisering, vurdere sanering av eldre mindre enheter og oppbygging av nye større, fleksible og arealeffektive enheter. Større og moderne barnehagebygg kan i større grad:

- Ivareta vekslende barnetallsutvikling og ulik alderssammensetning*
- Gi effektiv utnyttelse av bemanning*
- Gi effektiv utnyttelse av areal*
- Gi mulighet for mer fleksibel gruppeorganisering av de eldste, samtidig som trygge rammer for de minste barna gjennom mindre rom/avdelinger*

Økonomisk vurdering av overtaking av Bratteberg barnehage

I gjeldande økonomiplan ligg overtaking av Bratteberg barnehage inne som eitt tiltak for å redusere driftskostnader. Utan dette tiltaket vil ein måtte sjå andre stader for å redusere kostnader.

Estimerte innparingar er sett opp på følgjande måte:

Effektivisering personal	300 000	
Redusert sjukefråvær	500 000	
Effektivisering administrasjon	400 000	
Effektivisering drift, vedlikehald og energi	300 000	
Reduserte kostnader tilskot private	700 000	
Kapitalutgifter lån 38,1 mill		- 1 650 000
Sum effektivisering / kapitalutgifter	2 200 000	- 1 650 000

Ved overtaking av Bratteberg barnehage vil Volda kommune også frigjere ei tomt som representerer ein monaleg verdi ved sal eller til kommunen sin eigen bruk.


Samla sett er det administrasjonen si vurdering at det er gode økonomiske grunna som talar for å overta Bratteberg barnehage og flytte drifta av Sollia barnehage.

Ved å overta Bratteberg barnehage vil kommunen få betre styring på utviklinga av barnehage tilbudet i sentrum. Kommunen vil sjølv mest truleg rå over ein restkapasitet som vil sikre framleis reell full barnehagedekning i sentrum. Med tanke på tilflytting og rekruttering av arbeidskraft i kommunen er det viktig at kommunen rår over slik restkapasitet for på den måten til ei kvar tid ha ledige barnehageplassar ved behov.

I dag er det dei private barnehagane som etter arealet har slik restkapasitet. Dei har likevel ikkje plikt til å ta inn eit barn midt i barnehageåret.

I Hornindal var det fram til 2012 berre ein ordinær barnehage som var kommunalt drive. I 2012 fekk Hornindal også ein privat barnehage. Fram til 2012 var dette ein familiebarnehage. I lys av dette kan det vere interessant å sjå på kostnadsbiletet i Hornindal frå 2011 og påfølgjande år:

Tabellen under viser utviklinga av netto driftsutgifter barnehagar pr barn 1-5 år. Frå 2011 til 2018 har Hornindal gått frå 82 % barn i kommunal barnehage til 53, 8 % i 2018. I Volda har det i same perioden gått frå 47,4 % i 2011 til 53, 8 % i 2018.




Utan at det treng vere heile forklaringa, viser KOSTRA-tala at kostnadene pr plass i Hornindal kommune auka i takt med auken i talet private barnehageplassar. Høgare driftskostnader i den kommunale barnehagen grunna færre barn er truleg også ein del av forklaringa til utviklinga i Hornindal.

I Volda kommune, der talet kommunale barnehageplassar har auka i same periode, ser vi ein lågare kostnadsvekst.


Barnetalsutvikling

Fødselstala for Volda i perioden 2007 – 2019.



Kjelde: SSB tabell 04231

Det mest interessante i denne saka er utviklinga i Stor-Øyra krins som omfattar sentrum, Bratteberg og Vikebygda.



Kjelde: Folkeregisteret

Årskulla frå 2015 til 2019 vil krevje 530 barnehageplassar i Stor-Øyra krins. Den samla kapasiteten etter at Sollia og Bratteberg barnehagar er samlokalisert er 551.

Overgang barnehage - skule

Kommunalsjef oppvekst har tidlegare omtala Bratteberg barnehage i eit prosessnotat om økonomi i 2016. Oppvekstsjefen skreiv den gong mellom anna:

Skal barnehagedrifta kunne bidra til meir økonomisk drift i Volda kommune, er

det naudsynt å planlegge for ein annan struktur enn det ein har i dag.

Som ein del av ein langsiktig strategi heiter det vidare i notatet:

*Vidare lanserer oppvekstsjefen følgjande strategi: Det kommunale barnehagetilbodet vert planlagt i tråd med **"nærskuleprinsippet"**. Dvs at barn ikkje har lovfesta rett til plass på den næraste barnehagen, men kommunen legg prinsippet til grunn i planlegginga av nye barnehagar.*

(.....)

Bratteberg barnehage vil kunne vere barnehage hovudsakleg for barn som har Vikebygda og Bratteberg skular som sine nærskular. Frå oppvekstsjefen sin synsstad er det eit ønske for framtida å kunne overta og inkludere Bratteberg barnehage i den kommunale drifta.

Dette er ein strategi administrasjonen rår til vert følgt vidare. I Lid/Mork skulekrins har ein ved kapasitetsutvidinga i 2018 lagt til rette for at elevar som soknar til Mork skule vil kunne få barnehageplass i Mork barnehage. På same måte er det samanheng mellom barnehage og skule i Dalsfjorden og Folkestad. I Hornindal er det ein kommunal og ein privat barnehage.

I rammeplan for barnehagen er det lagt vekt på overgangen mellom barnehagen og skulen. I planen heiter det at barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen.

Administrasjonen si vurdering er at det vil bli lagt til rette for eit betre samarbeid mellom barnehagen og skulen viss det er tydelegare kva barnehagar som «soknar» til kva for skule. Det kan verte førande for eit enno meir formalisert samarbeid mellom den skulen og den/dei barnehagane ein ser i samanheng med mål om å legge til rette for eit heilskapleg opplæringsløp.

I kartet under er plasseringa av dei to barneskulane i sentrum merka raudt.

Plasseringa av barnehagane er merka grønt (Sollia bhg ikkje med)

Det er ikkje faste skulekrinsgrenser i sentrum, så i området skravert grønt vil ein ikkje kunne vere rimeleg sikker på kva skule komande elevar vil få tildelt skuleplass. Alt etter storleiken på årskulla og bustadadresse vil det kunne variere frå eitt år til eit anna.



Administrasjonen vurderer det som formålstjenlege at det er minst ein kommunal barnehage knytt til kvar av skulane.

I åra som kjem vil det bli tildelt mellom 20 og 25 skuleplassar årleg ved Bratteberg skule. Det tyder at det til ei kvar tid vil vere mellom 100 og 120 barnehagebarn som bur i Bratteberg skule sitt opptaksområde. Det tyder at det er godt samsvar mellom talet på barn som har Bratteberg skule som sin nærskule og talet på tilgjengelege barnehageplassar i ein kommunalt drive Bratteberg barnehage og private Hjellbakkane barnehage.

Dei to yngste årskulla vert rekna som to plassar i barnehagesamanheng. Med andre ord er det behov 140 – 175 barnehageplassar i dei to barnehagane som «soknar» til Bratteberg skule.

Barnehage	Godkjent for tal barn	Behov
Hjellbakkane	39	
Bratteberg	153	
SUM	192	140 - 175

*Godkjent areal er henta frå årsmeldinga til barnehagane 2018

I snitt vil det bli tildelt skuleplass til om lag 50 barn ved Øyra skule årleg. Det tyder at det til ei kva tid vil vere om lag 250 barnehagebarn som soknar til Øyra skule. Dei to yngste årskulla vert rekna som to plassar i barnehagesamanheng, og det gjer at ein bør ha tilgjengeleg 350 barnehageplassar mellom dei barnehagane som ligg innanfor Øyra skule sitt nedslagsfelt.

I denne oversikta er Sollia teke ut av rekneskapen.

Barnehage	Godkjent for tal barn	Behov
Øyra	76	
Rotset	63	
Trollsletta	25	
Røysmarka	51	
Engeset	72	
Oppigarden	72	
SUM	359	350

Det vil ikkje noko år vere behov for full utnytting i begge skulane sine nedslagfelt. Med andre ord vil det samla sett vere god dekning i sentrum, Bratteberg og Vikebygda.

Ein kan ikkje styre kvar føresette søker barnehageplass, og foreldre legg nok ulike moment til grunn når dei søker plass. Av dei barna som gjekk i Sollia barnehage barnehageåret 19/20, var det berre litt over halvparten som kan seiast å bu slik til at Sollia openbert er det næraste valet. Sollia hadde barn busette på Rotset, Brattebergfeltet, Engset/Klepp, Heltnevollen, Mork og i sentrum.

Også Bratteberg barnehage har barn som bur utanfor sitt nærområde.

Lokalisering

Sist saka var til handsaming i kommunestyret, var det ordskifte kring den geografiske plasseringa av Bratteberg barnehage. Frå fleire vart det framheva viktigheita av å sikre god barnehagedekning kring viktige institusjonar som høgskulen og sjukehuset.

Ved å flytte Sollia barnehage vil det framleis vere tre barnehagar i ein radius på 500 m kring både høgskulen og sjukehuset. Når det i tillegg er full barnehagedekning, må det vere rett å seie at Volda framleis kan tilby eit godt barnehagetilbod i indre sentrum og kring dei nemnde institusjonane, jfr ein av strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Barnehagefaglege vurderingar

Sollia barnehage vart bygd i 1972. Ei av endringane sidan 1972 er at mest alle barn mellom 1 og 5 år går i barnehage. Det tyder at dei er snart 10 000 timar av si vakne tid i barnehagen. Barnehagen er ei pedagogisk verksemd og ein viktig opplæringsarena for sosial kompetanse, danning og utviklingar av dugleikar i tillegg til gje næring til ei god fysisk og psykisk helse.

Dette har gitt grunnlag for nasjonal satsing på fleire område:

- Etablering av sunne kostvaner hjå barn frå dei er heilt små, er eit [satsingsområde for å betre folkehelsen](#). Dette inneber mellom anna pedagogikk der matlaging med barna er ein av bærebjelkane for betre mat og måltidsvanar.

Rapportar om at barn og unge har dårlegare kosthald, tannhelse og mangel på viktige vitaminer, har dei seinare åra vist at det er svært viktig å jobbe godt med dette i dei aller første leveåra om det skal ha effekt. Også for å utjamne sosiale ulikskapar. Godt kjøken der barn deltek aktivt i matlaging, og at retningslinjene frå Mattilsynet og HMS er ivareteke, er eit viktig pedagogisk argument for å overta Bratteberg barnehage og flytte drifta av Sollia.

- Fysisk aktivitet er eit anna folkehelse tema som har aktualisert seg fordi forskning viser tydeleg at barn og ungdom er mykje mindre aktive enn før, og at dette har helsemessige negative konsekvensar. Dette har resultert i at det for små barn er tilrådd 60 min høgaktivitet kvar dag. Dette er uråd vinterstid der uteområdet ikkje er utforma med tanke på aktivitet som gir høg puls, eller for dei yngste barna. Spesielt for dei yngste barna er det behov for rom inne der dei kan ha høg fysisk aktivitet sidan dei ikkje klarer det i snø, på glatt underlag og med mykje kle. I Bratteberg barnehage er

det sanse- og god gymsal der krava til høg allsidig aktivitet kan oppnåast gjennom leik og tilpassa lystprega eigenaktivitet.

- Forsking har [påvist høgt stressnivå hjå barn i barnehagar](#), og høve til ro og kvile er svært viktig. For å motverke slike negative helsepåkjenningar, er det teke inn eit punkt i rammeplan for barnehage at barn skal kvile i løpet av ein lang barnehagedag, også dei store. For dei minste, eller dei barna som er særleg påverkeleg av lyd og mange barn rundt seg, viser forskning at det kan vere skadeleg ikkje å ha høve til å roe ned ei viss tid på dagen.

I Sollia barnehage er det ingen rom til å trekke seg tilbake eller sove/kvile inne. Barn som skal sove, må sove i vogner ute. Sidan det ikkje er vognstall i Sollia, må vognene vere inne i gangen og trillast ut når barna skal sove. Dette er også problematisk i høve til brannføresegnene. Vognene må deretter trillast innatt før stengetid, noko som om vinteren er tyngane.

I Bratteberg barnehage er det god sovestall for mange barn og der er sanse- og andre rom der barn kan kvile eller vere saman i mindre grupper.

- Sollia barnehage er den kommunale barnehagen som er meint å vere eigna for barn med særskilte behov. Sidan barnehagen ikkje er universelt utforma, vil det føre til at nokre barn ikkje kan delta i alle aktivitetar. Det i seg sjølv strir mot barnehagelova som slår fast at alle barn skal ha like vilkår.

Bratteberg barnehage er universelt utforma med heis mellom etasjane. I tillegg er der sanse- og andre rom som barn med ulike funksjonsvanskar ville ha stor glede og nytte av.

Godt tilrettelagt tilbod for barn med særskilte behov er først og fremst kommunen sitt ansvar. I Bratteberg barnehage ville Volda kommune ha godt eigna lokale for barn med særskilte behov, og i ei større personalgruppe ligg tilhøva betre til rette for å kunne bygge opp eit kompetansemiljø kring barn med nedsett funksjonsevne

Trass fleire driftsmessig negative faktorar, svarar foreldra til barn i Sollia barnehage positivt på spørsmål om barnet sin trivsel. På spørsmål om ute- og innemiljøet kjem Sollia saman med Engeset derimot dårlegast ut av alle barnehagane i kommunen som tok del i [foreldreundersøkinga 2019](#)

Utdrag frå Foreldreundersøkinga 2019

Barnehage	Ute- og innemiljø	Barnet sin trivsel
Engeset	3,8	4,9
Lauvstad	4,0	4,7
Bratteberg	4,4	4,7
Oppigarden	4,3	4,7
Sollia	3,8	4,9
Røysmarka	4,6	5,0
Landsnitt	4,1	4,7

Tilhøva for tilsette

Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs. Det er dei som skal sikre det pedagogiske innhaldet og gje barna det samfunnsmandatet forventar og lova pålegg barnehagane.

Sollia barnehage er ikkje formålstenleg utforma, og den manglar viktige fasilitetar og rom til å drive god pedagogikk. Tidlegare styrar i Sollia barnehage skildrar det slik:

Personalet slit seg ut for å klare å tilby barna det dei har rett på og behov for.

Mangelen på møterom og arbeidsplassar gjer det vanskeleg eller uråd å få gjennomført planarbeid, dokumentasjon og evaluering av det pedagogiske arbeidet, slik rammeplanen set som krav.

Rettleiing av personale er mest uråd for styrar sidan styrar sitt kontor er så lytt at det er fare for brot på personvernet. Også foreldresamtalar er svært vanskeleg å få gjennomført av same grunn.

Styrar finn det svært krevjande å kome i møte behov for tilrettelegging for tilsette som i periodar har behov for det, noko som aukar risikoen for sjukefråvær. Sollia barnehage har over tid hatt eit høgt sjukefråvær.

Mange tilsette opplever at innelufta i barnehagen ikkje er bra, og mange har gitt uttrykk for at dei slit med hovudverk, tørrhoste, kløe og tørre auge.

Styrar i Sollia har tidlegare vore styrar i Bratteberg barnehage, og kan av eiga erfaring seie at dei fysiske arbeidstilhøva i Bratteberg barnehage på ein heilt anna og betre måte vil legge til rette for eit betre arbeids- og læringsmiljø.

Klimaomsyn

Sidan ei kommunal overtaking av Bratteberg barnehage vil gje rom for å overføre Sollia sine barnehageplassar bør kommunen ta opp til vurdering om det er i tråd med kommunen sin eigen kommuneplan å greie ut evt nybygg. Det vil setje eit kraftig miljømessig fotavtrykk som pr i dag ikkje er naudsynt.

Kommunane har fått auka ansvar for å sikre nasjonale og regionale interesser, mellom anna på klima- og miljøområdet. I desse forventningane legg regjeringa FN sine berekraftsmål til grunn om mellom anna å stoppe klimaendringane innan 2030.

I eit lengre perspektiv legg ein i tilrådinga opp til å nå målet om tenester nærast mogeleg heimen, i tråd med måla i kommuneplanen:

Til kortare avstandar ein skal reise, til større sjanse er det for at ein sykklar eller går. Difor er det viktig at ein legg til rette for korte avstandar mellom bustadområda og handels-, service og tenestetilbod. I tillegg er det viktig med gode, trygge og attraktive gang- og sykkelnettverk, som inviterer til bruk.

Bratteberg barnehage er for framtida meint å gje tilbod til dei barna som bur i barnehagen sitt nærområde. Med andre ord legg ein til grunn at det ikkje skal føre

til vesentleg meir transport og bruk av fossilt brennstoff.

Barnets beste

Barnehagen skal vere til barn sitt beste, og barna skal oppleve glede og meistring i barnehagen. Barn skal få leike, lære og utvikle seg og delta aktivt i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Gode barnehagar formidlar verdiar og haldingar, gir barn grunnleggande ferdigheiter, kunnskapar og trening i å delta aktivt i ein fellesskap med andre barn og vaksne. Barnehagen skal også vere ein støttespelar for føresette.

Rammeplanen ser barnet som aktiv aktør i eige liv. I møte med omgjevnadane og andre barn og vaksne utviklar barnet kunnskap om seg sjølv og eigen identitet. Det krev høg kvalitet i relasjonen og ein trygg tilknytning mellom barnet og dei tilsette i barnehagen. Det er særskilt viktig at dei yngste barna får høve til å knytte seg til få og stabile vaksne. For å oppfylle dette kravet må det mellom anna vere mogleg å dele barna inn i mindre grupper, og at barnehagebygget gir gode rammevilkår for det læringsmiljøet som ein treng for å oppfylle samfunnsmandatet, jf. barnehagelova og rammeplan for barnehagen.

Barnehagelova § 2 og rammeplanen er tydeleg på at barnehagen skal ha areal og utstyr nok til leik og varierte aktivitetar som fremmer rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og høve til læring og meistring. Barnehagen sitt fysiske miljø dannar ramma rundt barnehagedrifta, og har påverknad på det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Utforming av leikeareal og organisering av barnehagen har også stor innverknad for å ivareta barn sin rett til medverknad.

Det står mellom anna under livsmeistring og helse i rammeplanen:

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagekvardagen. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet, og skal stimulere til rørsleglede, og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.”

Det fysiske og psykiske miljøet må vere slik at det er godt å vere i barnehagen.

Administrasjonen er trygg på at Bratteberg barnehage sine fysiske omgjevnader på ein betre måte enn Sollia barnehage vil legge til rette for eit godt lærings- og arbeidsmiljø.

Administrasjonen finn difor at tilrådinga i saka er til barnet sitt beste.

Risikoanalyse

Då saka var til handsaming i kommunestyret 12.12.2019 vart det i ein av høyringsuttalane etterlyst ei risikoanalyse av dei ulike alternativa i saka. I same uttale vart det påpeika det paradoksale i at administrasjonen gjer framlegg om å spare pengar ved å overta eit underskotsforetak.

Det er lågt barnetal som gjer at Læringsverkstedet ikkje har lønsemd i drifta i dag. Ei kommunal overtaking og flytting av Sollia barnehage vil fylle opp mykje av den ledige kapasiteten i Bratteberg barnehage og endre det økonomiske biletet av drifta.

Tilrådinga i saka inneber at det samla talet på barnehageplassar vert redusert i Stor-Øyra krins. Saksutgreiinga viser likevel at det er tilstrekkeleg med barnehageplassar i høve til det som er sannsynleg barnetalsutvikling i same område. Ingen kan med sikkerheit seie noko om framtida, og ein har ingen garantiar utover det ein med sannsyn kan berekne ut i frå tilgjengelege relevante opplysningar. I dette ligg det med andre ord eit risikoelement, men det vert ikkje vurdert å vere større enn at ein finn tilrådinga i saka forsvarleg.

Tilrådinga i saka inneber vidare at Sollia barnehage vert flytta og behovet for å utnytte kapasiteten i ein kommunalt drive Bratteberg barnehage vert større. At Bratteberg vil ha ein restkapasitet også etter ei evt kommunal overtaking, vert sett på som eit argument for overtaking. Kommunen vil då rå over restkapasiteten, og ein vil på den måten kunne tilby reell full barnehagedekning i Stor-Øyra krins.

Administrasjonen ser behov for å følgje utviklinga av barnetalet i sentrum, og vurdere det opp mot barnehagestrukturen. Det vert difor rådd til at administrasjonen kjem attende med ei vurdering av drifta av Engeset og Oppigarden barnehagar innan 01.08.2023

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret har bede administrasjonen undersøke.

1. Om det er økonomisk og barnehagefagleg grunn til å kjøpe Bratteberg barnehage

Låneopptak til kjøp av barnehagen samt tilpassing til kommunal drift, vil gje årlege kapitalutgifter på kr 1 650 000,-
Administrasjonen estimerer samstundes ei årleg effektivisering på kr 2 400 000,-
Administrasjonen finn, og har gjort greie for, gode barnehagefaglege grunnar til kommunal overtaking av Bratteberg barnehage.

2. Om det er meir gunstig å utbetre eller bygge nytt ved Sollia/Oppigarden barnehagar.

Låneopptak på kr 60 000 000,- vil gje årlege kapitalutgifter på kr 2 700 000,-

Sidan kommunen ikkje utvidar talet på kommunale plassar, vil reduserte kostnader til private bli noko lågare enn i alternativ 1.

Eit relativt stort nybygg vil setje eit kraftig miljømessig fortavtrykk som pr i dag ikkje er naudsynt

Då saka var til handsaming i kommunestyret 12.12.2019, heitte det i uttalen frå foreldra i Sollia barnehage:

Vi som foreldre opplever glade, trygge og nøgde barn i vårt møte med barnehagen. Og det takka vere ei fantastiske personalgruppe som står på for barna i denne situasjonen. Men når ein tek av seg brillene, og ser på den faktiske tilstanden til bygningsmassen i Sollia, i kombinasjon med usikkerheit kring arbeidsplassen sin og sjukefråvær hjå dei tilsette, så ser vi at no er det knapt held.

Foreldregruppa i Sollia er opptekne av den fantastisk kompetente personalgruppa som Sollia barnehage har bygt opp over tid. Personalgruppa må få bestå. Dersom eit kjøp vert gjennomført er det heilt essensielt at barna våre vert i størst mogeleg grad flytta som avdelingar med tilhøyrande personale. Dette handlar om tilknytning og «hamnene» til barna våre, jf. den velkjente og gode tryggleikssirkelen. Vi er derfor negative til ei nedlegging av Sollia utan kommunal overtaking av Bratteberg.

Sollia er i ein slik bygningsmessig standard at den ikkje kan drivast vidare på sikt. Volda kommune har no mogelegheit til å samle barn i ei større kommunal eining. Dette vil legge grunnlag for reduserte kostnader i eiga drift, som også vil gje seg utslag i reduserte kostnader til tilskot til private barnehagar.

Ein vil vidare på den måten halde på ei personalgruppe og ein kompetansen som er bygd opp i Sollia barnehage, og som foreldra er særst nøgde med.

Volda kommune vil bygge opp sitt eigarskap i barnehagedrifta, og talet på kommunale barnehageplassar. Det er restkapasitet i den kommunale drifta som på best måte sikrar at det er reell full barnehagedekning. Dvs at alle får barnehageplass ved behov, også dei utan lovfesta rett.

Viss Volda kommune ynskjer å vere ein stor aktør innan barnehagedrift, er det tilrådeleg at kommunen nyttar høvet til å tileigne seg eit bygg som legg til rette for ei større barnehageeining som kan effektivisere drifta.

Administrasjonen har gjort greie for både økonomiske og barnehagefaglege grunngjevingar som gir grunnlag for å tilrå overtaking av Bratteberg barnehage og overføring av drifta i Sollia barnehage. Det vert mellom anna lagt vekt på at kommunen for framtida på den måten vil rigge seg godt ved å knyte kommunale barnehagar til skulane, og legge til rette for god overgang frå barnehage til skule.

Gjennom kjøp av Bratteberg barnehage vil Volda kommune framleis vere ein leiande aktør innan barnehagedrift i kommunen.

Tilrådinga er også i tråd med det KS Konsulent rår til i sin økonomiske analyse av

kommunen:

KS Konsulent mener det er et mulig handlingsrom for å redusere ressursbruken innenfor barnehageområdet gjennom å foreta en grundig analyse av dagens og fremtidens behov for plasser, kalkulere effekter av samlokalisering, vurdere sanering av eldre mindre enheter og oppbygging av nye større, fleksible og arealeffektive enheter. Større og moderne barnehagebygg kan i større grad:

- Ivareta vekslende barnetallsutvikling og ulik alderssammensetning*
- Gi effektiv utnyttelse av bemanning*
- Gi effektiv utnyttelse av areal*
- Gi mulighet for mer fleksibel gruppeorganisering av de eldste, samtidig som trygge rammer for de minste barna gjennom mindre rom/avdelinger*

Oppigarden og Engeset barnehagar har framleis restlevetid, og det er ikkje hast med å ta ei avgjerd for framtida til desse barnehagane. Det kan vere klokt å sjå korleis barnetal og busettingsmønsteret i Volda utviklar seg, før det blir teke eit framtidsretta val for kommunal barnehagedrift i det indre sentrumsområdet.

Etter ei samla vurdering rår kommunedirektøren til at Volda kommune kjøper Bratteberg barnehage for kr 37 000 000,- og tek ansvar for drifta gjennom ei verksemdsoverdraging. Vidare rår kommunedirektøren til at drifta ved Sollia barnehage vert flytta til Bratteberg barnehage.

Kommunedirektøren rår til at det vert sett av inntil kr 1 100 000 til for systemtilpassing av barnehagen til kommunale system. Det gjeld tilpassing til kommunale EOS (energioppfølgingssystem), integrere barnehagen til kommunen sitt felles toppsystem (SD) for sentral drift og overvaking, tilgangskontroll/tryggleik med tanke på personsensitiv informasjon og tilpassing av brannalarmanlegg mot kommunen sitt varslingsanlegg.

Det er allereie sett av kr 20 000 000,- i investeringsbudsjettet. Resterande 18 100 000,- vert finansiert gjennom låneopptak og kapitalkostnader vert å innarbeide i budsjettet for 2021.

Konsekvensar for folkehelsa

For barn og tilsette som får eit betre innemiljø, vurderer ein det som positivt for folkehelsa.

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppvekst

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
38/20	Tenesteutval for oppvekst og kultur	02.09.2020
164/20	Formannskapet	15.09.2020
95/20	Kommunestyret	24.09.2020

Nedlegging av Austefjord barnehage- og skule. Endring av skulekrinsgrense

Samandrag:

Kommunestyret har vedteke eit investeringsprogram i økonomiplanen på om lag 360 mill. For å frigjere dekning av kapitalkostnadene med investeringane, samt dekke utgiftene i tenester med auka tenestebehov, har kommunestyret vedteke eit innsparings- og effektiviseringsprogram på kr 46 mill. I 2020 er det vedteke at oppvekstsektoren skal ta ned drifta med 875 000, og i 2021 er det lagt til grunn at oppvekstsektoren skal ta ned drifta ytterlegare med kr 4,8 mill.

I innleiinga til budsjettet for 2020 skriv kommundirektøren mellom anna:

Vi opplever at også inntektsveksten i 2020 vert svært låg. Dette skaper svært store utfordringar, og det går tungt inn på meg at vi må foreslå så dramatiske tiltak for å ha balanse i økonomien.

Eitt av tiltaka kommundirektøren viser til er nedlegging av barnehage- og skuledrifta i Austefjorden. Dette tiltaket låg inne med ei innsparing på 2,7 mill i framlegg til budsjett- og økonomiplan. Gjennom bruk av oppsparte fondsmidlar valte kommunestyret å finansiere vidare drift i 2020.

I økonomiplanen er det ikkje lagt inn finansiering for drift av Austefjord barnehage- og skule etter 2020.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Arild Iversen, foreslått av Sonja Håvik,

Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.

Under føresetnad av at drifta av Austefjord skule vert avvikla, vert forskrift om skulekrinsgrenser endra frå 01.08.2021. Grunnkrinsane Høydal og Fyrde vert ein del av Stor-Øyra skulekrins.

Kalvatn, Bjørke, Viddal og Hornindal vil etter dette utgjere Indre Volda skulekrins, med Hornindal skule som nærskule.

Elevane frå grunnkrinsane Høydal, Fyrde og Hjartåbygda får Øyra skule og Volda ungdomsskule som nærskule.

Jfr opplæringslova §8-1 er det høve til å søke om å gå på annan skule enn nærskulen. Viss det ikkje gir kommunen ekstra kostnader, vert slike søknader til vanleg kome i møte.

Elevar frå Hjartåbygda som har starta på Bratteberg skule får avslutte barneskulen der.

For elevane frå Høydal og Fyrde vert den fylkeskommunale skyssen forbetra ved at Volda kommune går inn med ekstra midlar for å korte ned reisetida, jfr skyssalternativ 2 i høyringsdokumentet. Det inneber også at starttidspunktet for skulestart ved Øyra skule vert endra til kl. 08.20.

Tok sitt forslag med presisering, foreslått av Sølvi Dimmen, Senterpartiet

1. Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.
2. Avgjersle om kvar elevane i Austefjorden skal høyre til vert utsett. Med dei nye forutsettingane om at skule og barnehage vert lagt ned, ønskjer kommunestyret at gamle Austefjord skulekrins får moglegheit til å ta stilling til om elevane skal haldast samla. Val av skulekrins vert sendt ut på ny høyring med to alternativ:

* Kalvatn mot Hornindal og Høydal/Fyrde mot Øyra etter skyssalternativ 2

* alle mot Hornindal.

Kommunalsjef for oppvekst og kultur orienterte.

Arild Iversen (Krf) kom med slikt vedtak:

Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.

Under føresetnad av at drifta av Austefjord skule vert avvikla, vert forskrift om skulekrinsgrenser endra frå 01.08.2021. Grunnkrinsane Høydal og Fyrde vert ein del av Stor-Øyra skulekrins.

Kalvatn, Bjørke, Viddal og Hornindal vil etter dette utgjere Indre Volda skulekrins, med Hornindal skule som nærskule.

Elevane frå grunnkrinsane Høydal, Fyrde og Hjartåbygda får Øyra skule og Volda ungdomsskule som nærskule.

Jfr opplæringslova §8-1 er det høve til å søke om å gå på annan skule enn nærskulen. Viss det ikkje gir kommunen ekstra kostnader, vert slike søknader til vanleg kome i møte.

Elevar frå Hjartåbygda som har starta på Bratteberg skule får avslutte barneskulen der.

For elevane frå Høydal og Fyrde vert den fylkeskommunale skyssen forbetra ved at Volda kommune går inn med ekstra midlar for å korte ned reisetida, jfr skyssalternativ 2 i høyringsdokumentet. Det inneber også at starttidspunktet for skulestart ved Øyra skule vert endra til kl. 08.20.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

1. Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.

2. Avgjersle om kvar elevane i Austefjorden skal høyre til vert utsett. Med dei nye forutsettingane om at skule og barnehage vert lagt ned, ønskjer kommunestyret at gamle Austefjord skulekrins får moglegheit til å ta stilling til om elevane skal haldast samla. Val av skulekrins vert sendt ut på ny høyring med to alternativ:

** Kalvatn mot Hornindal og Høydal/Fyrde mot Øyra etter skyssalternativ 2*

** alle mot Hornindal.*

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Arild Iversen og innstillinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur. Innstillinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur fekk 6 røyster og framlegget frå Arild Iversen fekk 3 røyster (Arild Iversen, Dan Helge Bjørneset og Jan Heltne).

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå tenesteutvalet for oppvekst og kultur og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

FSK- 164/20 Vedtak:

1. Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.

2. Avgjersle om kvar elevane i Austefjorden skal høyre til vert utsett. Med dei nye forutsettingane om at skule og barnehage vert lagt ned, ønskjer kommunestyret at gamle Austefjord skulekrins får moglegheit til å ta stilling til om elevane skal haldast samla. Val av skulekrins vert sendt ut på ny høyring med to alternativ:

* Kalvatn mot Hornindal og Høydal/Fyrde mot Øyra etter skyssalternativ 2

* alle mot Hornindal.

Tenesteutval for oppvekst og kultur 02.09.2020:

Behandling:

nytt punkt 2, foreslått av Rebecca Riise Bjerknes, Senterpartiet

2. Avgjersle om kvar elevane i Austefjorden skal høyre til vert utsett. Med dei nye forutsettingane om at skule og barnehage vert lagt ned, ønskjer kommunestyret at gamle austefjord skulekrins får moglegheit til å ta stilling til om elevane skal haldast samla. val av skulekrins vert sendt ut på ny høyring med skyssalternativ 2 og skyssalternativ for alle mot hornindal.

Rebecca Bjerknes, SP, kom med slikt framlegg til pkt. 2:

2. Avgjersle om kvar elevane i Austefjorden skal høyre til vert utsett. Med dei nye forutsettingane om at skule og barnehage vert lagt ned, ønskjer kommunestyret at gamle Austefjord skulekrins får moglegheit til å ta stilling til om elevane skal haldast

samla. Val av skulekrins vert sendt ut på ny høyring med skyssalternativ 2 og skyssalternativ for alle mot Hornindal.

Røysting:

Pkt. 1 vart vedteke med åtte (8) røyster. Ein røysta mot (Halkjelsvik, FRP)

Bjerknes sitt framlegg til pkt. 2 fekk seks (6) røyster og vart vedteke.

Administrasjonen sine forslag pkt 2-4 fall då tre (3) røysta mot (Grevstad, H. Straume, KRF. Trovåg, AP.)

TOK- 38/20 Vedtak:

Vedteke i tenesteutval for oppvekst og kultur:

1. ***Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.***
2. *Avgjersle om kvar elevane i Austefjorden skal høyre til vert utsett. Med dei nye forutsettingane om at skule og barnehage vert lagt ned, ønskjer kommunestyret at gamle Austefjord skulekrins får moglegheit til å ta stilling til om elevane skal haldast samla. Val av skulekrins vert sendt ut på ny høyring med skyssalternativ 2 og skyssalternativ for alle mot Hornindal.*

Kommunedirektøren si tilråding:

1. *Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.*
2. *Under føresetnad av at drifta av Austefjord skule vert avvikla, vert forskrift om skulekrinsgrenser endra frå 01.08.2021. Grunnkrinsane Høydal og Fyrde vert ein del av Stor-Øyra skulekrins.*

Kalvatn, Bjørke, Viddal og Hornindal vil etter dette utgjere Indre Volda skulekrins, med Hornindal skule som nærskule.

Elevane frå grunnkrinsane Høydal, Fyrde og Hjartåbygda får Øyra skule og Volda ungdomsskule som nærskule.

Jfr opplæringslova §8-1 er det høve til å søke om å gå på annan skule enn nærskulen. Viss det ikkje gir kommunen ekstra kostnader, vert slike søknader til vanleg kome i møte.

3. *Elevar frå Hjartåbygda som har starta på Bratteberg skule får avslutte*

barneskulen der.

4. *For elevane frå Høydal og Fyrde vert den fylkeskommunale skyssen forbetra ved at Volda kommune går inn med ekstra midlar for å korte ned reisetida, jfr skyssalternativ 2 i høyringsdokumentet. Det inneber også at starttidspunktet for skulestart ved Øyra skule vert endra til kl. 08.20.*

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 164/20

1. Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert avvikla 31.07.2021.
2. Avgjersle om kvar elevane i Austefjorden skal høyre til vert utsett. Med dei nye forutsettingane om at skule og barnehage vert lagt ned, ønskjer kommunestyret at gamle Austefjord skulekrins får moglegheit til å ta stilling til om elevane skal haldast samla. Val av skulekrins vert sendt ut på ny høyring med to alternativ:
 - * Kalvatn mot Hornindal og Høydal/Fyrde mot Øyra etter skyssalternativ 2
 - * alle mot Hornindal.

Vedlegg:

Høyringsdokument- Austefjord barnehage og skule ver 15.04.20.02
Nedlegging av Austefjord barnehage og Austefjord skule - høyring (55946)
Referat dialogmøte 27022020
Uttale frå Ungdomsrådet - Nedlegging av Austefjord skule (L)(62662)
Verneombod Øyra skule Høyring Saksnr 20_2654 Nedlegging Austfjord 250520 (L)(63960)
Høyringsuttale frå elevrådet ved Austefjord skule til nedlegging av Austefjord skule (L)(64196)
Høyringsuttale frå Samarbeidsutvalet (SU) ved Austefjord skule til nedlegging av Austefjord skule og barnehage (L)(64197)
Høyringsuttale frå FAU og foreldre ved Austefjord skule til nedlegging av Austefjord skule og barnehage (L)(65206)
Utdanningsforbundet Volda sitt høyringssvar - Nedlegging av Austefjord barnehage og Austefjord skule (L)(65226)
Høyringssvar frå samarbeidsutvalet i Austefjord barnehage - Nedlegging av Austefjord barnehage og Austefjord skule (L)(65488)
Høyringsuttale frå foreldra i Austefjord barnehage - Nedlegging av Austefjord barnehage og Austefjord skule (L)(65491)
Høyringssvar frå Kalvatn grendautval vedrørande sak om nedlegging av Austefjord skule - Nedlegging av Austefjord barnehage og Austefjord skule (L)(65540)
Høyringsuttale frå Austefjord grendalag - nedlegging av Austefjord skule og Austefjord barnehage (L)(65590)
Innspeil frå Høydal Velgrendalag til høyringsnotatet vedrørande nedlegging av Austefjord skule og barnehage (L)(65592)
Høyringsuttale frå samarbeidsutvalet ved Øyra skule - Nedlegging av Austefjord barnehage og skule (L)(65998)
Nedlegging av Austefjord skule - uttale frå elevrådet på Øyra skule (L)(65992)

Høyring:

Før kommunestyret kan gjere evt vedtak om nedlegging av drifta, skal saka vere forsvarleg opplyst, og sakshandsaminga skal følgje gjeldande reglar. Det inneber at saka skal ha vore på høyring før administrasjonen legg fram saka til politisk handsaming.

Saka er utgreidd og vart sendt på høyring 15.04.20. Høyringsfristen vart sett til 01.06.20.

I høyringsdokumentet ba administrasjonen om høyringsuttalar til følgjande tilråding:

1. *Drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vert lagt ned frå 01.08.2021.*
2. *Som alternativ til barnehagen i Austefjorden er det tilbod både i Grodås og i Volda sentrum.*
3. *Under føresetnad av at drifta av Austefjord skule vert nedlagt, vert forskrift om skulekrinsgrenser endra. Grunnkrinsane Høydal og Fyrde vert teke inn i Stor-Øyra skulekrins. Elevar frå Høydal og Fyrde og Hjartåbygda får Øyra skule som sin nærskule.*

Kalvatn, Bjørke og Hornindal vil etter dette høyre til Indre Volda skulekrins.

4. *Det vert bede om innspel til to alternativ til skuleskyss:*

Alternativ 1:

Skyss der det blir sett inn følgjeperson frå/til Fyrde i perioden 01.08 – 31.12 kvart skuleår så lenge det er 1. og 2. klassingar som nyttar skyssen.

Alternativ2:

Forbetra skyss der reisetida vert korta ned for elevar frå Høydal og Fyrde. Denne skyssen har ein ekstrakostnad på kr 250 000,- + mva pr år. Det vert ikkje tilrådd følgjeperson i dette alternativet.

5. *For å få i stand ein rasjonell skyss som tek omsyn til reisetid for elevane, vert dagleg skulestart ved Øyra skule endra til kl. 08.15 ved skyssalternativ 1 eller kl. 08.20 ved skyssalternativ 2.*
6. *Elevar frå Hjartåbygda som har starta på Bratteberg skule, får avslutte barneskulen der. Ein må pårekne ein ekstra skysskostnad på kring kr 60 000 pr år, sidan Bratteberg formelt ikkje vil vere nærskulen til elevane.*

Høyringsuttalar

Det kom inn 13 høyringsuttalar som administrasjonen har oppsummert og nokre kommentert. Uttalane ligg ved saka i si heilheit.

Uttale frå ungdomsrådet

Ungdomsrådet meiner eit større læringsmiljø kan gje eit betre pedagogisk forsvarleg tilbod trass i lang skuleskyss. Ungdomsrådet ynskjer at skuleskyssen blir mest mogeleg lagt til rette for elevane ved skulen.

Verneombodet ved Øyra skule

Verneombodet skriv at det ikkje er nytt at elevar kjem frå andre skular til Øyra. 20 elevar frå Austefjorden vil ikkje utgjere den store forskjellen på klassene på Øyra viss dei blir jamt fordelte.

I alle år har Øyra skule starta kl 08.30, og frå dei tilsette si side er det ynskjeleg at evt endra starttidspunkt ikkje vert større enn naudsynt. I så måte vil skyssalternativ 2 vere det beste for dei tilsette og truleg også for skysselevane, som får ein litt mjukare start på dagen.

Elevrådet ved Austefjord skule

Elevrådet ynskjer kortast mogeleg reisetid, og ser på alternativ 2 med start i Høydalen kl 07.35 som det beste alternativet. Vidare ynskjer elevrådet at

skulekrinsgrensa vert endra tilbake til slik den var før kommunesamanslåinga.

Samarbeidsutvalet ved Austefjord skule

Samarbeidsutvalet (SU) er kjent med at det er ulike meiningar i foreldregruppa om nedlegging av skulen. Ei god skyssordning er avgjerande for at saka ikkje skal verte konfliktfylt.

SU meiner skulekrinsgrensa bør opphevast, slik at Austefjord, Bjørke, Viddal og Hornindal blir ein del av Stor-Øyra skulekrins. Vidare meiner SU at elevar bør få velje annan skule enn nærskulen utan at det gir skysskostnader for dei føresette. Alternativt meiner SU at fellesnemndsvedtaket om ny skulekrins bør opphevast.

SU støttar skyssalternativ 2, men etterlyser svar på kven som skal få dei trygt på bussen.

Skyssen til Hornindal gir venting på Kalvatn, og SU meiner det er vanskeleg å sjå føre seg at dette vil fungere godt.

Administrasjonen sin kommentar:

Ei ordning der krinsgrenser vert oppheva, og elevar fritt får velje skule og kommunen betalar skyssen fullt ut, er frå administrasjonen sin ståstad ikkje tilrådeleg. Elevar som ikkje går på nærskulen sin har ikkje rett på fylkeskommunal skyss, og det vil gje kommunen ekstra utgifter. Det kan skje at det då må setjast inn særskilt skyss med store ekstrakostnader.

FAU og foreldre ved Austefjord skule

FAU og foreldre ved Austefjord skule legg stor vekt på organisering av skuleskyssen i sin uttale og at fokus må vere å gi dei aller minste ein trygg og kortast mogeleg skuleveg. Dei meiner kommunen og fylket må gå i ein betre dialog for å kunne gi ein betre skyss.

FAU og foreldra ser at skyssalternativ 2 er betre tidsmessig, men er kritiske til at følgjeperson ikkje er tilrådd i dette skyssalternativet. Er også kritisk til at begge skyssalternativa føreset at elevane går av ved høgskulen om morgonen.

FAU og foreldra meiner også at skyssalternativet mot Hornindal må vere meir effektivt.

Når det gjeld skulekrinsgrense er det noko FAU og foreldra synest er vanskeleg å ta stilling til. Fleire heller mot Volda som alternativ og nokre mot Hornindal. FAU og foreldra meiner det ikkje er akseptabelt at nokre vil måtte koste skyssen sjølve viss dei vel ein anna skule enn nærskulen.

Administrasjonen sin kommentar

I høyringsnotatet heiter det a «nokre vil kunne få lengre reiseveg til/frå barnehage».

Administrasjonen ser likevel at det truleg er få, om nokon, som ikkje får lenger reiseveg.

Når det gjeld skyss er det lagt opp til at elevane går av bussen ved høgskulen. Dei treng ikkje krysse E39, og dei vil på den måten vere inne på høgskuleområdet med kort veg til Øyra skule. Elevane kan her få følgje til og frå skulen til dei kjenner seg

trygge. Administrasjonen har fått stadfesta frå fylkeskommunen at returskyssen kan gå frå høgskulen kl 13.55. Elevane treng heller ikkje då å krysse E39, sidan bussen då er på veg til haldeplassen for å ta på eldre elevar som skal i retning Austefjord.

Følgjeperson var lagt inn som forslag i skyssalternativ 1, som har den lengste reisetida om morgonen. Skyssalternativ 2, som administrasjonen vil tilrå, har kortare reisetid. Skyssstilbodet i kommunen må vere likeverdig, og det er andre elevar i kommunen som har lang reiseveg til skulen utan at det er sett inn følgjeperson.

Utdanningsforbundet Volda

I Utdanningsforbundet sin uttale er det lagt ved uttalar frå fleire klubbar. Administrasjonen referere her berre til det som er uttalen frå Utdanningsforbundet Volda.

Utdanningsforbundet (UDF) støttar forslaget om å legge ned drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule.

Når det gjeld kringsgrense meiner UDF det beste alternativet er å reversere vedtaket i fellesnemnda.

UDF meiner skyssalternativ 2 er det beste, men meiner det i tillegg bør setjast inn følgjeperson. Sidan bussen er ved høgskulen kl 08.10, meiner UDF at det ikkje er naudsynt å endre starttidspunktet på skuledagen til 08.20. Ei evt endring meiner UDF vil få store konsekvensar for elevar, foreldre og ikkje minst tilsette.

Til sist støttar UDF tilrådinga om å la elevar frå Hjartåbygda som har start på Bratteberg skule få avslutte barneskuletida der.

Administrasjonen sin kommentar:

Skyssalternativ 2 har ein ekstrakostnad på kr 250 000,- pr år. Det er ein kostnad administrasjonen kan tilrå sidan det kortar ned reisetida og utset avreisetidspunktet. Følgjeperson i tillegg vil gje ein ytterlegare kostnad administrasjonen ikkje kan tilrå både ut i frå dei økonomiske vurderingar samt at skyssen i kommunen må vere likeverdig. Det er andre elevar i kommunen som også har lang reiseveg til skulen utan at det der er sett inn følgjeperson.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det kan gje store konsekvensar korkje for elevar, foreldre eller tilsette å framskande skulestart frå kl 08.30 til kl 08.20. Denne endringa vert tilrådd for å korte ned tida frå elevane i Austefjorden forlet heimen til skulen startar.

Samarbeidsutvalet ved Austefjord barnehage

Samarbeidsutvalet (SU) har i sin uttale hatt fokus på barnehagen, men er klare på at det må vere ei heilskapleg vurdering som må ligge til grunn og at både barnehagen og skulen er avhengige av kvarandre.

Foreldregruppa er tydelege på at dei ynskjer å behalde barnehagen i Austefjorden. Dei ser verdien av å ha ein barnehage, og føler at barna deira trivest og har det godt. Reiseveg er også eit argument, sidan eit stort fleirtal vil få lenger reiseveg viss ein skal til barnehage i Volda eller Hornindal.

Personalgruppa løftar fram moment som talar både for og i mot drift av ein liten barnehage. Små grupper gjer at ein som tilsett kjenner at ein rekk over alle barna, og det er ein kvardag med mindre stress både for vaksne og barn.

Samstundes peikar dei tilsette på at ein liten barnehage er sårbar på fleire måtar. Ein ser at dei eldste saknar fleire å leike og vere saman med. Vidare gir eit lågt barnetal ei lita personalgruppe som er svært sårbar ved fråvære. Fagleg sett kan ein kjenne seg einsam i ei lita tilsettgruppe.

Både foreldre og tilsette ser fordelar og ulemper, og det er vanskeleg å ta stilling til kva som veg tyngst av desse.

Foreldra i Austefjord barnehage

I eigen uttale er foreldre i Austefjord barnehage klare på at dei ynskjer vidare drift av Austefjord barnehage. Foreldra si oppleving er at barnehagen er ein trygg plass der borna vert sett og at barnehagen er inspirerende, utviklande og positiv for borna.

Foreldra peikar på at barna får ein trygg overgang til skulen.

Vidare viser foreldra til at det vert vanskeleg å få kvardagen til å gå opp utan ein lokal barnehage. Foreldra meiner at ein treng barnehage lokalt for å nå målet om å redusere negativ folketalsutvikling.

Kalvatn Grendalag

Kalvatn grendalag er opptatt av kva tilbod som evt skal erstatte det ein hadde før, og der er skyssen heilt sentral. Grendalaget forhold seg berre til skyssalternativ 1 i sin uttale sidan det er *alternativet som er fullfinansiert av fylkeskommunen, og dermed er det einaste som er garantert på lang sikt*. Dette alternativet meiner grendalaget er for dårleg, og at drift av skulen må halde fram av den grunn. Grendalaget saknar busstider frå Osdal til Volda i alternativ 1.

Når det gjeld skulekrinsgrenser peikar grendalaget på fleire moment, utan å ha ei klar meining om kvar ei slik grense bør gå.

Administrasjonen sin kommentar:

Når det gjeld organisering av skyss og skyssstider, skriv administrasjonen i sitt høyringsdokument at det vert tilrådd å endre krinsgrensa slik at elevar frå Høydal og Fyrde får Øyra skule som sin nærskule. Når skyssordningar blir presentert er det difor med det som utgangspunkt. Det er difor ikkje vist noko skyssordning frå Osdal til Volda, sidan elevar frå Kalvatn og Osdal etter administrasjonen si tilråding vil få Hornindal skule som sin nærskule.

Austefjord grendalag

Grendalaget i Austefjorden observerer at eit stort fleirtal av foreldre ynskjer at elevane skal gå på skule i Volda, og det er positivt at dei blir høyrte av administrasjonen på dette. Samstundes meiner grendalaget at skuleskyss bør dekkast av kommunen same kva skule elevane måtte ynskje å gå på. Austefjord grendalag ynskjer ikkje å ta stilling til skulekrinsgrenser.

Administrasjonen sin kommentar:

Det er tidlegare kommentert at administrasjonen ikkje tilrår at ein endra praksis når det gjeld søknader om å gå på anna skule enn nærskulen. I handsaminga av slike

søknader er det ein føresetnad at dei føresette betalar skuleskyssen.

Høydal Vell/grendalag

Grendalaget skriv at skulen er eit viktig knutepunkt som er samlande og positivt. Å legge ned skulen vil etter grendalaget si meining vere i strid med kommunen sin målsetnad om å stimulere til busetnad på bygdene. Samstundes ser grendalaget at det kan vere positivt for barn og unge å ha fleire å spele på i same aldersgruppe når det kjem til skulekvardagen. Det å vere i eit større miljø kan for mange vere bra.

Grendalaget er opptatt av skuleskyssen, og er særleg uroleg for dei yngste elevane. Ei ordning der ein 1. klassing må ut døra kl 07.00 og vere til skulestart 08.30 er uakseptabelt. Grendalaget meiner det må vere ein følgjeperson som tek i vare dei yngste elevane.

Når det gjeld barnehage meiner grendalaget at bygda og fjorden må få behalde eit slikt tilbod.

Administrasjonen sin kommentar

Skyssordninga administrasjonen tilrår gjer at ein elev i Høydalen går på bussen kl 07.35, og det er tilrådd at skulen startar 08.20. Reisetida på bussen vil vere 35 min. Med tanke på geografi og avstand, vurderer administrasjonen dette som ei god skyssordning.

Elevrådet ved Øyra skule

Elevrådet ved Øyra skule ynskjer elevar frå Austefjorden velkomne til skulen. Det er alltid spanande med nye klassekameratar. Elevrådet meiner alternativ 2 er den beste skyssordninga.

Samarbeidsutvalet ved Øyra skule

Samarbeidsutvalet (SU) støttar skyssalternativ 2, men med følgjeperson. Samstundes ynskjer SU at det blir rekna på kva ei slik ordning vil koste, og evt kven som skal ha ei slik oppgåve.

Ei endring av skulestart frå 08.30 til 08.20 meiner Su vil gje store konsekvensar både for elevar, føresette og tilsette. Starttidspunktet bør difor ikkje endrast.

Administrasjonen sin kommentar

Endra starttidspunkt frå 08.30 til 08.20 vil krevje justering av rutinane til både elevar, foreldre og tilsette, men administrasjonen kan ikkje sjå at dette vil gje store konsekvensar.

Saksopplysningar

Volda kommune er minsteinntektskommune, har vesentleg høgare gjeld og høgare driftsutgifter enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Kommunen har store investeringsbehov der ny ungdomsskule er det største enkeltprosjektet som kommunestyret har prioritert i økonomiplanen. Kommunen brukte oppsparte midlar (disposisjonsfond) for å balansere drifta i 2019, og det er lagt inn bruk av disposisjonsfond for å balansere kvart av åra i 2020 – 2023. I tillegg er det lagt inn større kutt i drifta kvart av desse åra for å ha balanse mellom inntekter og utgifter. Strategien til kommunestyret i gjeldande økonomiplan er å gjennomføre eit innsparings- og effektivitetsprogram på ca 46 millionar kroner for å skape balanse i

drifta og finne dekning for auka renter og avdrag til låneopptak til investeringar på ca 360 millionar kroner. Fylkesmannen har i si uttale til budsjettet for 2020 peikt på at driftsnivået er for høgt. Samtidig har Fylkesmannen oppmoda om at kommunen vurderer investeringsnivået pga av høg lånegjeld. Med bakgrunn i situasjonen og kommunestyret sin strategi i gjeldande økonomiplan, vert energien i organisasjonen brukt på å redusere drifta og utgreie tiltak for ta ned drifta dei komande åra. KS Konsulent si KOSTRA-analyse peikar på det same som Fylkesmannen og er spesifikk på potensialet for å redusere drifta. Rapporten frå dei stiller opp nokre problemstillingar som kommunen vert oppmoda å jobbe ut frå:

- *Kva for oppgåver skal kommunen drive med og ikkje drive med?*
- *Kva er kommunen sine kjerneoppgåver og kva er utfyllande oppgåver som ein kan prioritere viss ein har handlingsrom for det?*
- *Kva standard (kvalitet) og nivå (volum) skal det vere på tenestene?*
- *Kvar skal tenestene driftast frå/kva for lokasjonar?*

Alle tenesteområde vert utfordra på å tenkje heilskap og medverke til å effektivisere og frigjere midlar til å prioritere tenester med veksande behov og til dekning av auka renter og avdrag. Den demografiske og sosiale utviklinga, samt oppgåveoverføring i samband med samhandlingsreforma, viser at det er i helse- og omsorgstenestene kommunen får dei største utfordringane i åra framover. Her må det også effektiviserast, og i tillegg er det behov for å omprioritere ressursar frå dei andre sektorane for å styrke helse- og omsorgssektoren.

I innleiinga til budsjettet for 2020 skriv kommunedirektøren mellom anna:

Vi opplever at også inntektsveksten i 2020 vert svært låg. Dette skaper svært store utfordringar, og det går tungt inn på meg at vi må foreslå så dramatiske tiltak for å ha balanse i økonomien.

Eitt av tiltaka kommunedirektøren viser til er nedlegging av barnehage- og skuledrifta i Austefjorden. Dette tiltaket låg inne med ei innsparing på 2,7 mill i framlegg til budsjett og økonomiplan. Gjennom bruk av oppsparte fondsmidlar valte kommunestyret å finansiere vidare drift i 2020.

I økonomiplanen er det ikkje lagt inn finansiering for drift av Austefjord skule og barnehage utover 2020.

Før kommunestyret kan gjere evt vedtak om nedlegging av drifta, skal saka vere forsvarleg opplyst, og sakshandsaminga skal følgje gjeldande reglar. Det inneber at saka skal ha vore på høyring før administrasjonen legg fram saka til politisk handsaming.

Administrasjonen viser til høyringsdokumentet *Nedlegging av Austefjord barnehage og Austefjord skule, Endring av skulekrinsgrense*, og legg det til grunn i saka.

Kommentarane i høyringsuttalane rettar seg hovudsakleg mot

- Skulekrinsgrense
- Skuleskyss
- Skulestart Øyra

- Barnehagen og skulen som verkemiddel for auka busetnad

Saman med vurderinga av barnets beste, vil administrasjonen difor fokusere på desse punkta i saksframlegget.

Skulekrinsgrense

Gjeldande skulekrinsgrense er i tråd med det Volda kommune og Hornindal kommune vedtok i intensjonsavtalen mellom kommunane før samanslåing:

Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule

I det som heiter Indre Volda skulekrins inngår Høydal, Fyrde, Kalvatn, Bjørke, Viddal og Hornindal.

I tråd med fellesnemnda sitt vedtak, vert det no også gjort vurderingar kring endring i krinsgrensa, sidan Austefjord skule vert tilrådd nedlagt.

Administrasjonen oppfattar at det var eit politisk ynskje om å bygge ein ny og større skulekrins i den indre delen av kommunen i samband med kommunesamanslåinga for på denne måten styrke elevgrunnlaget til Hornindal skule.


Det var til dels sterk motstand frå grendalag og foreldre i Austefjorden mot denne krinsinndelinga. Når saka no kjem opp på nytt, signaliserer foreldre at dei ynskjer Øyra skule i Volda sentrum som nærskule for barneskuleelevane viss skulen i Austefjorden vert nedlagt. Dette kom også fram i dialogmøtet administrasjonen hadde med foreldre 27.02.20.

Grendalaga har ikkje kome med eintydige tilbakemeldingar i sine uttalar. Høydal grendalag skriv ikkje noko om det som gjeld krinsgrense. Austefjord grendalag ynskjer ikkje ta stilling til spørsmålet, medan Kalvatn grendalag ikkje er eintydig i sin uttale.

Sidan 2018 har barn og elevar frå Bjørke og Viddal hatt sitt barnehage- og skuletilbod i Hornindal. Administrasjonen vurderer at det geografisk kan vere naturleg å sjå grunnkrinsen Kalvatn i samanheng med Bjørke og Viddal. På den måten vert delar av den politisk ynskta styrkinga av Hornindal skule sitt opptaksområde teke vare på.

Administrasjonen rår difor til at skulekrinsgrensa vert endra ved at Høydal og Fyrde grunnskriksar vert teke inn i Stor-Øyra skulekrins. Elevane i desse grunnskriksane får Øyra skule og Volda ungdomsskule som sine nærskular.

Kalvatn, Bjørke, Viddal og Hornindal vil då utgjere Indre Volda skulekrins, og får Hornindal skule som sin nærskule. Indre Volda skulekrins vil etter det sjå slik ut:



Indre Volda skulekrins

Skuleskyss

Ved ei nedlegging av Austefjord skule blir skyssordninga for elevane viktig, og det er høyringspartane også opptekne av.

Møre og Romsdal fylkeskommune er ansvarleg for skuleskyssen, men den skal organiserast i samråd med kommunen. Administrasjonen sitt mål har vore å finne fram til ei best mogeleg skyssordning for elevane i samarbeid med fylkeskommunen. I høyringdokumentet er det skissert to alternativ, der det eine vert delfinansiert av kommunen for å korte ned reisetida for elevane.

Administrasjonen rår til at elevar frå Kalvatn grunnskriens skal gå på skule i Hornindal saman med elevar frå Bjørke og Viddal. Skyss for elevane frå Bjørke og Viddal er etablert og innarbeidd. Den blir av den grunn ikkje kommentert meir her.

For elevar frå Kalvatn og Osdal som får Hornindal skule som sin nærskule, vil skyssordninga bli på følgjande måte (det er pr no ikkje elevar på strekninga Nes-Kalvatn):

Skyssordning før skulestart:

Frå Osdal	kl 08.20
Frå Kalvatn	kl 08.30
Skulestart	kl 08.50

Skyssordning etter skuleslutt:

Sidan drosjen først må til Otterdal, får elevane ventetid med tilsyn frå skulen er slutt 14.30 til kl 15.00. Drosjen går då direkte til Kalvatn og vidare til Osdal. Reisetida vert estimert til 20 min frå skulen til Osdal.

For elevar frå Høydal og Fyrde som får sin nærskule i Volda sentrum rår

administrasjonen til følgjande skyssordning:

Skyssordning før skulestart:

Frå Høydal	kl 07.35	
Frå Fyrde	kl 07.50	
Frå Åsskaret	kl 08.00	
Høgskulen	kl 08.10	Elevane treng ikkje krysse E39
Skulestart	kl 08.20	

Skyssordning etter skuleslutt:

Frå høgskulen	kl 13.55	Elevane treng ikkje krysse E39
Haldeplassen	kl 14.00	
Åsskaret	kl 14.35	
Fyrde	kl 14.35	
Høydal	kl 14.55	

Første tida vil elevane vil bli møtt ved busshaldeplass og følgde til skulen.

Etter skulen kan ein velje å la elevane gå på bussen ved høgskulen på veg til haldeplassen. Alternativet er at elevane får følgje til haldeplassen, og går på bussen der kl 14.00.

Den skyssordninga som er skissert her får ein ekstra kostnad på kr 250 000,- pr år. Då har kommunen sikra ei skyssordning som er forsvarleg, og som må kunne sjåast på som likeverdig med skyssordninga til andre elevar i kommunen. Til samanlikning har ein elev frå Velsvika 45 min reise- og ventetid heim frå skulen.

For at ordninga skal kunne seiast å vere likeverdig med skulesysse andre stader i kommunen, finn administrasjonen ikkje å kunne tilrå følgjeperson.

Kostnaden med ein evt følgjeperson er vanskeleg å estimere. Arbeidstida her vil i praksis bli ein time morgon, og ein time etter skuletid. Det åleine vil utgjere i overkant av 25 % stilling. I tillegg vil det kunne utløyse rett til delt dagsverk. Sjølv om det er knytt usikkerheit til grunnlaget, vil ein ut i frå dette måtte rekne med ein meirkostnad på minimum kr 150 000,- pr år.

Opplysningar henta frå folkeregisteret viser følgjande elevtal skuleåret 2021/2022 og fordeling på grunnkrinsane:

	GUT	Høydal	
7. klasse			
6. klasse	GUT	Fyrde	
	GUT	Høydal	
	GUT	Kalvatn	
5. klasse	JENTE	Kalvatn	Osdal
	JENTE	Fyrde	

	JENTE	Høydal
4. klasse	JENTE	Fyrde
	GUT	Fyrde
	GUT	Kalvatn
	JENTE	Fyrde
3. klasse	GUT	Høydal
	JENTE	Fyrde
	JENTE	Kalvatn
	GUT	Fyrde
2. klasse	JENTE	Høydal
	JENTE	Fyrde
1. klasse	GUT	Fyrde
	GUT	Fyrde
	GUT	Høydal
	JENTE	Kalvatn
<i>f. 2016</i>	<i>INGEN</i>	
<i>f. 2017</i>	<i>GUT</i>	<i>Fyrde</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Fyrde</i>
	<i>GUT</i>	<i>Kalvatn</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Kalvatn</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Fyrde</i>
<i>f. 2018</i>	<i>JENTE</i>	<i>Fyrde</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Fyrde</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Kalvatn</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Høydal</i>
<i>f. 2019</i>	<i>GUT</i>	<i>Fyrde</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Fyrde</i>
	<i>JENTE</i>	<i>Kalvatn</i>

Skulestart ved Øyra skule

For å korte ned tida frå elevane forlet heimen til skulen startar, rår administrasjonen til at skulestart ved Øyra skule vert endra til kl 08.20.

Dette er innanfor det forskrift til opplæringslova § 1-6 seier om rammene for dagleg skuletid:

Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl. 08.00 eller slutte etter kl 15.30.

Lova legg til grunn at kommunen saman med fylkeskommunen skal bidra til at skyssordningane til elevane skal bli best mogeleg. Ei justering av starttidspunktet

er eit bidrag i så måte, sidan ventetida bør kortast ned dess lengre reisetida er.


Høyringsuttalar frå Utdanningsforbundet og SU ved Øyra skule hevdar framskunda start vil få store konsekvensar. Endringa krev noko endring i rutinane til både elevar, foreldre og tilsette, men administrasjonen ser ikkje at dette kan gje store konsekvensar. Volda ungdomsskule endra si starttid til 08.20 for få år sidan.



Barnehagen og skulen som verkemiddel for auka busetnad

Fleire av grendalaga peikar på at barnehagen og skulen er eit samlingspunkt i bygda, og ei nedlegging strir mot kommunen sitt uttalte mål om å redusere negativ folketalsutvikling.

Det må vere rett å seie at Volda kommune har investert mykje i skulebygningar og satsa både på barnehage og skule i bygdekrinsane. Både i Austefjorden, Folkestad og Dalsfjorden står det etter måten nye og gode skulelokale inkl symjebasseng. Inntil ungdomssteget vart flytta frå Austefjord skule for få år sidan, har det vore både barnehage og barne- og ungdomsskule i alle desse krinsane.

Dette synest ikkje å kunne hindre nedgang i elev- og folketal i krinsane. Ser ein 10 år attende har utviklinga for barneskulane vore slik:





Sør-Trøndelag fylkeskommune bestilte i 2015 eit [kunnskapsnotat frå Bygdeforskning](#) i samband med arbeid med ein skulebruksplan. I dette kunnskapsnotatet kjem det fram at det er relativt lite forskning på kva skulenedlegging har å seie for lokalsamfunnet. Lokalsamfunnet vert skildra som viktig for elevane og undervisninga, ei trygg ramme og kjelde til kunnskap. Skulen som viktig rolle i og for lokalsamfunnet er sjeldnare kasta lys på. «*Sjølv ikkje i Noreg kor vi er notorisk opptekne av alt som kan påverke folketalet i distrikta, er det gjort særleg mange analysar av kva verknad nedlegging eller etablering/styrking av skulen kan bety i denne samanheng*» (Båtevik m.fl. 2013:11).

Det er ikkje tvil om at barnehage og skule har noko å seie for lokalsamfunnet. Institusjonane representerer eit sosialt fellesskap og er kulturberarar. Det er vanleg og naturleg at den lokale motstanden mot nedlegging av ein barnehage og skule er sterk.

Motivet for å flytte er dominert av sosiale og miljørelaterte motiv. Grunnskule og vidaregåande skule er ikkje mellom dei viktigaste motiva for å flytte til eller bli

buande ein stad (Båtevik .fl. 2013, Sørлие m.fl. 2012). I forskningslitteraturen om grunnskulen ser det ut til å vere slik at skulenedlegging er ein konsekvens av at samfunnet vert uttynna, ikkje omvendt.

I kunnskapsnotatet frå Bygdeforskning heiter det mellom anna:

Telemarksforskning har på oppdrag fra Stange kommune gjennomgått en utredning av skolestrukturen i kommunen (Lie mfl. 2014). Her vurderes konsekvenser av endret skolestruktur, blant annet bosetning og attraktivitet. Også denne studien refererer til manglende støtte i forskningslitteraturen for at bygda dør dersom skolen legges ned. Det er imidlertid vanskelig å si hva som påvirker lokalsamfunnet og tilflytting på lang sikt. «Dersom befolkningen tynnes ytterligere ut etter skolenedleggelse, er det vanskelig å påvise at det skyldes nedleggelsen eller om det er et resultat av en utvikling som ville skjedd uansett» (op. cit.: 88-89). Lie mfl viser til Pettersen mfl (2001) som sier at i bygder der skolen blir lagt ned og det er lang vei til skolen stagnerer gjerne befolkningsutviklingen. I slike bygder er det gjerne utflytting, lite tilflytting og på sikt forgubbing og uttynning. Men også Pettersen mfl sier at en slik utvikling sjelden skyldes skolenedleggelse, men heller forhold knyttet til arbeidsmarkedet, næringsutvikling, befolkningssammensetning m.m. Når skolenedleggelse kommer på toppen forsterker det en allerede påbegynt nedgang i befolkningen. Informantene til Lie mfl (2014) er bekymret for hva som vil skje med bosetningen dersom skolen blir lagt ned, de tror folk vil flytte, ingen vil flytte til og at bygda vil dø – selv om dette ikke støttes av forskning. Men Lie mfl sier også at «På den andre side finner vi ikke forskning som sier at en skolenedleggelse ikke får negative konsekvenser på sikt» (s. 89), og viser at dette til variere med nærhet og avstand til ny skole. Økte utgifter til skoleskyss vil avhenge av om det allerede er skoleskyssordning eller ikke, og elevvelferd vil avhenge av alderen på elevene (eldre elever er mer positive til større skolemiljø enn de yngre

Historia i Volda kommune sine eigne bygdekrinsar tyder ikkje på at eit barnehage- og skuletilbod har bidrege til å hindre redusert elevtal. Det er heller ikkje haldepunkt i det som er av forskning på området som støttar påstanden om at nedlegging av skulen er det som tynnar ut folketalet.

Økonomiske vurderingar

I høyringsnotatet er det estimert kva innsparingar avvikling av drifta ved Austefjord barnehage og Austefjord skule vil gje. Innsparingane blir differansen mellom sparte kostnader og utgifter i samband med endringa.

Estimerte innsparingar ved å legge ned Austefjord barnehage og skule:

	Sum pr år	Merknad
Drift, vedlikehald, reinhald, energi	1 000 000	
Redusert adm skule/SFO	700 000	70 % adm + 50 % ass

Reduserte lærartimar	928 000	1,35 lærarårsverk
Pedagog barnehage	250 000	50 %
Andre innsparingar	80 000	Ulike funksjonar og redusert driftsbudsjett
Kommunal del av skuleskyss	- 250 000 2,7 mill	

Det er i berekninga teke høgde for at utgiftene vil auke noko i dei barnehagane som tek i mot barna frå Austefjorden. Det er også teke høgde for at lærarnorma gjer at mottakaraskulen må få tilført fleire timar for elevane frå Austefjorden.

I høve til det som var lagt inn som estimert innsparing i budsjettet for 2020, er det her midlar til å optimalisere skyssen.

Den økonomiske situasjonen i Volda kommune må sjåast i ein heilskap. Kommunen har store investeringsbehov der ny ungdomsskule er det største enkeltprosjektet kommunestyret har prioritert, og strategien til kommunestyret i gjeldande økonomiplan er å gjennomføre eit innsparings- og effektivitetsprogram på ca 46 millionar kroner for å skape balanse i drifta og finne dekning for auka renter og avdrag til låneopptak til investeringar på ca 360 millionar kroner.

Kommunen brukte oppsparte midlar (disposisjonsfond) til å balansere drifta i 2019, og det er lagt inn bruk av disposisjonsfond for å balansere kvart av åra i 2020 – 2023.

KS Konsulent har i si KOSTRA-analyse peika på kvar kommunen har potensiale til å redusere kostnader. I sin rapport skriv KS Konsulent mellom anna:

KS konsulent anbefaler Nye Volda å analysere nærmere fremtidig elevtallsutvikling og utrede hva de økonomiske besparelsene kan gi i fht. reduksjon i antall elevgrupper ved bl.a. en nedleggelse av Austefjorden skole samt å samle alle ungdomsskoleelvene i Volda sentrum

Barnets beste

På Barneombodet si nettside heiter det mellom anna:

Noen ganger kan voksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner.

Jfr barnekonvensjonen artikkel 3, skal denne saka til liks med andre saker som vedkjem barn, ta omsyn til *barnets beste*. Omgrepet *barnets beste* vert oftast brukt i barnefordelingssaker, men i all kommunal forvaltning som vedkjem barn skal *barnets beste* vere eit grunnleggande omsyn. Det beste for barnet er likevel ikkje det einaste relevante i saka, og når ein skal ta omsyn til det beste for fleire barn i same sak, må ein finne ei løysing som tek vare på alle omsyna og alle barna.

Ein må vurdere i kva grad tilbodet barna og elevane får ved ei endring veg opp for evt ulemper endringa fører med seg. Vidare må ein vurdere om dei økonomiske grunnane veg tungt nok til at ein aksepterer ulempene ved ei endring.

I denne saka skal det beste for både eit bestemt og ubestemt tal barn og elevar takast omsyn til. Tilrådinga til vedtak vil få konsekvensar for både noverande og framtidige barn og elevar i Høydal, Fyrde og Kalvatn.

Alle barnehagebarn vil få plass i annan barnehage.

Ingen elevar vil gå i grupper som er større enn det som er tryggleiksmessig og pedagogisk forsvarleg, og i alle grupper skal lærarnormen vere oppfylt. Alle elevar vil få tilbod om skulefritidsordning på sin nærskeule.

Elevane vil få lenger veg til skulen, men opplæringslova skal sikre at fylkeskommunen organiserer ein tenleg skyss. I tilrådinga til vedtak ligg det inne ei heving av standarden på skuleskyssen ved at Volda kommune finansierer eit betre skyssstilbod enn det fylkeskommunen legg opp til. Skyssentilbodet som er skissert i saka vert vurdert som likeverdig med annan skyss i kommunen.

Volda kommune står ved eit skifte der det er naudsynt med endring for å kunne frigjere midlar til investeringar innan grunnskuledrifta. Det er behov for ny ungdomsskeule, og kommunen treng betre symjeanlegg til grunnskuleelevane.

I den grad ei nedlegging av Austefjord skule måtte føre til ulempe for enkeltelevar, veg omsynet til ei samla gruppe grunnskuleelevar og behovet for midlar til naudsynte investeringar tungt.

Nedlegging av barnehagen og skulen i Austefjorden vil gje barn og elevar eit større fagleg og sosialt fellesskap.

Både elevrådet ved Austefjord skule og foreldra er høyrde i saka, og det er organiseringa av skyssen som er eitt av dei springane punkta i saka. Tek ein omsyn til geografien og avstandane, er det administrasjonen si vurdering at skyssen det blir lagt opp til er forsvarleg og så god som det let seg gjere å få den.

Det er også eit val å oppretthalde skulestrukturen slik den er i dag, og omsynet til *barnets beste* vil også då gjere seg gjeldande. Å oppretthalde strukturen vil gje skuleeigar mindre rom til å frigjere midlar til naudsynte investeringar som vil kome alle elevane til gode.

Administrasjonen har forståing for uroa foreldre kan kjenne på når det kjem framlegg til strukturelle endringar i skuledrifta. Samstundes finn administrasjonen det vanskeleg å forsvare ein struktur som ikkje er økonomisk berekraftig, og som på sikt vil gje alle elevane i grunnskulen i Volda eit redusert tilbod.

Vurdering og konklusjon:

Denne saka er på mange måtar ein prøvestein på det omfattande spare- og effektiviseringsprogrammet i gjeldande økonomiplan. Kommunestyret vil i tida som kjem verte utfordra på tiltak som vil ha større konsekvensar for tenestene og brukarane. Det er kommunestyret som må ta stilling til om ein vil gjennomføre

omprioriteringar i drifta eller evt ta vekk investeringar.

Avgjerder knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen, og må bygge på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar. Volda kommune står ved eit skifte der det er naudsynt med endring. Skal kommunen greie å yte gode tenester og samstundes realisere store og naudsynte investeringar, må ein dreie ressursar frå barnehage og skule i retning av færre einingar som bind opp ressursar.

I økonomiplanen er drifta av Austefjord barnehage og Austefjord skule ikkje finansiert lenger enn ut 2020. Kommunedirektøren tilrår drift av einingane fram til 31.07.2021 og legg vekt på at det er til *barnets beste* at ei endring ikkje skjer midt i eit skuleår. Sidan drifta ikkje er finansiert lenger enn til 31.12.2020, må drift første halvår i 2021 finansierast av disposisjonsfondet.

Det var til dels sterk motstand mot den skulekrinsgrensa som vart vedteke av fellesnemna i samband med ny kommune. Særleg frå foreldra i Høydalen og Fyrde har administrasjonen oppfatta ynskje om at krinsgrensa skal endrast slik at elevane får skuletilbodet sitt i Volda sentrum. Når administrasjonen har tilrådd å endre skulekrinsgrensa slik at Høydal og Fyrde vert teke inn att i Stor-Øyra krins, er det ingen av grendalaga som har uttalt seg eintydning mot det. Ein skulekrins der Kalvatn, Bjørke, Viddal og Hornindal inngår, tek i vare delar av det som var eit politisk ynskje om å styrke grunnlaget for Hornindal skule.

Når det gjeld det pedagogiske tilbodet, er det administrasjonen si vurdering at barn og elevar vil få høve til å kome til større faglege og sosiale fellesskap. Leik og læring skjer i samhandling med andre barn, elevar og vaksne, og det vil ligge betre til rette for det i større miljø.

Mange av høyringspartane er opptekne av skuleskyssen. I det framlegget administrasjonen rår til, går kommunen inn med midlar for å heve kvaliteten på tilbodet. Avstandar og geografi gjer skyssen utfordrande, men det skyssopplegget som vert tilrådd vurderer administrasjonen som forsvarleg.

Når fordelar og ulemper vert vekta, finn administrasjonen at omsynet til *barnets beste* er teke i vare.

Konsekvensar for folkehelsa:

Skulevegen er viktig for å gje barn noko mosjon. Elevar som vert skyssa til skulen får mindre mosjon enn dei elevane som sykklar eller går til skulen, og dette kan ha negativ konsekvens for helsa til elevane, viss det ikkje blir kompensert for på andre måtar.

Mange av elevane i Austefjorden har allereie skuleskyss, men ei nedlegging av skulen vil gje elevane lenger skuleskyss.

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppvekst
Austefjord barnehage
Austefjord skule

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
16/20	Byggenemnda	08.06.2020
141/20	Formannskapet	25.08.2020
96/20	Kommunestyret	24.09.2020

Reglement for byggenemnd - vurdering av forslag til endring av gjeldande reglement

Samandrag:

I møte den 27 april vart det lagt fram forslag til endringar på gjeldande reglement for byggenemnda. Kommunedirektøren har vurdert forslaga og rår til endringane med unntak av å dele opp ansvaret der nemnda kunne peike ut andre enn leiar til å følgje opp prosjekt.

Formannskapet 25.08.2020:

Behandling:

Jan Heltne (H) kom med slikt endringsframlegg:
Stryke "etter behov" i punkt 3

Jan Heltne trekte framlegget sitt.

Røysting (9 røysteføre):
Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 141/20 Vedtak:

Volda kommunestyre vedtek reglement for byggenemnda sist revidert 06.05.2020.

Byggenemnda 08.06.2020:

Behandling:

Ivar Otto - endringer punkt 3 - Oppgåver og rettar, foreslått av Sonja Håvik,
Stryke "etter behov" i punkt 3

Ivar Otto Kristiansen kom med slikt framlegg:
Stryke "etter behov" i punkt 3

Ivar Otto Kristiansen trekte framlegget sitt.

Røysting (5 røysteføre):
Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

BYGG- 16/20 Vedtak:

Volda kommunestyre vedtek reglement for byggenemnda sist revidert 06.05.2020.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre vedtek reglement for byggenemnda sist revidert 06.05.2020.

Vedtak som innstilling frå Byggenemnda - 08.06.2020 - 16/20

Volda kommunestyre vedtek reglement for byggenemnda sist revidert 06.05.2020.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 25.08.2020 - 141/20

Volda kommunestyre vedtek reglement for byggenemnda sist revidert 06.05.2020.

Vedlegg:

Reglement for byggenemnda_forslag frå Ivar O Kristiansen_27042020

Reglement for byggenemnda_sist revidert 06052020

Saksopplysningar:

I møte den 27 april vart det orientert om reglementet for byggenemnda av leiar. I møte vart det lagt fram forslag til endringar frå Ivar Otto Kristiansen.

2. Arbeidsområde

Gjeldande

5 setning: Byggenemnda har ansvar for planlegging og gjennomføring

Forslag:

Revidert 5 setning : . Byggenemnda har ansvar for oppfølging av planlegging og gjennomføring

Ny setning 6 og 7:

Byggenemnda skal være eit fagorgan som ser til at kommunestyret sine vedtak vert fylt opp, og kan gje råd for slutning for kommunestyret, der ulike alternativ vert vurdert.

Byggenemnda er Kommunestyret sitt organ for å sikre at planlegging, gjennomføring og overlevering skjer etter gjeldande lover og forskrifter. Byggenemnda som organ skal sjå til at kommunestyret sitt grunnlag for vedtak vert tilstrekkeleg belyst.

3. Oppgåvar og rettar

Gjeldande

2 setning : Leiar i byggenemnda følgjer dei ulike prosjekta i gjennomføringsfasen og rapporterer saman med prosjektleiar til samla byggenemnd etter behov.

Forslag

Revidert 2 setning : Nemnda skal sjå til at leiar i byggenemnda, eller den nemnda peker ut, følgjer dei ulike prosjekta i gjennomføringsfasen og rapporterer saman med prosjektleiar til samla byggenemnd etter behov og der nemnda som organ ber om det.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at 5 setning under pkt 2 arbeidsområde er tilfredstillande dekt av dagens reglement og det er ikkje naudsynt med noko presisering slik kommunedirektøren vurderer det.

Setning nr 6 er vurdert dekkande fram til første komma og ein rår til at denne setninga vert tatt med- *Byggenemnda skal være eit fagorgan som ser til at kommunestyret sine vedtak vert fylt opp.*

Setning 7 vert vurdert delt opp slik - *Byggenemnda skal sikre at planlegging,*

gjennomføring og overlevering skjer etter gjeldande lover og forskrifter til rett tid, med rett kvalitet og til avtalt pris.

Setning 8 - Byggenemnda skal vurdere ulike alternativ og kome med tilråding til formannskap og kommunestyre

Med omsyn til forslag kring oppgåver og rettar, setning nr 2, har kommunedirektøren følgjande vurdering.

Kommunedirektøren rår ifrå Kristiansen sitt forslag om å dele opp ansvaret som skissert. Slik ein vurderer det vil dette vere meir byråkratisk og kan medføre tap av framdrift i prosjekta når prosjektleiarane må forhalde seg til fleire enn leiar i sine konsultasjonar. Kommunedirektøren rår til at administrasjonen sitt kontaktpunkt mot byggenemnda er leiar lik som for alle andre tenesteutval i kommunen. Forslaget frå kommunedirektøren er at setning nr 2 får slik utforming- *Leiar i byggenemnda følgjer dei ulike prosjekta i gjennomføringsfasen og rapporterer saman med prosjektleiar til samla byggenemnd etter behov og der nemnda som organ ber om det.*

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
34/20	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	05.05.2020
60/20	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	02.06.2020
54/20	Kommunestyret	28.05.2020
71/20	Kommunestyret	18.06.2020
97/20	Kommunestyret	24.09.2020

Regulering av parkering ved høgskulen i Volda

SAMANDRAG:

Volda kommune har inngått intensjonsavtale med Høgskulen i Volda om planlegging av avgiftsparkering på høgskuleområdet. I styremøte 13 juni vedtok HVO å innføre avgiftsbetaling for sine områder. Saka vart lagt ut på høyring i TFU møte den 28.1.20 og fristen for å kome med merknad til saka var 31.3.20. Det har kome inn 8 merknadar til saka.

I høyringsforslaget har kommunen lagt til grunn at når ein kjører inn i parkeringsona vil det vere parkering forbudt på alle **offentleg regulerte områder og langs offentleg ferdselsåre** (veg). Unntaket er når det er skilta at det er lovleg å parkere eksempelvis mot betaling eller der det er opna opp for eksempelvis «parkering for tilsette». Dette betyr at dersom innbyggjarane har tilfredstilt kravet om parkering på eige grunn så vil det ikkje ha nokon konsekvensar. Kommunen har foreslått at innanfor parkeringsona er det parkering forbudt **måndag til fredag frå klokka 08 til klokka 1600**.

«Vilkårsparkering» tyder parkering på vilkår og som vil seie at det er er tillatt å parkere mot betaling, innanfor oppmerka felt, med begrensa maksimal parkeringstid eller andre vilkår, jf. parkeringsforskrifta § 2 bokstav a.

Med begrep «offentleg veg» er det definert som veg som vert vedlikehalde over det offentlege vegbudsjettet, jf. veglova § 1 jf. § kap IV.

Offentleg ferdselsåre er definert som ferdselsdelen av offentleg veg, beregna på trafikk med motorvogn, jf. parkeringsforskriften § 2 bokstav d. Begrepet omfattar og integrerte deler av ferdselsåra, som f.eks. parkeringslommer, kantsteinsparkering osv. Med dette må ein forstå at dei same reglane vil gjelde for parkeringslomme som ikkje er fysisk avgrensa frå

kjørebana.

Offentleg veg som ikkje er offentlig ferdselsåre er parkeringsområder/parkeringsplassar utanfor gategrunn som vert vedlikehalde av det offentlege vegbudsjetten. På desse områda kan det gjevast tillatelse ein einskild person, gruppe av personar, bedrift eller lignande. Det vil vere kommunen som fattar vedtak om slik skilting.

Kommunedirektøren rår til det vert etablert parkeringssone med parkering forbudt slik det går fram av saka. Når vedtak om parkeringssone er fatta vil ein førebu sak om driftsmodell, avtalar m.v

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 02.06.2020:

Behandling:

Avgiftsparkering ved høgskulen, foreslått av Sindre Kvangarsnes, UavhengigVolda-lista
TFU vil at høgskulen sørgar for tilstrekkelig parkeringsplassar til sine studentar slik at man unngår problema som oppstår med manglande parkering. TFU vil ikkje støtte innføring av betalingsparkering på området.

TFU Sak 60/20 Regulering av parkering ved høgskulen i Volda, foreslått av Petter Espe, Høgre

Volda kommune viser til arbeidet som er utført i forhold til eventuell avgiftsparkering ved høgskulen i Volda.

Med bakgrunn i stram økonomi og behov for innsparing ser vi at VK ikkje kan involvere seg i vidare oppstart og drift av parkeringsselskap.

VK ynskjer ikkje å bidra til oppretting av parkeringsselskap for Campus området, og vil ikkje innføre parkeringssone som framlagt i sak.

Om det ved oppretting av avgiftsparkering vert problem med villparkering, vil VK gjennomføre tiltak der dette skulle være naudsynt.

Fellesforslag frå H, VL og Krf, foreslått av Sindre Kvangarsnes, UavhengigVolda-lista

TFU vil at høgskulen sørgar for tilstrekkelig parkeringsplassar til sine studentar slik at man unngår problema som oppstår med manglande parkering. TFU vil ikkje støtte innføring av betalingsparkering på området, og vil ikkje innføre parkeringssone som framlagt i sak.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Jarl Martin Møller, orienterte og svarte på spørsmål.

Petter Espe (H) fremma følgjande:

Volda kommune viser til arbeidet som er utført i forhold til eventuell avgiftsparkering ved høgskulen i Volda.

Med bakgrunn i stram økonomi og behov for innsparing ser vi at VK ikkje kan involvere seg i vidare oppstart og drift av parkeringsselskap.

VK ynskjer ikkje å bidra til oppretting av parkeringsselskap for Campus området, og vil ikkje innføre parkeringssone som framlagt i sak.

Om det ved oppretting av avgiftsparkering vert problem med villparkering, vil VK gjennomføre tiltak der dette skulle være naudsynt.

Sindre Kvangarsnes (VL) fremma følgjande:

Tfu vil at høgskulen sørgar for tilstrekkelig parkeringsplassar til sine studentar slik at man unngår problema som oppstår med manglande parkering. Tfu vil ikkje støtte innføring av betalingsparkering på området.

Det vart halde ei pause.

Espe og Kvangarsnes trekte framlegga sine, og kom med følgjande framlegg på vegne av Høgre, Voldalista og Kristeleg Folkeparti:

TFU vil at høgskulen sørgar for tilstrekkelig parkeringsplassar til sine studentar slik at man unngår problema som oppstår med manglande parkering. TFU vil ikkje støtte innføring av betalingsparkering på området, og vil ikkje innføre parkeringssone som framlagt i sak.

Det vart røysta alternativt mellom Kommunedirektøren si tilråding og fellesframlegget frå H, VL og Krf.

Administrasjonen si tilråding vart vedteke med fem røyster. Dei som røysta for fellesframlegget var Høgre, Voldalista og Kristeleg Folkeparti.

TFU- 60/20 Vedtak:

I kommuneplanen sin samfunnsdel for gamle Volda er vedtatt at ein skal bidra til å redusere klimagassutslepp. Å stimulere til at fleire går, sykklar og nyttar kollektivtransport til arbeid , barnehage, skule og andre aktivitetar er ein del av strategiane i dette arbeidet. Tiltaket med å innføre parkeringsavgift ved høgskulen vil kunne bidra til at fleire vil gå eller sykle til arbeid og skule.

Volda kommunestyre ber administrasjonen om å førebu og gjennomføre innføring av parkeringsone med parkering forbudt og betalingsparkering slik det går fram av saka og at parkeringsone har ei utstrekning som vist på kart dagsett 27.04.2020. Førebuinga skal avklare organisering av parkeringsordninga, og HVO og Volda kommune som partar sine roller.

Kommunestyret 28.05.2020:

Behandling:

Saka vart trekt.

KST- 54/20 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

I kommuneplanen sin samfunnsdel for gamle Volda er vedtatt at ein skal bidra til å redusere klimagassutslepp. Å stimulere til at fleire går, sykklar og nyttar kollektivtransport til arbeid , barnehage, skule og andre aktivitetar er ein del av strategiane i dette arbeidet. Tiltaket med å innføre parkeringsavgift ved høgskulen vil kunne bidra til at fleire vil gå eller sykle til arbeid og skule.

Volda kommunestyre ber administrasjonen om å førebu og gjennomføre innføring av parkeringsone med parkering forbudt og betalingsparkering slik det går fram av saka og at parkeringsone har ei utstrekning som vist på kart dagsett 27.04.2020. Førebuinga skal avklare organisering av parkeringsordninga, og HVO og Volda kommune som partar sine roller.

Vedlegg:

Parkeringssone_datert_27042020

Tilbakemelding frå Helse Møre og Romsdal - Parkeringsavgift - Campusutvikling

Høgskulen i Volda

Tilbakemelding frå Studentsamskipnaden - Parkeringsavgift - Campusutvikling Høgskulen i Volda

Innspel frå Anne-Grete Eiken til vilkårsparkering

Innspel frå Høgskulen i Volda til vilkårsparkering

Innspel frå Einar Ose til vilkårsparkering

Innspel frå Leif Inge og Marina Skare til vilkårsparkering

Innspel vilkårsparkering – sak 1912134

Innspel frå Statsbygg til vilkårsparkering - Høgskulen i Volda

Innspel frå Knut Endre Heltne til sak om vilkårsparkering

Vedl. innspel parkering Nyttun 17

Innspel til villkårsparkering frå Anny og Eivind Høydal

Innspel til vilkårsparkering frå Gjertrud og Jostein Rotevatn

Melding om politisk vedtak - Regulering av parkering ved høgskulen i Volda

SAKSOPPLYSNINGAR:

Etter dialog mellom kommune og HVO kom ein fram til at det er behov for regulering av parkeringa på høgskuleområdet. Volda kommune handsama sak om intensjonsavtale den 05.02.2019 sak PS 23/19 vedrørande planlegging av avgiftsparkering på høgskuleområdet. Avtalen vart signert den 1.2.2019. Formannskapet var open på at andre aktuelle aktørar kan slutte seg til intensjonsavtalen.

HVO og Volda kommune har hatt fleire møte om dette, og styret for HVO har slutta seg til prinsippet om å innføre avgiftsparkering i juni 2019.

I budsjettsaka for 2020 var parkeringsordning på Campusområdet drøfta. I saka vart det orientert om at høgskulen har teke initiativ til å utgreie parkeringsordning på høgskuleområdet og at dei hadde invitert med Volda kommune og Volda Campus Arena. I tillegg er det også vist til dialog med Helseforetaket. Føresetnaden for å få til ei slik ordning var at ein såg samla parkeringsområde på Campusområdet under eitt og får ei felles organisering som forvaltar og utviklar samla parkeringsplassar. I dette låg det og at ein fekk utarbeidd ein skiltplan for omkringingjande område for å hindre villparkering.

I sak kring Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 gav kommunestyret i Volda i møte 12.12.2019, sak 51/19, punkt 24 administrasjonen følgjande oppdrag.

Kommunestyret ber rådmannen som eigar av parkeringsanlegg i Volda Campus Arena (VCA) ta initiativ til forhandlingar med høgskulen i Volda om betalt utleige av parkeringsareal i VCA på dagtid forbrukarar av høgskulen. Dette som alternativ til planlagt

etablering av betalingsparkering på høgskuleområdet med tilhøyrande krav om skiltplanar med parkeringsavgrensingar i bustadområda i nærleiken.

Dette går og fram frå høysingsinnspellet til Høgskulen at ein i samspel med Statsbygg ønskjer å auke tal på parkeringsplassar noko. I si kartlegging viser Statsbygg at 80 % utnytting av parkeringsplassar er å rekne som full utnytting. Teljingar frå Statsbygg viser at høgskulen har over 90 % utnytting av dagens parkeringsplassar.

Administrasjonen har lagt til grunn i saka at ein skal innføre betalingsparkering i VCA. I intensjonsavtalen er det vidare vist til at tidspunkt for betaling må avklarast: *skal ein berre betale på dagtid, eller skal betalinga gjelde heile døgnet.* Kommunedirektøren vil rå til at ein vurderar parkeringsavgift heile døgnet på sentrale delar av høgskuleområdet (også parkeringskjeller i VCA). Ein ser det vidare som vanskeleg å handheve parkeringsutfordringar i randsoner, i dei områda ein innfører betalt parkering, utan å ha tilstrekkeleg verkty for handheving. Administrasjonen legg til grunn at det må lagast ein skiltplan der alle parkeringsregulerande skilt er innteikna og ein rår til å etablere parkeringsone som vist i saka.

I sin uttale har høgskulen klart gitt uttrykk for at ein trur at villparkering i området vil halde fram dersom ein ikkje får ned tal bilar gjennom betalingsparkering. Betalingsparkering kan berre innførast i lag med ein ny skiltplan for området rundt betalingssonen .

Administrasjonen har vidare hatt samtalar med Statsbygg om sal av parkeringsplassar utan at det ligg føre ein avtale til no. Kommunen har sendt over eit avtaleforslag med forslag til løysing og ein forventar at Statsbygg vil kunne gi tilbakemelding på avtaleforslaget om ikkje lenge.

Kostnadar med innføring av dette tenkt dekt av parkeringsinntektene og ordninga er slik tenkt at alle inntekter skal gå inn i drift og ev opparbeiding av parkeringsplassar. Volda kommune eig ein vesentleg del av parkeringsarealet ved HVO, og er derfor naturleg part i ei ordning med avgiftsparkering. Ein må finne praktiske løysingar mellom partane for å sikre at mest mogleg av inntektene går til drift og opparbeiding av parkeringsareal.


Ein viser elles til TFU sak 07/20 den 28.1.20 for ytterligare detaljar. Saka ligg vedlagt

Saka har vore ute til høyring i periode 11.2.20 til 31.3.20. Saka har hatt omtale i Møre og har vore publisert i kommunen sine digitale kanalar. Alle grunneigedomar innanfor sona har vorte særskild varsla ved sms om saka og høyringsfrist.

Merknadar frå høyringsrunde:

Gjertrud og Jostein Rotevatn

I sin merknad viser dei dei at *«For oss er dette ok. Vi har hatt tilfelle av villparkering i gata vår»* Det viktige for oss er at det ikkje blir restriksjonar for oss på parkering på sørsida av Nytun på den stripa som er langs gata - det som høyrer til gnr. 19 bnr. 29, som som eg er medeigar av. Det dreier seg stort sett om det arealet som er rett over gata for Nytun 27.



Eigedomen Nytun 27, ligg nord for HVO

Kommentar:

I høyringsforslaget har kommunen lagt til grunn at når ein kjører inn i parkeringsona vil det vere parkering forbudt på alle **offentleg** regulerte områder og langs **offentleg** ferdselsåre (veg). Unntaket er når det er skilta at det er lovleg å parkere eksempelvis mot betaling eller der det er opna opp for eksempelvis «parkering for tilsette». Dette betyr at dersom innbyggjarane har tilfredstilt kravet om parkering på eige grunn så vil det ikkje ha nokon konsekvensar. Kommunen har foreslått at innanfor parkeringsona er det parkering forbudt **måndag til fredag frå klokka 08 til klokka 1600**.

«Vilkårsparkering» tyder parkering på vilkår og som vil seie at det er er tillatt å parkere mot betaling, innanfor oppmerka felt, med begrensa maksimal parkeringstid eller andre vilkår, jf. parkeringsforskrifta § 2 bokstav a.

Med begrep «offentleg veg» er det definert som veg som vert vedlikehalde over det offentlege vegbudsjettet, jf. veglova § 1 jf. § kap IV.

Offentleg ferdselsåre er definert som ferdselsdelen av offentlig veg, beregna på trafikk med motorvogn, jf. parkeringsforskriften § 2 bokstav d. Begrepet omfattar og integrerte deler av ferdselsåra, som f.eks. parkeringslommer, kantsteinsparkering osv. Med dette må ein forstå at dei same reglane vil gjelde for parkeringslomme som ikkje er fysisk avgrensa frå kjørebanane.


Offentleg veg som ikkje er offentlig ferdselsåre er parkeringsområder/parkeringsplassar utanfor gategrunn som vert vedlikehalde av det offentlege vegbudsjettet. På desse områda kan det gjevast tillatelse ein einskild person, gruppe av personar, bedrift eller lignande. Det vil vere kommuna som fattar vedtak om slik skilting.

Det er vanskeleg å svare heilt ut merknaden då arealet ikkje er kartfesta, men så lenge parkering ligg utanfor det som omfattar offentlig ferdselsåre vil det ikkje ha konsekvensar for grunneigar.

Anny og Eivind Høydal

I sin merknad bed ein om at Kylnevegen blir teken ut av sona for vilkårsparkering. Ein viser til at ein nyttar flata mot elva øvst i Kylnevegen til parkering for egne bilar, for leigebuarar og besøkjande. Denne parkeringa er ikkje til hinder for brøyting, for brannbil, sjukebil, bosbil eller anna trafikk.

Dei hevdar at det einaste ein oppnår ved å innføre parkeringsrestriksjonar er «å gjere det vanskeleg for oss som bur her ved at at vi unødvendig kan verte tvinga til å ta opp parkeringsareal andre stader» Vidare opplyser ein om at det er dei som har fylt ut flata og betalte leige for den i 60 år, men dei eig den ikkje. Ønskjer at etablering av heile sona vert satt på vent til det eventuelt syner seg at den trengs.




Høydal bur i Kylnevegen 4 og ligg rett vest for ungdomskulen. Kylnevegen går frå Anders Vassbotn vegen i sør til Porsemyrvegen i nord.

Kommentar

Ein viser til kommentaren for Nytnun 27 legg til grunn at det vil vere mogleg å imøtekomme behovet for grunneigar med omsyn til parkering så lenge det ikkje omfattar offentleg ferdselsåre.

Knut Endre Heltne

Viser til at ein har 3 bilar i husstanden og peikar på at dei tre borna vil etter kvart få eigen bil og at ein har behov for ein del parkeringsareal sjølv. Tomta til Heltne grensar til vegen og Heltne peikar på at ein eig arealet sjølv utanfor vegen og for så vidt ein del av vegen. Besøkande nyttar parkering langs vegen og Heltne vil ha høve til å parkere på dette arealet utan restriksjonar. Ønskjer at det vert skilta med parkering for Nytnun 17 slik at det ikkje oppfordrar til villparkering.



Nytnun 17 ligg i svingen nord for høgskuleområdet

Kommentar :

Ein viser til kommentaren for Nytun 27 og presiserer at det er opp til kvar einskild grunneigar og syte for at ein har tilstrekkeleg med parkering på eigen grunn.

Statsbygg

Viser til at «Statsbygg eier storparten av grunn og bygg innanfor høgskoleområdet, inkludert over halvparten av parkeringsplassene. Høgskulen i Volda (HVO) leier eiendom og bygningsmasse av Statsbygg innanfor Statens husleieordning.»

I sin merknad viser dei til Statsbygg sin strategiske utviklingsplanar for universitet og høgskular og konkluderer med at «Innføring av vilkårsparkering vil altså være i tråd med campusutviklingsplanen.»

Ein saknar ein beskrivelse av bakgrunn, hensikt, vurderte løysingar og ønska verknad av parkeringsreguleringa, men legg vidare til grunn at «erfaringer fra andre universiteter og høgskoler at innføring av parkerings-regulering vil medføre at færre bruker bil til og fra høgskolen og dermed lavere etterspørsel etter parkeringsplasser.»

Til slutt oppmodar Statsbygg til at Volda kommune avklarar med HVO kva eit mogleg framtidig overskot frå parkeringsordninga skal nyttast til.

Kommentar:

Ein tek innspelet til vare og legg til grunn at det må vere ein tett og god dialog med HVO i den vidare prosessen.

Leif Inge og Marina Skare for Porsemyrvegen 27,29 og 31

I sin merknad har ein forståing for utfordringane med parkering ved høgskulen og ynskjer sjølv sagt at Høgskulen finn ei god løysing. Som bilistar har ein erfart frå andre stadar med soneparkering at det er vankeleg å finne lovleg parkering i randsonene, og at det fort oppstår parkeringsbot. Som fastbuande i Volda er betalingsparkering noko vi ikkje ynskjer.

Dei peikar på at til vanleg har dei nok parkeringsplassar på privat eigedom, men ser at ein av og til har behov for å parkere ved veg innafor sona definert 10.10.19 uten at dette utløyser parkeringsbot. Dei ynskjer derfor ei ordning for å behalde om lag same rettane som i dag og legg fram forslag som:

- Dersom det blir sett opp parkering forbudsskilt, må der være underskilt med f.eks «parkering til eigedomane tillate».
- Dersom det blir definert parkeringssone/randsone som foreslått, foreslår vi at

tomtene innafor sona, i alle fall i vårt område, får tildelt for eksempel 2 gjesteparkeringskort per bueining. Dette gjer det enklare for mellombels parkeringsbehov og ved f.eks arbeid på tomte.




Eigedomane ligg nordvest for ungdomskulen og på nordsida av Porsemyrvegen.

Kommentar:

Ein viser til kommentar for Nytun 27. Det vil ikkje vere tilrådeleg å opne opp for underskilt eller gjesteparkeringskort slik det er spelt inn forslag om. Slik administrasjonen vurderer det vil dette vere byråkratisk, lite effektivt og ikkje naudsynt. Ein viser til at tiltaket med parkering forbudt er på dagtid **frå måndag til fredag mellom klokka 08 til klokka 16**. Normalt sett vil parkeringsrestriksjonane ikkje vere vesentleg til hinder for busetnaden langs gatene i Volda der desse restriksjonane vert innført i dette tidsrommet. Ved arbeid på eigedomane vil arbeidsbilane/handverkarane vere godt merka med logo eller liknande. I desse tilfella med arbeid på eigedomane bør ein ha ei løysingsorientert tilnærming så lenge det ikkje er snakk om at parkeringa medfører trafikkfarlege situasjonar på staden. I andre kommuner der det er same restriksjonar er det lagt vekt på god dialog mellom parkeringsselskap og tenestetilbydar for å finne gode løysingar i fellesskap.

Einar Ose

Merknaden frå Ose er i store trekk lik merknad frå grunneigarane i Porsemyrvegen 27,29 og 31. Vidare peikar ein til dei som bur i Porsemyra eig ein del av gata.



Porsemyrvegen 26 ligg nordvest for ungdomskulen og på sørsida av Porsemyrvegen

Kommentar:

Ein viser til kommentar for Nyttun 27 og Porsemyrvegen 27,29 og 31.

Høgskulen i Volda

I sin merknad takkar ein for at Volda kommune har gjort ein god jobb med å utarbeide eit forslag til skiltplan og at denne er sendt på høyring.

I merknaden viser ein til at for høgskulen er det viktig å få på plass ei betalingsparkeringsordning som kan redusere trykket på parkeringsplassane våre og fjerne villparkeringa i området rundt høgskulen. Høgskulen har hatt stor vekst i både tilsette og studentar dei siste åra, noko som kjem Volda-samfunnet og regionen til gode. Samstundes gjev det utfordringar i form av auka biltrafikk til høgskulen. Villparkering skapar utfordringar for våre naboar og farlege forhold med omsyn til tilgang for utrykkingskøyretøy.

Høgskulen har gjennomført ei reisevaneundersøking blant studentar og tilsette. Denne syner at mange som bur nær høgskulen køyrer bil til og frå høgskulen. 14 % av studentane og 24 % av dei tilsette som bur mindre enn 1 kilometer frå høgskulen oppgir at dei nyttar bil som primærreisemiddel om vinteren. Målet for høgskulen er at fleire av desse skal gå eller sykle. Høgskulen peikar på erfaringar frå andre stader at det er vanskeleg å gjere store endringar i reisevanar utan kraftige verkemiddel, som til dømes betaling.

Høgskulen og Statsbygg arbeider med å auke tal parkeringsplassar noko, men auka tilgjenge aukar også bruken, og vi vil ikkje kunne dekke parkeringsbehovet med fleire parkeringsplassar åleine. Statsbygg opplyser at 80 % utnytting av parkeringsplassar er å rekne som full utnytting. Teljingar frå Statsbygg viser at høgskulen har over 90 % utnytting av dagens parkeringsplassar. Høgskulen trur at villparkering i området vil halde fram dersom ein ikkje får ned tal bilar gjennom betalingsparkering. Betalingsparkering kan berre innførast i lag med ein ny skiltplan for området rundt betalingssonen.

Når det gjeld sona skiltplanen skal gjelde for, er det ikkje avgjerande for høgskulen

at denne også omfattar sjukehuset. Høgskulen er orientert om at Volda kommune ser for seg at sjukehuset også vil ha behov for å innføre betalingsparkering i nær framtid, og at sonen derfor er utvida samanlikna med det opphavlege forslaget frå høgskulen. Dersom sjukehuset uttrykker bekymring for forslaget ser høgskulen for seg at ein reduserer skiltsonen til det opphavlege forslaget.

Høgskulen er glad for samarbeidet med Volda og Ørsta kommunar om å betre kollektivtrafikken i området og håper det kan føre til betre tilbod på lenger sikt. Vonleg kan betalingsparkering, betalingsparkering og andre tiltak i til saman føre til ei positiv utvikling, også med tanke på miljøutfordringar.

Kommentar:

Forslaget frå kommunen med omsyn til skiltplan tek høgde for at sjukehuset kan innføre betalingsparkering på sine områder. Ein kan vurdere ved etablering å redusere parkeringsone, men det må ein kome attende til.

Ein tek elles merknaden til vitande.

Anne Grete Eiken på vegne av Storgata 49 og Porsemyrvegen 24

Merknaden er i store trekk lik som for Porsemyrvegen 26, 27,29 og 31 og peikar på dei aller fleste eigedomane innanfor randsona har opparbeida eigen parkering, men problem oppstår når ein får gjestar og har handverkarar eller skal nytte tjenester som heimehjelp, heimesjukepleie osv.

Ein ber om at dersom ein innfører betalingsparkering bør det utarbeidast ei ordning slik at dei som bur innanfor denne sona ikkje risikerar å få bot.

Dersom det blir sett opp eit parkering forbode skilt bør det være eit underskilt om at parkering til eigedomane er tillatt. Ein kan også få ei ordning der eigedomane får tildelt gjesteparkeringskort.



Eigedomane er merka med rødt firkant

Kommentar:

Ein viser til kommentar for Nyttun 27 og Porsemyrvegen 26, 27,29 og 31.

Helse Møre og Romsdal

Ein har hatt dialog pr. telefon i saka og tilbakemelding er at ein er noko forsinka i sitt arbeid, men arbeidar fortsatt etter plan om å ta ei beslutning i første halvdel 2020 om innføring av parkeringsavgift for besøkande/gjesteparkering.

Studentsamskipnaden

Ein har hatt dialog pr. epost i saka og Studentsamskipnaden si tilbakemelding er å *ikkje meine noko om parkeringsavgift og moglege restriksjonar på kommunale gater rundt høgskulen.*

VURDERING OG KONKLUSJON:

I campusutviklingsprosjektet som vart avslutta i 2015 drøfta ein parkeringssituasjonen på HVO. I sluttrapporten går det fram at mange opplever at det er vanskeleg å finne plassar midt på dagen. Mange dagar i året er det ein ganske kaotisk parkeringssituasjon i samband med samlingar for deltidsstudentane. Prosessen har også vist at mange køyrer til jobb og studiestad sjølv om avstanden er kort. Eit av tiltaka i utviklingsprosjektet var å vurdere avgiftsparkering. Med dette som bakteppe vart det inngått ein intensjonsavtale med føremål om å medverke til å realisere ei ordning med avgiftsparkering på Høgskulen i Volda sitt område.

Administrasjonen har lagt fram forslag til løysing med omsyn til områder som ein vil krevje betalt parkering og laga forslag til skiltplan som ivaretek moglege parkeringsutfordringar i nærområde til høgskulen. Saka har vore sendt på høyring og merknadar er vurdert og kommentert.

Høgskulen har tydeleg eit behov for å få regulert parkeringa på høgskuleområdet for å sikre at dei som har behov for parkering får plass, og for å unngå kaotiske tilstandar med overfylte parkeringsplassar og parkering utanfor dei oppmålte parkeringsplassane.

I denne saka er det to alternativ:

- Ikkje gjere noko og halde fram som tidlegare
- Innføre parkeringsordning mot avgift og med forbodssoner utanom dei oppmerka plassane

Å ikkje gjere noko vert vurdert som eit lite ynskeleg alternativ. Volda kommune som verts-kommune bør tilretteleggje for at Høgskulen kan utvikle seg. Parkeringsordning er innført ved fleire høgskular, som t.d Høgskulen i Ålesund og Høgskulen i Sogndal.

Det er ulike mekanismar for å regulere tilgang og etterspørsel etter eit gode. I den


private marknaden vert dette regulert gjennom prising av eit gode. Offentlege gode som er gratis vil kunne få uendeleg etterspørsel og danne kø eller verte overfylt dersom eit ikkje vert regulert. Derfor er det i enkelte samanhengar behov for å innføre gebyr eller betalingsordning for regulere etterspørselen. Avgift for regulering av parkering er eit døme på eit slikt behov. Ved å ta avgift får ein også inn pengar til å opparbeide og vedlikehalde parkeringsanlegg. Utan slike inntekter, må kommunen for dei kommunale parkeringsanlegga prioritere parkeringsplassar opp mot drift og investeringar innanfor kommunen sine kjernetenester.

Erfaringa er ofte at der ein har hatt parkeringsavgift over tid, og har vorte vant med ordninga, så vert dette ikkje opplevd som noko problem. Iallfall dersom avgifta ikkje er høg. Parkeringsordning reduserer unødvendig bilbruk, frigjer plass til dei som har behov for parkering og det gir inntekter til å drifte og opparbeide parkeringsplassar. Det er viktig at ein får til ei god oppfølging av ordninga. Dette kjem ein attende til i eiga sak.

Volda kommune sin samfunnsplan har mål om å redusere klimagassutslepp m.a ved å stimulere til at fleire går, sykklar og nyttar kollektivtransport til arbeid , barnehage, skule og andre aktivitetar. Kommunen legg til rette i eigen regi for å nå denne målsettinga i dei ulike byggeprosjekta som ein gjennomfører. Vidare vil kollektivprosjektet med Ørsta kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune bidra til å nå målsetjingane knytt til klimagassutslepp. I prosjektet rettar ein fokus mot å optimalisere kollektivtilbodet for dei som bur, arbeider og studerer i Volda.

I samband med utbygging av VCA og mediebygget ved høgskulen har dei nye parkeringsplassane i parkeringskjeller VCA samt utendørs ved VCA erstatta dei ein misser av parkeringsplassar ved realisering av mediebygget. Kommunen er i dialog med Statsbygg for å kunne få kompensert noko av desse kostnadane. Ein forventar at ein avtale kan ligge føre med det første.

Merknadar som har kome inn i saka er kartfesta med blått merke. Parkeringsona er merka med rød strek og dei svarte punkta viser skilt inn/ut av sone.



Merknadane frå naboane i den vestlege delen er i store trekk like der dei på generelt grunnlag ikkje ønskjer betalingsparkering, men dersom det vert innført har dei forslag om ein opnar opp for at parkering til eigedomane er tillate. Ein har vurdert og kommentert innspela i saksutgreiinga.


Merknaden frå Kylnevegen om at dei ynskjer å nytte opparbeidd grunn utanfor offentlig ferdselåre til parkering er vurdert og kommentert i saksutgreiinga.

Dei to merkna som ligg føre frå Nytnunvegen er i utgangspunktet ganske lik som for dei som er lokalisert i Storgata og Porsemyrvegen. Ein har vurdert og kommentert innspela i saksutgreiinga.

Bakgrunn for saka og føremål med intensjonsavtalen var å medverke til å realisere ei ordning med avgiftsparkering på Høgskulen i Volda sitt område. Det er vist til at ein skal utarbeide ein skiltplan som omfattar campus, randsone og det er vidare presisert i avtalen at ein skal avklare driftsmodell for ei avgiftsordning. Driftsmodell vert å kome attende til når vedtak om innføring av parkeringsone ligg føre.

Der er og fleire andre forhold som må fysisk på plass, som vist i førre sak, før ein kan starte å krevje betaling for parkering innanfor sona. Ein gjer merksam på at det frå kommunen si side ser det som vanskeleg å handheve parkering forbudt i randsone utan å gå i samarbeid med andre som eksempelvis Hapark (parkeringselskap Hareid kommune).

Ein har foreslått at innanfor parkeringssona er det parkering forbudt måndag til fredag frå klokka 08 til klokka 1600. I utgangspunktet var det signalisert at det same skulle gjelde for avgiftsparkering. Kommunedirektøren rår til at ein vurderar å utvide dette tidsrommet med omsyn til avgiftsparkering på parkeringsplassar som er lokalisert på sentrale delar av høgskuleområdet (også parkeringskjeller i VCA) som vist under. Her bør det vere avgiftsparkering heile veka heile døgnet.



Parkeringsavgift heile døgnet og året rundt er merka med gul sirkel.

Kommunedirektøren rår til det vert etablert parkeringsone med parkering forbudt slik det går fram av saka. Når vedtak om parkeringssone er fatta vil ein førebu sak om driftsmodell, avtalar m.v

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
158/20	Formannskapet	15.09.2020
98/20	Kommunestyret	24.09.2020

Søknad om kommunal garanti, Volda kyrkjelege fellesråd

Samandrag:

Volda kyrkjelege fellesråd søker om kommunal lånegaranti på kr 2.852.000. Lånet skal finansiere ombygging av alarmanlegg, rehabilitering av kopartak og orgel, rullestolrampe og gravplassar fordelt på fleire kyrkjer. Investeringsane er vedtatt av Volda kyrkjelege fellesråd, prosjekt 042 og 043 i investeringsbudsjettet for 2020.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 158/20 Vedtak:

Volda kommune gjev Volda kyrkjelege fellesråd garanti på lån pålydande kr 3.137.000. Dette er kostnad på investeringar med eit tillegg på 10% for uforutsette kostnader. Beløpet er innanfor terskelen for kva kommunen kan gi utan fylkesmannen si godkjenning.

Garantien vert gitt på slikevilkår:

1. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti
2. Garantien gjeld for lånet si nedbetalingstid som er 36 år
3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune gjev Volda kyrkjelege fellesråd garanti på lån pålydande kr 3.137.000. Dette er kostnad på investeringar med eit tillegg på 10% for uforutsette kostnader. Beløpet er innanfor terskelen for kva kommunen kan gi utan

fylkesmannen si godkjenning.

Garantien vert gitt på slikevilkår:

1. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti
2. Garantien gjeld for lånet si nedbetalingstid som er 36 år
3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 158/20

Volda kommune gjev Volda kyrkjelege fellesråd garanti på lån pålydande kr 3.137.000. Dette er kostnad på investeringar med eit tillegg på 10% for uforutsette kostnader. Beløpet er innanfor terskelen for kva kommunen kan gi utan fylkesmannen si godkjenning.

Garantien vert gitt på slikevilkår:

1. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti
2. Garantien gjeld for lånet si nedbetalingstid som er 36 år
3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet

Vedlegg:

Søknad frå Volda kyrkjelege fellesråd om kommunal garanti - investeringslån
Epost

Andre relevante dokument:

Søknad frå Volda kyrkjelege fellesråd om kommunal garanti - investeringslån

Saksopplysningar:

Frå og med driftsbudsjettet 2020 har fellesrådet innarbeidd renter og avdrag til eit nytt lån på inntil kr 3.000.000.

For å få så gunstige vilkår som mogeleg, er det viktig å ha kommunal garanti for fellesrådet sine investeringslån. Aktuelle lånegjevarar til då vere Kommunalbanken og KLP. Kommunalbanken set krav om ein lånegaranti som svarar til lånebeløpet med eit tillegg på 10% i lånet si betalingstid med tillegg av to år.

Vurdering og konklusjon:

Ein kommunal garanti vil påføre kommunen ein risiko. Risikoen må vurderast opp mot verdien av resultatet. Garantien vert redusert etter kvart som momskompensasjonen vert utbetalt.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Bygging av gravplassar vil bety ein del graveaktivitet i området. Forureining og støy frå anleggsmaskinene i dette tidsrommet er ikkje til å unngå. Det er ikkje grunn til å tru at forureining frå denne aktiviteten er noko verre enn frå annan liknande byggeaktivitet.

Økonomiske konsekvensar:

Volda kommune sin lånegaranti er avgjerande for å dette prosjektet i gong i 2020. Kostnadane ved renter og avdrag på låna til Kyrkjeleg fellesråd vert finansiert gjennom årlege investeringstilskot frå Volda kommune.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Konsekvensar for barn og unge:

Ingen

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
161/20	Formannskapet	15.09.2020
99/20	Kommunestyret	24.09.2020

Søknad om utvida forskotering, Volda TI Fotball

Samandrag:

Volda TI Fotball søker om utvida forskotering av spelemidlar knytt til fornying av Volda stadion. Sommaren 2019 starta arbeidet med rehabilitering av hovudanlegget på Volda stadion, dette arbeidet er ikkje heilt ferdigstilt då Covid-19 gjorde noko utslag på framdrifta.

Den 29.05.19 søkte VTI om spelemidlar på kr 3.083.000, ein søknad som seinare vart utvida til ei ramme på kr 3.700.000. Dermed søker VTI om ei forskotering på resterande spelemiddelbeløp, kr 617.000.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 161/20 Vedtak:

Volda kommune vel å forskotere kr 617.000 til Volda TI Fotball, finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune vel å forskotere kr 617.000 til Volda TI Fotball, finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 161/20

Volda kommune vel å forskotere kr 617.000 til Volda TI Fotball, finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Vedlegg:

Søknad om forskottering av resterande spelemidler - idrettsfunksjonell
førehandsgodkjenning, lånegaranti, forskott på spelemidler - Volda stadion
Epost

Andre relevante dokument:

Søknad om forskottering av resterande spelemidler - idrettsfunksjonell
førehandsgodkjenning, lånegaranti, forskott på spelemidler - Volda stadion

Saksopplysninger:

29.05.2019 vart det søkt om lånegaranti, stønad og forskotering av spelemidler knytt til fornying av Volda stadion. Dette vart innvilga og arbeidet starta opp sommaren 2019. Under arbeidet visste det seg at ein måtte skifte all drens, kloakk og avløpsrør tilknytta klubbhuset på Volda stadion. Grunna desse endringane så vart grunnlaget for spelemiddelsøknaden endra, og fylkeskommuna behandla og godkjente utvida søknad.

Vurdering og konklusjon:

Forskotering av spelemidler er ikkje ein stønad, då kommunen vil få desse pengane attende frå fylkeskommunen. Det er forskotering av midlar til VTI så dei kan få ferdigstilt prosjektet dei satte i gong i 2019. Utan ei forskotering så må prosjektet setjast på vent, noko som kan føre til ein høgre kostnad.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:
Ingen

Miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Forskottering av spelemidler gir Volda kommune låg økonomisk risiko.
Spelemidlane er allereie innvilga, så dette kan reknast som eit lån der sikkerheita er svært god. Pengane må takast av disposisjonsfonet, og vil medføre ein svekka likviditet inntil pengane vert utbetalt frå fylkeskommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Konsekvensar for barn og unge:
Ingen

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?
Nei

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
160/20	Formannskapet	15.09.2020
100/20	Kommunestyret	24.09.2020

Søknad om støtte i forbindelse med Covid-19 - Volda skisenter AS

Samandrag:

Volda Skisenter AS søker om økonomisk stønad grunna Covid-19. Sidan skisenteret ikkje kunne halde ope i 32 døger, inklusive påske, så vart driftsinntektene kr 737.000 lågare i år enn i fjor.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

PS 160/20 Covi 19, foreslått av Jan Heltne, Høgre

Volda Kommune er ein stor eigar i Volda Skisenter as. Volda Kommune ved ordføraren vert oppmoda om å gå samtale med Volda Skisenter as for å få avklart den økonomiske situasjon til Volda Skisenter.

Jan Heltne (H) kom med slikt framlegg:

Volda Kommune er ein stor eigar i Volda Skisenter as. Volda Kommune ved ordføraren vert oppmoda om å gå samtale med Volda Skisenter as for å få avklart den økonomiske situasjon til Volda Skisenter.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 6 røyster og vart vedteken, 3 røysta mot (Jan Heltne, Dan Helge Bjørneset og Odd A. Folkestad).

Framlegget frå Jan Heltne vart samrøystes vedteke.

FSK- 160/20 Vedtak:

Volda kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden frå Volda Skisenter AS om økonomisk stønad grunna Covid-19.

Volda Kommune er ein stor eigar i Volda Skisenter as. Volda Kommune ved ordføraren vert oppmoda om å gå samtale med Volda Skisenter as for å få avklart

den økonomiske situasjon til Volda Skisenter.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekome søknaden frå Volda Skisenter AS om økonomisk stønad grunna Covid-19.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 160/20

Volda kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekome søknaden frå Volda Skisenter AS om økonomisk stønad grunna Covid-19.

Volda Kommune er ein stor eigar i Volda Skisenter as. Volda Kommune ved ordføraren vert oppmoda om å gå samtale med Volda Skisenter as for å få avklart den økonomiske situasjon til Volda Skisenter.

Andre relevante dokument:

Nokre spørsmål og viktig info frå Volda skisenter angåande søknad om tilskot - Opprusting av parkeringsplassen ved Volda skisenter

Saksopplysningar:

Volda Skisenter har per 31.05.2020 eit negativt resultat på kr 513.000,-
Driftsinntektene er kr 737.000 lågare i år enn i fjor. Dette har samband med at skisenteret ikkje kunne halde ope i 32 driftsdøgn. I tillegg til at ein måtte halde stengt, så var det i ei periode der han normalt har høg inntekt.

Det er ikkje søkt om eit konkret beløp.

Volda Skisenter har tidlegare søkt om forskot på driftstilskot, dette har dei fått, men ein ser at tiltak/tilskot ut over dette er det ikkje rom for. Volda Skisenter AS må i likheit med andre lag og organisasjonar søkje om kompensasjon for inntektstap, viser til www.lottstift.no for ytterlegare informasjon.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune har allereie utbetalt driftstilskotet for neste år for å betre likviditeten. Volda kommune er inne i ei krevjande økonomisk situasjon og kan ikkje innvilge ytterlegare støtte.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen (då legg eg til grunn at avslaget ikkje betyr avvikling av noko aktivitetstilbod).

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Dersom Volda kommune skal dekke desse kostnadane, så må det takast frå disposisjonsfondet. Kommuna er som kjendt i ein krevjande økonomisk situasjon, og ein må tenkje at lag og organisasjonar skal likebehandlast. Skal dette dekkast, så vil det kunne medføre ei forventning om støtte til fleire aktørar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Konsekvensar for barn og unge:

Ingen (så lenge aktivitetstilbodet består)

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
159/20	Formannskapet	15.09.2020
101/20	Kommunestyret	24.09.2020

Søknad om refusjon av kostnader til opprusting av parkeringsplass

Samandrag:

Volda skisenter AS og VTI Langrenn og Skiskyting søker om refusjon av kostnader til opprusting av parkeringsplass ved Volda Skisenter.

I 2018 sa Volda kommune seg villig til å dekkje kr 883.000 til asfaltering av parkeringsplass på Reset. Arbeidet vart gjennomført i samband med kommunale løyvingar som kom i høve asfaltering av grusvegar. Det vart då gjort klart frå kommunen si side at der ikkje var meir pengar til ytterlegare asfaltering, då måtte dei i så fall koste dette sjølve.

Dette var 8.000 m² av ein parkeringsplass på til saman 15.500 m². Då dette arbeidet skulle starte opp, såg Volda Skisenter AS og VTI Langrenn og Skiskyting eit behov å få utført masseutskifting på delar av parkeringsplassen. Det er kostnaden på denne masseutskiftinga og drenering, samt asfalt på 4.000 m² Volda Skisenter AS og VTI Langrenn og Skiskyting ønskjer å få refundert.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

PS 159/20 Parkeringsplass, foreslått av Jan Heltne, Høgre

Volda Kommune har ikkje avsett midlar til dette føremålet i 2020 så søknaden kan ikkje imøtekomast no, men vert vurdert å ta opp i budsjettarbeidet for 2021.

Jan Heltne (H) kom med slikt framlegg:

Volda Kommune har ikkje avsett midlar til dette føremålet i 2020 så søknaden kan ikkje imøtekomast no, men vert vurdert å ta opp i budsjettarbeidet for 2021.

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå kommunedirektøren og framlegget frå Jan Heltne. Framlegget til Jan Heltne fekk 5 røyster og vart vedteke, 4 røysta for tilråding frå kommunedirektøren (Ola Perry Saure, Øyvind Festø, Cecilie Rørstad og Odd A. Folkestad).

FSK- 159/20 Vedtak:

Volda Kommune har ikkje avsett midlar til dette føremålet i 2020 så søknaden kan ikkje imøtekomast no, men vert vurdert å ta opp i budsjettarbeidet for 2021.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre syner til saksutgreiinga og finn ikkje grunn til å vere med på å finansiere meirkostnaden ved utviding av asfaltering ved Volda Skisenter og vel difor å avslå søknad frå Volda Skisenter AS og VTI Langrenn og Skiskyting.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 159/20

Volda Kommune har ikkje avsett midlar til dette føremålet i 2020 så søknaden kan ikkje imøtekomast no, men vert vurdert å ta opp i budsjettarbeidet for 2021.

Vedlegg:

Søknad om refusjon forskottering av asfalt Volda Skisenter

Refusjon forskottering av asfalt Volda Skisenter

skiparkering søknad VK 19.09.2018

Innspel frå VTI Langrenn og Skiskyting til administrasjonen si tilråding - Opprusting av parkeringsplassen ved Volda skisenter

Innspel til administrasjonen si tilråding

Signert avtale mellom partane for asfaltering som vart utført i 2018 - Opprusting av parkeringsplassen ved Volda skisenter

Kopi av signert avtale mellom VK og skisenteret - asfalt på Reset 2018

Andre relevante dokument:

Søknad om refusjon forskottering av asfalt Volda Skisenter

Saksopplysningar:

I 2018 løyvde Volda kommune kr 883.000 til asfaltering på Reset.

Det var ein betydelig sum som ville dekke 8.000 m². Desse midlane kom i samband med kommunale løyvingar i høve asfaltering av grusvegar, og skulle fordelast på fleire prosjekt.

I avtalen som er signert av representantar for Volda kommune og Volda Skisenter, kjem det tydeleg fram at arbeid utover dette må dekkjast av Volda Skisenter AS.

Dei to idrettsforeiningane som her søker refusjon, vurderte det som uheldig å berre asfaltere delar av parkeringsplassen. Med tanke på framtidig vedlikehald, og då særleg for brøyting om vinteren så ville det vere ugunstig å la delar av arealet vere utan asfalt. Dermed valde Volda Skisenter AS å asfaltere ytterlegare 4.000 m². Når dette arbeidet skulle starte opp så viste det seg at det var naudsynt med masseutskifting på delar av arealet.

Volda kommune renoverte nedre del av parkeringsplass i 2015. Det er arealet som då ikkje vart renover, som ein no såg behovet for å utbetre.

Dette arbeidet i tillegg til asfaltering av 4.000 m² hadde ein kostnad på k 1.500.000.

For å dekkje dette tok Volda Skisenter opp eit lån på kr 1.000.000 og VTI Allidrett tok opp eit lån på kr 500.000. Det er ikkje kommunalt garanti knytt til desse låna.

Dette vart gjort på eige initiativ, og det var ikkje gjort noko avtale med Volda kommune om at dette var noko form for forskottering som skulle betalast tilbake.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune har gjennom avtale signert 19.9.2018 forplikta seg til å ta kostnader i storleik kr 883 000 eks.mva. Avtalen er presis og signert av begge partar. Avtaleforpliktelsane som låg til grunn på avtaletidspunkt er godt kjent og ikkje til å misforstå.

Volda kommune har oppfylt sine forpliktelsar fullt ut.

Volda skisenter med samarbeidspartnarar vedtok sjølve å utvide prosjektet på eige initiativ og tok då på seg ekstrakostnader. Der ligg ikkje føre noko avtale om forkottering med Volda kommune. Med omsyn til avtale pkt 6 som ein viser til så er ikkje det relevant for saka. Bakgrunnen for dette er at kommunen sine prioriteringar knytt til investeringar og tiltak er i samband med årlege ordinære budsjetthandsamingar.

Basert på gjeldande økonomiplan er kommunen avhengig av å bruke av disposisjonsfondet for å balansere drifta alle dei fire åra. Ut frå det vi kjenner til i dag, vil fondet verte oppbrukt om ein følgjer økonomiplanen. I dette året har det

oppstått eit svært uoversiktleg og usikker situasjonen for kommuneøkonomien i samband med koronatiltaka. Dette gjer at kommunen må bruke av disposisjonsfondet til ikkje planlagte og ekstraordinære tiltak. Dette kan dreie seg om relativt store beløp ved årets slutt. Ut frå signala frå staten får vi berre kompensert delar av desse kostnadene. Dersom Volda kommune skal ha stabilitet i økonomien, samt ha moglegheit til å byggje opp økonomisk handlingsrom til prioriterte investeringar, bør kommunestyret ikkje gjere store ekstraløyvingar til nye/ikkje planlagte tiltak mitt i budsjettåret. I videomøte mellom formannskapet og fylkesmannen 25. august var fylkesmannen svært tydeleg på at Volda kommunen bør følgje dei planane som er lagt.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Ingen.

Konsekvensar for folkehelsa:
Ingen (då legg eg til grunn at avslaget ikkje betyr avvikling av noko aktivitetstilbod).

Miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Dersom Volda kommune skal dekke desse kostnadane, så må det takast frå disposisjonsfondet. Kommuna er som kjendt i ein krevjande økonomisk situasjon, og ein må tenkje at lag og organisasjonar skal likebehandlast. Skal dette dekkast, så vil det kunne medføre ei forventning om støtte til fleire aktørar. Samstundes som Volda kommune gikk inn med kr 883.000 på Reset, så dekte kommunen ein sum på kr 448.560,- for asfaltering av parkeringsplass ved Volda stadion, resten måtte VTI dekkje sjølve.

Volda Skisenter AS mottok i tillegg årlig kr 350.000 i driftstilskot. I tillegg dekkjer Volda kommune årleg bygsel av areal som skisenteret disponerer.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Konsekvensar for barn og unge:
Ingen (så lenge aktivitetstilbodet består)

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
171/20	Formannskapet	15.09.2020
102/20	Kommunestyret	24.09.2020

Samarbeidsavtale med Ørsta kommune om legeteneste under koronapandemien

Samandrag:

Koronapandemien har gitt kommunen nye arbeidsoppgåver. Kommunen skal drive testing, smitteoppsporing og gi ei legevaktstilbod til dei som kan vere smitta. Saka gjer greie for organisering av dei nye oppgåvene og tilrår samarbeid med Ørsta kommune om oppgåvene.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Saka vart ettersendt 14. september.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 171/20 Vedtak:

1. Volda kommune inngår vedlagt samarbeidsavtale med Ørsta kommune.
2. Meirkostnadene med koronasituasjonen knytt til legedrifta vert å dekkje inn i samband med eiga sak om 2. tertialrapport/budsjettkorringering.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Volda kommune inngår vedlagt samarbeidsavtale med Ørsta kommune.
2. Meirkostnadene med koronasituasjonen knytt til legedrifta vert å dekkje inn i samband med eiga sak om 2. tertialrapport/budsjettkorringering.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 171/20

1. Volda kommune inngår vedlagt samarbeidsavtale med Ørsta kommune.
2. Meirkostnadene med koronasituasjonen knytt til legedrifta vert å dekkje inn i samband med eiga sak om 2. tertialrapport/budsjettkorringering.

Vedlegg:

Samarbeidsavtale med Ørsta kommune om legeteneste under koronapandemien
Operasjonalisering_av_testing_isolering_smittesporing__og_karantene (002)
Brev til landets ordførere om oppfølging av TISK-strategien og finansiering

Saksopplysningar:

Dette er ei oppfølgingssak frå PS 74/20. Meir bakgrunnsopplysningar kan lesast i den saka. I følge vedtaket i saka skulle administrasjonen finne ei løysing der ein skil ut dei kommunale legeoppgåvene knytt til korona frå fastlegetenesta og invitere Ørsta kommune til samarbeid om desse oppgåvene.

Etter at den saka var handsama har det kome eit nytt oppdragsbrev til kommunane frå helsedirektoratet som spesifiserer forventningar til kommunen i TISK strategien (Testing, isolering, smitteoppsporing og karantene) Brevet er vedlagt saka.

Det har blitt arbeidd vidare med korleis vi kan løyse dei nye arbeidsoppgåvene i samband med pandemien på ein måte som sikrar forsvarleg drift av dei nye oppgåvene samtidig som vi også gir forsvarleg helsehjelp til alle andre pasientar i kommunen.

Det har vore haldt tre møter med leiarar og tillitsvalte frå legetenesta i Ørsta og Volda. På møta har ein gått igjennom kva utfordringar og moglegheiter som ligg i eit samarbeid. Daglegevakt, som også er ei kommunal oppgåve, blir haldt utanfor samarbeid i denne omgang.

Dette har resultert i ein forslag til avtale mellom Ørsta og Volda med desse hovudpunkta:

1. Ørsta og Volda kan ha felles teststasjon og lege som stiller indikasjon for testing frå 1. september 2020
2. Ørsta og Volda kan ha felles «feberklinikk» når dei nye lokala i Hovden er klare i februar og ut 2021.

Volda kommune blir vertskommune for testinga i perioden 1.september til 31.desember. For å gjennomføre vurdering av testing, prøvetaking og tilbakemelding til innbyggjarane om testresultat blir det avsett 4 heile stillingar i 2020. Om smittesituasjonen lokalt endrar seg kan det vere at behovet for personell aukar utover dette. Utgiftene til dette blir delt likt mellom Ørsta og Volda. For å sikre gjennomføring av testing gjennom haust og vinterstormar har Volda kommune leigd eit lokale i Hovden som har garasje med gjennomkøyring.

Uprenta saksvedlegg:

[Smittevernlova](#)

[Covid-19 forskrifta](#)

Avtaler KS/DNLF [ASA4310](#) , [ASA 4301](#) og [SFS 2305](#)

[Anbefalinger om økonomiske vilkår for leger under koronapandemien](#)

Vurdering og konklusjon:

Dei nye oppgåvene, usikker nasjonal utvikling og endra inntektsgrunnlag var årsaka til at Volda kommune i mars valte å gjere ei midlertidig endring i driftsmodell for legetenesta. Alle fastlegane fekk fastlønn, positivt for legane som fekk sikra inntekt og positivt for kommunen som fekk auka styringsrett og moglegheit til å løyse dei nye arbeidsoppgåvene. Utfordringa med løysinga er at mange av legane kjenner på stort arbeidspress og det krev harde prioriteringar. Det gjer at ein ikkje har moglegheit til å vere like tilgjengeleg for fastlegeoppgåver.

Ei alternativ løysing der fastlegane går tilbake til næringsdrift og at ein opprettar eigne kommunale legestillingar til dei nye arbeidsoppgåvene blei tilrådd frå administrasjonen og vedtatt i kommunestyremøtet i juni. Dette er i tråd med tilrådinga frå KS (sjå lenke under uprenta saksvedlegg)

Det er journalsystema som per i dag hindrar at ein kan rekvirere testar ved begge kontora for så å gjennomføre den praktiske prøvetakinga på ein effektiv måte. Løysinga for felles teststasjon blir derfor at ein av kommunane tek på seg denne oppgåva for begge kommunane og at ein tek i bruk journalssystemet som er anskaffa til den felles legevakta. Den største ufordringa er å skaffe legar som kan jobbe med dette. Det blei derfor bestemt at Volda tok på seg oppgåva frå 1.september -31.desember sidan leiari for legetenesta i Volda skulle ha sein ferie og kunne få på plass personell før ferien. Dette kan revurderast seinare om det er ønskeleg.

For oppgåva «smitteklipp» er det naudsynt med eit felles lokale utanfor legekontora. Ingen av kommunane har moglegheit til å løyse denne oppgåva for begge kommunane samtidig som fastlegane skal ha næringsdrift i dei lokala dei har i dag. Det vil også krevje ein del forarbeid kring rutinar og at ein nyttar det nyinnkjøpte journalssystemet til den felles legevakta. Dette vil vi jobbe vidare med utover hausten og starte opp når dei nye felles legevaktslokala er klare.

Den alternativ modellen med eigne tilsette legar til ekstraoppgåvene i samband med pandemien kan gjere oss meir sårbare om vi legg alle oppgåvene på to personar. Vi har no funne fram til ei organisering der tre legar har større stillingar med desse arbeidsoppgåvene og i tillegg får nokre av fastlegane ha dette som kommunal bistilling. Det er også planlagt at LIS1-legane både i Ørsta og Volda vil få opplæring i denne type arbeid slik dei kan bidra ved behov. Saman med moglegheita for å bruke fastlegar smittevernarbeid har vi då ei grunnstamme av kompetent personell som kan styrkast om det skulle kome ein smittetopp. Bruk av fastlegar i næringsdrift til smittevernarbeid skal først og fremst løysast ved frivillige avtalar. Om ein ikkje kjem i mål med det, kan slike oppgåver bli pålagt den enkelte fastlege, jmf. smittevernlova.

For å sikre fastlegane mot bortfall av inntekt ved karantene på grunn av smitte i arbeidet har administrasjonen inngått avtale med fastlegane om inntektsgaranti ved karantene etter tilråding frå KS og legeforeninga. Om fastlegane får pålegg om meirarbeid utover dei avtalte kommunale stillingane vil dei få lønn etter sentral sats (honorarsats) mellom KS og legeforeninga. Arbeidsoppgåva «smitteklipp» klarer vi ikkje flytte ut før i februar 2020. For å løyse denne oppgåva må ein frikjøpe ein

lege dagleg og tilføre Volda legssenter ein 60% helsesekretærressurs.

Det kjem stadige endringar i korleis oppgåvene skal løysast, og det er derfor utfordrande og med detaljeplanlegging framover. Vi har no likevel forsøkt å legge ein overordna plan for bemanning. Det kan likevel oppstå situasjonar som krev vidare endring. Særleg kan oppgåva med smitteoppsporing blir stor om vi får eit lokalt utbrot. Smitteoppsporinga skal starte umiddelbart, og det kan bli ei for stor belastning for enkeltpersonar i organisasjonen om det alltid blir forventa at ein skal vere tilgjengeleg til slikt arbeid. Det vert jobba med å etablere ei beredskapsordning for handtere situasjonen dersom vi får større smitteutbrot.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjente

Konsekvensar for folkehelsa: Ei godt organisert teneste vil styrke sjansen for å lykkast med TISK strategien og vil ha stor positiv innverknad på folkehelsa.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar: Om den grunnbemanninga vi no planlegg med held til å dekke dei nye oppgåvene vil det bli ein månedleg meirkostnad på testing, enkle smitteoppsporingar og beredskapsvakt for smittesporing mellom 0-100 000kr per måned utover opprinneleg 2020 budsjett. Spriket i kva dette vil bli i meirutgifter er fordi testing også generar inntekt som er avhengig av kor mange testar det er behov for å gjennomføre. Om vi får eit stor lokalt utbrot vil utgiftene til smitteoppsporing kunne bli vesentleg større.

For smitteklinikken vil det framtil eventuelt samarbeid med Ørsta kommune er på plass vere ein meirkostnad på om lag 150 000kr per måned

For 2021 med felles drift av også feberklinikk med Ørsta kan ein få til noko meir effektivisering og kome ned i månadlege meirutgifter på om lag 70 000 kr om behovet for teneste held seg på omtrent same nivå som i dag.

Den nye ordninga vil sannsynlegvis koste om lag 250 000 kr per måned fram til februar, og i underkant av 200 000 kr per måned etter dette. Alternativet med fastlønn til legane som vi har hatt sidan mars har gitt meirutgifter på vel 500 000 kr per måned. Kommunalministeren har gått ut med at kommunane skal få kompensert kostnadane med smittesporing og testing. (sjå vedlegg) Det er usikkert korleis dette skal skje, så det vil vere ein risiko for at kommunane uansett vil verte sitjande med ein vesentleg kostnad.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ei godt organisert legeteneste vil auke den helsemessige beredskapen. Lite førebudde endringar kan få store negative konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjente

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/20	Tenesteutval for helse og omsorg	03.09.2020
166/20	Formannskapet	15.09.2020
103/20	Kommunestyret	24.09.2020

Smittevernplan for Volda kommune

Samandrag:

Kommunen er pålagt å ha ein smittevernplan jmf. Smittevernlova. Ansvarer er ikkje delegert og politisk godkjenning av planen er naudsynt.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Saka vart ikkje handsama i formannskapet.

FSK- 166/20 Vedtak:

Tenesteutval for helse og omsorg 03.09.2020:

Behandling:

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol orienterte og svarte på spørsmål om smittevernplanen.

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

THO- 25/20 Vedtak:

1. Tenesteutvalet for helse og omsorg vedtek å godkjenne vedlagte forslag til smittevernplan, datert 25.08.20.

2. Følgjande mynde etter smittevernlova vert delegert frå kommunestyret til kommunedirektøren.

Pålegge helsepersonell å ta opplæring. (§4.9 første ledd)

Pålegge deltaking i smittevernarbeidet. (§4.9 andre ledd)

Pålegge legar å delta i førebyggjande arbeid, undersøking, behandling etc.(§4.9 fjerde ledd.)

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte forslag til smittevernplan, datert

25.08.20.

2. Følgjande mynde etter smittevernlova vert delegert frå kommunestyret til kommunedirektøren.

Pålegge helsepersonell å ta opplæring. (§4.9 første ledd)

Pålegge deltaking i smittevernarbeidet. (§4.9 andre ledd)

Pålegge legar å delta i førebyggjande arbeid, undersøking, behandling etc.(§4.9 fjerde ledd.)

Vedtak som innstilling frå Tenesteutval for helse og omsorg - 03.09.2020 - 25/20

1. Tenesteutvalet for helse og omsorg vedtek å godkjenne vedlagte forslag til smittevernplan, datert 25.08.20.

2. Følgjande mynde etter smittevernlova vert delegert frå kommunestyret til kommunedirektøren.

Pålegge helsepersonell å ta opplæring. (§4.9 første ledd)

Pålegge deltaking i smittevernarbeidet. (§4.9 andre ledd)

Pålegge legar å delta i førebyggjande arbeid, undersøking, behandling etc.(§4.9 fjerde ledd.)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 166/20

Vedlegg:

Smittevernplan for Volda kommune 2020

Saksopplysningar:

Smittevern har tradisjonelt sett vore ein viktig del folkehelsearbeidet i kommunane. Sjølv om smittesame sjukdommar ikkje lenger er den viktigaste årsaka til sjukdom og død i Norge, er det likevel viktig å halde fokus på dette arbeidet fordi det er framleis utfordringar innan feltet. Det har vi alle fått merke våren 2020 med koronapandemien. Andre utfordringane ligg i til dømes bakteriar motstandsdyktige mot antibiotika eller virus med høg dødelgheit som ebola.

Smittevernarbeidet har som målsetjing å sikre å sikre innbyggjarane eit vern mot smittsame sjukdommar ved å førebygge smitte og motverke smitteoverføring når smitte har oppstått. I 1995 kom "Lov om vern mot smittsomme sykdommer" som gav eit samla lovverk for å beskytte befolkninga mot smittesjukdommar. Smittevernlova har som eit verkemiddel at alle kommunar er pålagt å ha ein smittevernplan. Smittevernplanen både i gamle Volda kommune og Hornindal kommune blei laga i 2009 og var ulike i oppbygging. Det er no laga ein ny plan i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer.

Planen forsøker å gje ei oversikt over smittevernarbeidet i Volda, både det daglege førebyggjande arbeid og det meir beredskapsprega arbeide i samband med smitteutbrot. Ei rekke ordinære kommunale arbeidsoppgåver er ledd i den generelle smittevernberedskap, til dømes helseopplysning, vaksinasjon, diagnostikk og behandling av smittsame sjukdommar og organisering av drikkevassforsyning og renovasjon. Planen er utarbeida av kommuneoverlegen i samarbeid med smittevernlegane, helsestasjonen og leiarar i helse og omsorgssektoren.

Vurdering og konklusjon:

Både «gamle» Volda og Hornindal kommune hadde smittevernplanar. Planane var frå 2009 og hadde ulike i oppbygning, men sjølve innhaldet i planane var ikkje så ulikt. For at den nye kommunen skulle ha ein plan, er det no utarbeida ein ny.

Det er frå tidlegare delegert lite i Smittevernlova til administrasjonen frå kommunestyret. Dette gjer at det kan bli behov for ekstra kommunestyremøter under ein pandemi. Det er viktig at ein har eit praktisk og operativt system der faglege tiltak kan leggst til administrativt nivå. Det vert derfor foreslått å delegere følgjande oppgåver frå kommunestyret til kommunedirektøren.

Pålegge helsepersonell å ta opplæring. (§4.9 første ledd
Pålegge deltaking i smittevernarbeidet. (§4.9 andre ledd)
Pålegge legar å delta i førebyggjande arbeid, undersøking, behandling etc.(§4.9 fjerde ledd.)

Etter kommunelova delegerer kommunestyret til kommunedirektøren som vidaredelegerer til kommuneoverlegen.

Delegeringsreglementet vert ajourført i samsvar med denne delegeringa i samband med komande revisjon av reglementet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjente

Konsekvensar for folkehelsa: Smittevernarbeidet er ein del av folkehelsearbeidet, og ein plan vil forhåpentlegvis føre til betring i arbeidet.

Miljøkonsekvensar: Planen har ingen direkte miljøkonsekvensar, men miljø og smittevern har fleire mål som er like (til dømes reint drikkevatn)

Økonomiske konsekvensar: Planen har ingen føringar som gir auka utgifter eller inntekter i dagleg drift. Om det er behov for meir ressursar til arbeidet vil det kome inn i det ordinære budsjettarbeidet. Unnataket kan vere viss det oppstår spesielle beredskapssituasjonar slik vi har opplevd i 2020.

Beredskapsmessige konsekvensar: Planen gjere greier for roller i ein beredskapsituasjon, men vi har ikkje etablert noko formell eigen beredskapsorganisasjon på smittevern. Ved akutte situasjonar set ein lit til at personell kan kallast inn.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjente.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
131/20	Formannskapet	18.06.2020
73/20	Kommunestyret	18.06.2020
10/20	Eldreråd	07.09.2020
13/20	Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	07.09.2020
23/20	Ungdomsrådet	16.09.2020
104/20	Kommunestyret	24.09.2020

Amfi og oppgradering Volda samfunnshus

Samandrag:

Ein har innhenta erfaringar og grunnlag for kinodrift nasjonalt og regionalt. Det kjem her fram at interessa for kino ikkje har minka i dei seinare år, men at kvalitet på utstyret og stolane sin komfort og plassering er avgjerande for at folk skal nytte seg at kinotilbodet. Kinosjefen sine vurderingar er at det bør etablerast fast amfi i kinosalen som kan nyttast til kino og andre framsyningar og til møte, seminar og andre tilstelningar der det er naturleg med publikum i amfi. Ei slik investering vil kunne auke bruken av kinotilbodet i så stor grad at det løner seg på sikt.

Vidare legg ein fram eit behov der ein brukar heile budsjettet på 2 mill. kroner. Det vil kome andre kostnader i tillegg. Omfanget av oppgraderingar må derfor justerast under innkjøpsprosess, slik at det vert sikra at endeleg kostnad held seg innanfor tildelte rammer. Den vesentlige spørsmålet som kommunen må ta stilling til er derfor at fast amfi medfører ei vesentleg endring i fleksibilitet når det gjeld ulik aktivitet i salen.

Ein gjer merksam på det er ikkje innhenta uttale frå eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd. Det bør derfor leggst inn ein føresetnad om prosess som tek med seg innspel før fysisk gjennomføring av tiltak i kinosalen.

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 07.09.2020:

Behandling:

FUNK- 13/20 Vedtak:

Teke til vitende i Funk 07.09.20.

Eldreråd 07.09.2020:

Behandling:

ELDRE- 10/20 Vedtak:

Teke til vitende i Eldrerådet 07.09.20

Formannskapet 18.06.2020:

Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte. Kinosjef Kardis Hasfjord møtte.

Røysing (9 røysteføre)

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster og vart vedteken, Roald Espset og Benedikte Holmberg røysta mot.

FSK- 131/20 Vedtak:

Volda kommunestyre ber administrasjonen om å planlegge, og gjennomføre, utbetringar på Volda samfunnshus. Intensjonen med tiltaka er å betre det økonomiske driftsgrunnlaget for Volda filmteater, og skal gjennomførast innanfor budsjetttramma på 2 mill. kroner. Utbetringane skal i den grad det er økonomisk dekning omfatte nye kinostolar i fast amfi, tiltak for å betre kinolyden, nye oversiktskamera med tilhøyrande utstyr, og ombygging av kinokiosken for høve til sjølvbetening.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre ber administrasjonen om å planlegge, og gjennomføre,

utbetringar på Volda samfunnshus. Intensjonen med tiltaka er å betre det økonomiske driftsgrunnlaget for Volda filmteater, og skal gjennomførast innanfor budsjettramma på 2 mill. kroner. Utbetringane skal i den grad det er økonomisk dekning omfatte nye kinostolar i fast amfi, tiltak for å betre kinolyden, nye oversiktskamera med tilhøyrande utstyr, og ombygging av kinokiosken for høve til sjølvbetening.

Vedtak som innstilling frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne -
07.09.2020 - 13/20

Teke til vitende i Funk 07.09.20.

Saksopplysningar:

Volda kommunestyre har sett av inntil 2 millionar kroner på budsjettet for 2020 til nytt amfi og oppgradering av Volda samfunnshus med tanke på vidare kinodrift og kulturaktivitetar, og ba om eiga sak på dette i løpet av 1. halvår 2020. Bakgrunnen for budsjettløyvinga er den økonomiske situasjonen for kinoen, med stadig større nedgang i selde billetter, og aukande negative resultat.

Kinosalen på Volda samfunnshus har i dag eit eldre teleskopamfi med 209 enkle stolar i ullstoff og porolon. Amfiet kunne tidlegare rullast inn for å frigjere golvet. Denne funksjonen vart låst i 2018 grunna teknisk slitasje. Bakerste rad vart også stengt og netting hengt opp på gelendera, for at små barn ikkje skal ramle ned.

Det er vurdert om det er mogleg å reparere amfiet. Ein har funne at det ikkje let seg gjere på grunn av manglande tilgang på deler og at konstruksjonen ikkje oppfyller lovpålagde krav.

Ei avgjerande problemstillinga er om ein skal prioritere bruk av dansegolvet i kinosalen, eller om ein skal ha ambisjonar om å få ein kinosal som kan konkurrere med kinoane i nabokommunane. Eit fast amfi med kinostolar vil harmonere meir med publikum sine forventingar til ein moderne kino, og føre til ei auke i besøket. Eit køyrbart teleskopamfi, med enklare tribunestolar, er meir hensiktsmessig i salar som treng golv plass, til dømes til store konsertar, dansearrangement, messer eller idrettsarrangement. Ein slik sal får vi på Campus Arena. Festsalen på Volda vgs. og Fosnavåg konserthus er andre døme på salar med teleskopamfi, og dei har valt dei dyraste variantane av tribunestolar. (Sjå bilete i vedlegg 2.) Tribunestolar anno 2020 er betre enn dei stolane som står i amfiet på samfunnshuset i dag, men tjukkelsen og komforten kan ikkje måle seg med reclinerar/kinostolar.

Skal ein kino vere konkurransedyktig i dag, ventar publikum at han er moderne utstyrt. Kinostolar har siste åra vorte meir og meir like godstolane dei fleste sit i når dei ser TV heime. Etter kvart er det denne standarden folk ventar når dei går på kino.

Store kinokjeder som Odeon og Nordisk Film fornyar kontinuerleg sine salar med stadig betre stolar. Trenden har også kome til Søre Sunnmøre. Sjøborg kino bytta ut sine kinostolar frå 2007 med reclinerar i 2019, og Fosnavåg kino har sine luksusstolar frå 2014. Ørsta kino kjøpte nye stolar i 2017, men prioriterte ein enklare stol og mindre bein plass, for å få mange nok seter til å bli godkjent av Riksteateret.

Sidan kinostolar og spesielt reclinerar krev meir plass enn tribunestolar, vil ein kinosal ha færre seter enn ein konsertsal med same areal. Sjøborg kino og Fosnavåg kino har salar på 120 seter. I Ørsta har kultursalen 302 seter, og dansegolv i flatsalen ved sidan av.


Snittbesøket på ei kinoframsyning på Sunnmøre vil normalt ligge på 20-35 personar. Ved populære filmar er det meir lønsamt å køyre fleire framsyningar, mot å ha ein sal med 200 seter der 90% av seta oftast står ubrukte.

Nye moderne kinostolar har vist seg å vere ein viktig faktor. Løvenvold kino kan vere eit bevis på dette der han ligg i eit av dei mest sjarmerande kinolokala i Noreg, i eit jugendbygg midt i byen Ålesund. Publikum uteblir, sjølv om Løvenvold viser dei


same filmene som Odeon Moa, berre til ein rimelegare billettpris. Drivaren Nordisk film ynskjer å legge ned drifta, men er bundne av ei kontrakt med Ålesund kommune. Når kontrakta går ut må kommunen ta rekninga for å drive kinoen, eller mest sannsynleg legge ned. Grunnen til at folk frå Ålesund sentrum og ytre budel heller reiser til Odeon Moa, i staden for å stanse på Løvenvold, har mest truleg med komfort og moderne utstyr å gjere.

Publikumstal

Kinobesøket i Noreg var omlag like høgt 2010-2019, som i 2000-2009. Trenden viser at kino ikkje er eit utdøyande kulturtilbod. Tabellen under viser utviklinga i kinomarkedet frå 1985 til 2019:




Kinobesøket siste 20 år



Utanlandske selskap som Odeon har siste åra investert i moderne kinoar i til dømes Ålesund, Oslo, Bergen og Sandnes, noko som bekreftar trenden. Tommelfingerregelen er at det skal kunne vere lønsamt å drive ein kinosal pr. 10 000 innbyggjarar. Dei fire kommunane som har kino på Søre Sunnmøre har i 2020 eit folketal på knappe 40 000.

Legg vi til studenttalet i Volda, halve Sande kommune og heile Hareid, tel kinoriket på Søre Sunnmøre om lag 50 000 innbyggjarar. Frå 2003-2010 låg det samla besøket her pr. år i snitt på vel 50 000. Etter digitaliseringsrevolusjonen i kinobransjen i 2001, og fram til 2019, er dette talet 65% høgare med 83 000 besøkande i snitt pr. år. Hadde dei fire kinoane delt broderleg på besøket, hadde det vorte vel 20 000 besøkande på kvar. Deler vi besøket på det samla folketallet og gongar med folketallet i Volda, ser vi at Volda kan ha publikumsgrunnlag for 20 000 kinogjestar årleg.

Ein realistisk ambisjon er å doble billettsalet frå 2019 til 100-års-jubileumet i 2022. Det er tvilsamt at nye tribunestolar og teleskopamfi vil vere den motoren kinoen treng for å auke billettsalet opp mot 20 000 selde billetter pr. år. (For oversikt over besøkstal på kinoane på Søre Sunnmøre, sjå vedlegg 4.) (For uttale om val av stolar Film & kino, sjå vedlegg 5.)



Under tek vi med uttale og statistikk frå Jørgen Steinsland som omhandlar erfaringar med bytte til meir komfortable stolar:


Uttale frå Jørgen Steinsland, bransjeorganisasjonen Film & kino, på spørsmål om gode råd for oppgradering av kinosalar og om val av stolar og amfi:

Alle saler bør byggjes etter primærformålet slik at det blir optimalt for akkurat dette, så får heller sekundærdrift leve med det. Kompromisser blir sjeldent vellykket.

Når det gjelder recliners, både elektriske og manuelle, er jo fysikken åpenbar. Lerretet er statisk og flytter seg ikke, mens amfiet øker i høyde rad for rad. Behovet for graden av tilbakelent rygg avtar for hver rad, der det største behovet er på første rad. Nettopp fleksibiliteten med å ha en manuell eller elektrisk recliner der man kan individuelt sette sin egen ryggvinkel alt etter som hvilke rad man sitter på vil markant øke totalopplevelsen/komforten med å se en film.

Det er åpenbart at komfort/filmopplevelse på de første radene ikke vil være det samme som på de bakerste radene med en teleskoptribune. Sittekomfort og ergonomi på en recliner vs. en stol på en teleskopamfi kan ikke sammenliknes. Det er som natt og dag. **Man er rett og slett ikke på kino i en teleskoptribune.**

Legger ved en foil fra et foredrag hos kinokjeden AMC (som eier Odeon) som viser vekst etter at kinoene satte inn recliners.



Økonomi

Statistisk sett er her publikumsgrunnlag for kinodrift i Volda. Likevel ser vi at kinoen

dei siste åra har vorte ei for stor økonomisk bør for kommunen. Det toppa seg i 2018 med ein kostnad på 730 000 kr. Deler vi dette på talet på selde billetter så finn vi at kommunen subsidierte kvart kinobesøk med 70 kr, i tillegg til å koste hus, straum og reinhald.

I 2019 vart det gjort grep for å betre økonomien mellom anna med å redusere arbeidstida til dei tilsette, redusere talet på filmar som vart vist og talet på framsyningar. Kostnaden for kommunen i 2019 enda på kr. 527 000,- Til samanlikning kosta kinoen i Ørsta kommunen kr. 508 528. Dei selde rett nok 10 000 fleire billetter enn Volda, men også 10 000 færre enn det som var målsettinga deira då dei i 2017 renoverte kinosalen. Det er sannsynleg at feil val av stolar og trong bein plass er grunnen til at billettsalet gjekk ned etter renoveringa. Dette viser igjen kor viktig stolar og komfort er for kinopublikummet.

Kulturaktivitet og bruk av kinosalen

Volda samfunnshus er i tillegg til å vere kino, brukt som møte-, øvings- og trim-lokale. For utan om kino er salen i første etasje mest brukt, med kinosalen som reservelokale. Kinosalen er kjekk å ha om kommunen skal halde personalseminar eller folkemøter. Ved siste val kom det svært få på folkemøtet i kinosalen, og dei siste folkemøta har halde til i salen i første etasje.

Dansegolv på samfunnshuset var påkosta og sagt å vere Sunnmøres beste dansegolv, då det var nytt i 1956. Aktiviteten med dans på lokalet har diverre forsvunne, og siste åra har det berre vore Ungdomslaget sin nyttårsdans som har nytt godt av dansegolv. Etter at amfiet vart låst i 2018, har Ungdomslaget arrangert dansen i andre lokale, men ynskjer helst å ha den tradisjonsrike nyttårsdansen i kinosalen, slik dei har hatt i alle år.

Tidlegare har også den årlege loppemarknaden til Raude Kross halde til på samfunnshuset. Dette har dei siste åra funne andre og større lokale. Det var også ei tid tradisjon med frilynd julefest i kinosalen og folkefest på 17. mai, men det er mange år sidan sist.

I si tid var kinosalen eit flott bryllaupslokale, men sidan salen i første etasje er trivelegare, har han vorte oftare nytta til dans og selskap. Volda folketeater som driv dramaskule for barn, øvde i mange år i kinosalen, men også dei brukar salen i 1. etasje no. Kinosalen har siste åra vore forsømd og lite brukt til anna enn kino.

To gongar i året held filmfestivalane Dokfilm og Animation Volda festivalarrangement og filmvisningar på samfunnshuset og Rokken. Det er sannsynleg at filmfestivalane ville sette pris på ein kinosal meir berekna på filmframsyning, og ei oppgradering gjer at vi får behalde festivalane i framtida.

Innkjøpskostnader

Eit teleskopamfi vil vere dyrare i innkjøp enn å bygge eit fast amfi og kjøpe reclinerar. Vurderinga er at bruken av golvet ikkje vil rettferdiggjere den ekstra kostnaden, både i investering, men også i drift kvart år.

For eit teleskopamfi med 202 stolar har vi fått opplyst prisar frå to leverandørar, på kr. 1 717 000 og 1 920 000,- Dette er stolar av same type eller liknande som Volda vgs. har kjøpt til sitt auditorium, og som er i konsertsalen i Fosnavåg. (sjå vedlegg) Prisen er eks. mva. med frakt og ferdig montert. I tillegg kjem kostnaden til riving

og renovasjon av det gamle amfiet.

Prisar på kinostolar av reclinertypen med nedleggbar rygg og fotstøtte kan variere frå kr. 5000 – 50 000. Sjøborg kino fornya sin sal i 2019, og kjøpte 120 seter inkl. 6 doble sofaer for kr. 780.000,- Dette er stolar i ullstoff. Eit noko dyrare alternativ i kunstsinn kan vere verdt å vurdere. Mange kinoar har ulike typar stolar i same sal, til dømes ei eller to rader med meir eksklusive stolar, som folk betalar meir for å sitte i.

Det er fordyrande å drive kino med kiosk og sal i forskjellige etasjar. Med nye kamera strategisk plassert, kan éin medarbeidar halde oversikt frå kinokiosken. Datatilsynet har reglar for slik overvaking, den er ikkje søknadspliktig, men ein kan få tilsyn. Dei fleste moderne kinoar har slikt utstyr.

Kinosjefen har undersøkt prisnivået på aktuelt utstyr og legg fram fylgjande tal:

Bygging av fast amfi i tre	kr. 300 000,-
Innkjøp av reclinarar (stolar)	kr. 1 200 000,-
Kamera 3 stk, skjerm og utstyr	kr. 20 000,-
Ombygging til sjølvbetjening i kiosk	kr. 300 000,-
Ny sjølvbetjeningskasse med bankterminal	: kr. 30 000,-
Akustikkdempende tekstil og renovering av høgtalarar	kr. 150 000,-
Sum	kr. 2 mill.

I fylgje kinosjefen vil investeringa i reclinerar, og oppgraderinga av kinosalen og kinokiosken, gi Volda filmteater føresetnadar for ei sunn økonomisk drift i åra framover. Kinosjefen i Volda har konferert med kollegaane på Søre Sunnmøre, og kinosjefen i Fosnavåg meinte at Volda burde klare meir enn ei dobling til 18 000 selde billetter pr. år. Det vil vere realistisk å redusere budsjettet for 2022 til ytterlegare 2-300 000 kr.

I samband med planar om ombygging og tilbygging av samfunnshuset vart det utarbeidd ei tilstandsanalyse for eksisterande bygning. Tilstandsanalysen avdekte at takkonstruksjonen over sjølve kinosalen har ei statisk uheldig utforming og at søyler i yttervegg viste teikn på deformasjon av same årsak. Etter dette er belastninga på taket vurdert gjennom datasimulering utført av ART arkitekter AS. Sjølv om takkonstruksjonen har stått slik i mange tiår, finn ein gjennom simulering at det er for mange ukjende faktorar og at ein ikkje kan dokumentere tilstrekkeleg styrke etter dagens krav. Takkonstruksjonen kan derfor ikkje friskmeldast etter dagens krav til snø- og vindlast.

Ved ei eventuell ombygging og tilbygging kan ein finne tiltak som gir tilstrekkeleg konstruksjonsstyrke. Dersom det ikkje vert gjennomført slike tiltak må tilstanden overvakast for å fange opp eventuelle teikn på endring. Ein kan derfor ikkje legge til grunn at ei investering i kinosalen har same levetid som i eit nybygg.

Vurdering og konklusjon:

I tillegg til kostnadane over vil det kome kostnader med sjølve innkjøpsprosessen og kommunen sine kostnader med oppfølging av bygge- og monteringsarbeidet. Ut frå erfaring vil det også for slike prosjekt kome uføresette kostnader. Endelege prisar har ein ikkje før det er gjennomført konkurranse. Ein må derfor føresette eit behov for å tilpasse prosjektet for å sikre at gjennomføring vert innanfor dei tildelte

rammene. Kommunedirektøren vil i si tilråding derfor føresette eit krav om slik tilpasning.

Kommunen har ein relativt liten «storsal» i samfunnshuset. Denne salen kan ikkje erstatte ein kultursal av dagens standard. Det vi kan få er ein populær kinosal som kan brukast til mange andre føremål, både sceneunderhaldning, seminar og seremoniar. Dei aller fleste aktivitetane salen har vore brukt til dei siste åra, kan like gjerne bruke salen om der er fast amfi.

Det kommunen taper er eit danselokale mange voldingar har gode minner frå. Behovet for slik bruk har likevel vorte mindre med åra og det er etablert andre bygg som har lokale som kan erstatte ein slik funksjon.

For at kommunen skal kunne satse på kinodrift i Volda, også etter 100-årsjubileumet i 2022, er kommunen avhengig av å oppgradere til ein moderne kinostandard. Planar for kulturhuset og kinoen i Ørsta i samband med bygging av ny vidaregåande skule vert mest truleg realisert om ikkje altfor mange år. Har Volda filmteater innan den tid ikkje fått betre fotfeste og konkurranseevne, er det sannsynleg at det økonomiske grunnlaget for kinodrift i Volda ikkje vil vere der.

Saka burde ha vore sendt til ordinær uttale til brukarråda (eldrerådet og ungdomsrådet) før avgjerd. Dette har ikkje vore mogleg dersom saka skal avgjerast før ferien. Kommunestyret må ta stilling til om ein vil handsame saka før ferien eller etter at ein har fått inn uttale frå desse brukarråda. Det er planlagt å legge fram saka og be om uttale frå ungdomslag og ungdomsråd før handsaming i kommunestyre.

Utskrift av endeleg vedtak:

Kinosjef
Ungdomslaget
Ungdomsrådet
Eldrerådet
FUNK

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
124/20	Formannskapet	09.06.2020
72/20	Kommunestyret	18.06.2020
105/20	Kommunestyret	24.09.2020

Parkering mediebygget - avtale mellom Statsbygg AS og Volda komune.

Samandrag:

I samband med bygging av mediebygget på høgskuleområdet skal Statsbygg opparbeide 79 parkeringplassar på høgskuleområdet.

Volda kommune som eigar av parkeringskjellaren i Campus Arena AS og Statsbygg har forhandla fram ein avtale om at Statsbygg delfinansierer parkeringsplassane i parkeringskjellaren mot at desse plassane inngår i det totale tal på parkeringsplassar på høgskuleområdet.

Kommunedirektøren vil tilrå at avtalen vert godkjent.

Formannskapet 09.06.2020:

Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Jarl Martin Møller svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster og vart vedteken, 2 røysta mot (Dan Helge Bjørneset og Roald Espset).

FSK- 124/20 Vedtak:

Volda kommune godkjenner vedlagde avtale mellom Statsbygg og Volda kommune der det m.a. går fram at Statsbygg delfinansierer parkeringsplassane i parkeringskjellaren mot at desse plassane inngår i det totale tal på parkeringsplassar på høgskuleområdet.

Summen i pkt. 2 i avtalen skal vere innbetalt til Volda kommune før midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest på bygget vert gitt.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune godkjenner vedlagde avtale mellom Statsbygg og Volda kommune der det m.a. går fram at Statsbygg delfinansierer parkeringsplassane i parkeringskjellaren mot at desse plassane inngår i det totale tal på parkeringsplassar på høgskuleområdet.

Summen i pkt. 2 i avtalen skal vere innbetalt til Volda kommune før midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest på bygget vert gitt.

Vedlegg:

Avtale mellom Statsbygg AS og Volda kommune vedkomade bruk av parkeringskjellaren i Volda Campus Arena.

Saksopplysningar:

I samband med bygging av mediebygget på høgskuleområdet skal Statsbygg opparbeide 79 parkeringplassar på høgskuleområdet.

Det har vore eit ynskje både frå statsbygg, høgskulen og Volda kommune at ein så langt råd er hindrar nedbygging av uteareal/grøntområde ved høgskulen til parkeringsplassar.

Volda kommune som eigar av parkeringskjellaren i Campus Arena AS og Statsbygg har med bakgrunn i ovannemnde forhandla fram ein avtale om at Statsbygg delfinansierer parkeringsplassane i parkeringskjellaren mot at desse plassane inngår i det totale tal på parkeringsplassar på høgskuleområdet.

Avtalen går ut på at Volda kommune som grunneigar ikkje har noko å merke til at parkeringsplassane i parkeringskjellaren på Volda Campus Arena inngår i det totale tal parkeringsplassar i Høgskuleområdet. Parkeringskjellaren skal være ope for offentlig bruk, inkl. for høgskulen sine elevar, tilsette og besøkande

Dersom det vert innført ordning med parkeringavgift på høgskuleområdet hindrar ikkje avtalen at plassane blir gjort om til avgiftsparkeringsplassar.

Vurdering og konklusjon:

I samband med saka om kommunen si deltaking i Volda Campus Arena , PS-sak 45/19 23.05.2019 gjorde kommunestyret vedtak om å løyse inn opsjon med full parkeringskjellar. Kommunestyret gjorde dette sjølv om ein på det tidspunktet ikkje oppnådde avtale med statsbygg om sal av parkeringsområdet (terasseområdet) ovanfor Statsøvingskulen

I saksutgreiinga frå administrasjonen til den saka går det m.a. fram :

Full parkeringskjellar

Når det gjeld utviding av parkeringskjellar så kan det vere fornuftig å ta denne kostnaden. Dette vil vere ei framtidsretta og forsvarleg løysing då dette er eit pressområde. Med både høgskule m/nytt mediebygg, idrettshall, symjehall m.m. så må ein forvente stor aktivitet i området. Parkeringskjellar vil også frigjere verdfullt uteareal.

I realiteten oppnår ein det same talet parkeringsplassar totalt på høgskuleområdet med denne avtalen som ein søkte å få til ved sal av «terasseområdet». I tillegg vil no Volda kommune framleis eige «terasseområdet» på høgskuleområdet.

Eg ser den framforhandla avtalen som ein rinmeleg god avtale både for Statsbygg og Volda kommune ved at ein både frigjer areal på høgskuleområdet til anna enn parkering, samstundes som kommunen får dekt deler av kostanden med parkeringskjellaren i Campus Arena.

Med bakgrunn i det vil eg tilrå at avtalen vert godkjent og at innbetalinga av summen skal vere gjort før midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest på bygget vert gitt.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen vesentlege.

Miljøkonsekvensar: Ein unngår å bygge ned store deler av høgskuleområdet til parkeringsareal.

Økonomiske konsekvensar: Volda kommune får dekt deler av kostnaden med parkeringskjellaren i Volda Campus Arena.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Utskrift av endeleg vedtak:

Statsbygg AS

Høgskulen

Volda kommune utviklingsavdelinga

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
36/20	Tenesteutval for oppvekst og kultur	02.09.2020
157/20	Formannskapet	15.09.2020
106/20	Kommunestyret	24.09.2020

Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2020-2024

Samandrag:

Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2020-2024 vert lagt fram til godkjenning etter at den har vore ute til offentlig ettersyn og høyring. Det har ikkje kome innspel til planen. Planen er utarbeidd i interkommunalt samarbeid. Det har vore eit uttalt mål at vår region har ein så lik løyvepolitikk som mogleg, utifrå omsynet til trafikkskyggleik og like konkurransevilkår for næringa.

Det har mellom anna vore eit mål å ha like sals- og skjenketider. Etter at planane har vore til handsaming i samarbeidskommunane på Søre Sunnmøre har fleire endra på skjenketidene.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode til 14. oktober 2020. Det vert lagt opp til at desse løyvehavarane får handsaming av søknadane om nye løyve i Tenesteutval for oppvekst og kultur den 14. oktober 2020. Dette for at dei nye løyva skal bli vetatt etter den nye alkoholpolitiske planen for 2020-2024.

Formannskapet 15.09.2020:

Behandling:

Arild Iversen, foreslått av Sonja Håvik,

Kommunedirektøren si tilråding:

Alkoholpolitisk handlingsplan vert godkjent slik den ligg føre.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 14. oktober 2020.

Forlenga periode for eksisterande løyve, foreslått av Sølvi Dimmen, Senterpartiet
Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 11. november 2020.

Sakshandsamar Bente Engeseth svara på spørsmål frå formannskapet.

Arild Iversen (Kfr) kom med slikt framlegg:
Alkoholpolitisk handlingsplan vert godkjent slik den ligg føre.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 14. oktober 2020.

Ordføraren kom med slikt framlegg:
Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 11. november 2020.

Røysting (9 røysteføre):
1 avsnitt i innstillinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativ mellom framlegget frå ordføraren og andre avsnitt i innstillinga frå tenesteutvalet for oppvekst og kultur. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

3. avsnitt i innstillinga frå tenesteutval frå oppvekst og kultur fekk 8 røyster og vart vedteken, Arild Iversen røysta mot.

Framlegget frå Arild Iversen fekk 1 røyst (Arild Iversen) og fall, 8 røysta mot.

FSK- 157/20 Vedtak:

Alkoholpolitisk handlingsplan vert godkjent med vedtekne endring.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 11. november 2020.

Kommunestyret ber om at opningstidene blir endra slik at dei bli like med opningstidene som gjeld i Ørsta kommune.

Tenesteutval for oppvekst og kultur 02.09.2020:

Behandling:

Endring av opningstider for skjenketider, foreslått av Hjalmar Eiksund, Venstre
Endring av opningstider for skjenketider. Forslag frå Hjalmar Eiksund, V.

Tenesteutvalet ber om at opningstidene blir endra slik at dei bli like med opningstidene som gjeld i Ørsta kommune.

Røysting:
Eiksund sitt framlegg vart vedteke med åtte røyster. Ei stemme mot. (Straume)

TOK- 36/20 Vedtak:

Alkoholpolitisk handlingsplan vert godkjent med vedtekne endring.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 14. oktober 2020.

Tenesteutvalet ber om at opningstidene blir endra slik at dei bli like med opningstidene som gjeld i Ørsta kommune.

Kommunedirektøren si tilråding:

Alkoholpolitisk handlingsplan vert godkjent slik den ligg føre.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 14. oktober 2020.

Vedtak som innstilling frå Tenesteutval for oppvekst og kultur - 02.09.2020 - 36/20

Alkoholpolitisk handlingsplan vert godkjent med vedtekne endring.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 14. oktober 2020.

Tenesteutvalet ber om at opningstidene blir endra slik at dei bli like med opningstidene som gjeld i Ørsta kommune.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 15.09.2020 - 157/20

Alkoholpolitisk handlingsplan vert godkjent med vedtekne endring.

Eksisterande sals- og skjenkeløyve i Volda kommune som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode fram til 11. november 2020.

Kommunestyret ber om at opningstidene blir endra slik at dei bli like med opningstidene som gjeld i Ørsta kommune.

Vedlegg:

Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2020-2024 - til godkjenning

Saksopplysningar:

Etter alkoholova § 1-7 d har kommunen plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Alkoholova set rammer for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Innanfor desse rammene er kommunane gitt eit stort ansvar og stor fridom til å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk.

Det vert lagt opp til at alkoholpolitikken vert handsama som eigen plan, og at den heilskapelege tilnærminga til ruspolitikk vert ivareteke gjennom kommuneplanrevisjonen og oppfølging av kommuneplanen ved eigne temaplanar, handlingsprogram m.v. Denne planen handlar altså berre om alkoholpolitikken og løyvepolitikken.

Alkoholpolitisk handlingsplan har vore handsama i Tenesteutval for oppvekst og kultur 29.01.20, i Formannskapet 04.02.20 og i Kommunestyret 13.02.20 der det vart vedtatt å sende den ut til offentleg ettersyn og høyring. Det har ikkje kome innspel eller kommentarar til planen.

Alkoholpolitisk handlingsplan er utarbeidd av ei interkommunal arbeidsgruppe med representantar frå Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta kommunar. Dette fordi det tidlegare har vore eit uttalt mål at vår region har ein så lik løyvepolitikk som mogleg, utifrå omsynet til trafikktryggleik og like konkurransevilkår for næringa.

Det har mellom anna vore eit mål å ha like sals- og skjenketider. Etter at planane har vore til handsaming i dei andre kommunane har nokon endra skjenketidene som vart lagt fram.

Hareid:

Gruppe 1 og 2. Alle dagar. Kl. 11.00 – 02.00 inne. Fram til kl. 24.00 for uteareal.

Gruppe 3 Alle dagar Kl. 13.00 – 24.00 både inne- og uteareal

Måndag etter palmesøndag – 2.påskedag:

Gruppe 1 og 2: Kl. 11.00 – 02.00

Gruppe 3: Kl. 13.00 – 24.00

- Konsum av alkoholholdig drikke må slutte seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Konsum av alkoholholdig drikk i uteareal skal slutte ved skjenketida sin slutt, alkoholholdig drikke må då takast med inn i skjenkelokalet.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

Herøy:

Skjenketid alle dagar inne:

Gruppe 1 og 2: 10.00-02.30.

Gruppe 3: 13.00-02.00.

Skjenketider alle dagar ute:

Gruppe 1 og 2, kl. 10.00-02.00. Gruppe 3: 13.00-02.00

- Konsum av alkoholholdig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut både inne og ute.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

Sande:

Normal skjenketid:

Gruppe 1 og 2 Alle dagar Kl. 10.00 – 02.00 Både inne- og uteareal

Gruppe 3 Alle dagar Kl. 13.00 – 02.00 Både inne- og uteareal

Jul:

2.juledag – 1. nyttårsdag

Gruppe 1 og 2: Kl. 11.00 – 02.00

Gruppe 3: Kl. 13.00 – 24.00

Påske:

Måndag etter palmesøndag – 2.påskedag

Gruppe 1 og 2: Kl. 11.00 – 02.00

Gruppe 3: Kl. 13.00 – 24.00

- Konsum av alkoholholdig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Konsum av alkoholholdig drikk i uteareal skal slutte ved skjenketida sin slutt, alkoholholdig drikke må då takast med inn i skjenkelokalet.
- Skjenkestaden skal sørge for å ivareta støymessige omsyn til naboar ved servering ute jf. kapittel 2 i Sande kommune sine politivedtekter.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

Ulstein:

Normal skjenketid for gruppe 1 og 2 frå kl. 11:00 - 02:00 alle dagar. Driftskonsept hotell får skjenke frå kl. 09.00. For utandørs skjenkeareal fram til kl. 01:00.

Normal skjenketid for gruppe 3 frå kl. 13:00 - 02:00 alle dagar. For utandørs skjenkeareal fram til kl. 01:00.

Festivaltelt (gruppe 1 og 2) får lik skjenketid som for utandørs skjenkeareal (kl.11:00-01:00 alle dagar).

For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde, og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.

Konsum av alkoholholdig drikke må opphøya seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Dette gjeld ikkje for uteareal der alkoholholdig drikke må takast med inn i skjenkelokalet ved skjenketida sin slutt.

Vanylven:

Gruppe 1 og 2:

Søndag – torsdag: Kl. 11.00 – 01.00 inne. Fram til kl. 24.00 for uteareal.

Fredag og laurdag: Kl. 11.00 – 02.00 inne. Fram til kl. 24.00 for uteareal.

Gruppe 3:

Alle dagar: Kl. 13.00 – 24.00 Både inne- og uteareal

Jul:

2.juledag – 1. nyttårsdag Gruppe 1 og 2: Kl. 11.00 – 02.00 Gruppe 3: Kl. 13.00 – 24.00

Påske:

Måndag etter palmesøndag – 2.påskedag

Gruppe 1 og 2: Kl. 11.00 – 02.00 Gruppe 3: Kl. 13.00 – 24.00

- Konsum av alkoholhaldig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Konsum av alkoholhaldig drikk i uteareal skal slutte ved skjenketida si slutt, alkoholhaldig drikke må då takast med inn i skjenkelokalet.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

Ørsta:

Normal skjenketid for gruppe 1 og 2

Søndag- torsdag til kl. 11:00-02:00 inne. Fram til kl 24.00 for uteareal.

Fredag-laurdag kl 11.00-02.00 inne. Fram til kl 01.00 for uteareal.

Normal skjenketid for gruppe 3

Søndag – torsdag kl. 13:00-24:00 både inne- og uteareal.

Fredag og laurdag kl 13.00-02.00. Fram til kl 01.00 for uteareal.

- Konsum av alkoholholdig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Konsum av alkoholhaldig drikk i uteareal skal slutte ved skjenketida sin slutt, alkoholhaldig drikke må då takast med inn i skjenkelokalet.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

Forlenga periode for eksisterande sals- og skjenkeløyve

Eksisterande sals- og skjenkeløyve som går ut den 30. september 2020 får forlenga periode til 14. oktober 2020 grunna forseinka sakshandsaming av planen. Det vert lagt opp til at desse løyvehavarane får handsaming av søknadane om nye løyve i Tenesteval for oppvekst og kultur den 14. oktober 2020. Dette for at dei nye løyva skal bli vedtatt etter den nye alkoholpolitiske planen for Volda kommune 2020-2024.

Vurdering og konklusjon:

Framlegget til alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2020-2024 inneber ein del endringar i høve tidlegare vedtekne planar. Det er særskilt endringar i skjenketidene som kan ha konsekvensar for både næringa og befolkninga. Etter at andre kommunar i samarbeidet har endra skjenketidene i sine vedtekne planar må ein vurdere om dette kan medføre skeive konkurransevilkår for næringa i Volda kommune.

Gebyr for skjenkeløyve ved einskildhøve er oppjustert. Dette kan ha konsekvensar for dei som skal ha arrangement der alkoholhaldig drikk er involvert. Det er set tak på 5 ambulerande løyve på same dag. Dette vil truleg ikkje få konsekvensar då det er lite truleg at ein får 5 søknader som gjeld same dagen i Volda kommune.

Det er viktig for næringa å ikkje få opphald i drifta. Difor bør Volda kommune forlenge sals- og skjenkeløyve som går ut 30. september fram til ein kan gjere vedtak etter ny plan. Første moglegheit vert 14. oktober i møtet til Tenesteval for oppvekst og kultur. Det er spesielt viktig å forlenge perioden for dei eksisterande løyva ettersom at det er på grunn av kommuneadministrasjonen at sakene ikkje har blitt handsama innan løyveperioden som er gitt.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Tilgang på alkohol kan føre til uønskt forbruk, med dei ulemper dette kan skape for den

einskilde og samfunnet. Kontrollert sal og skjenking gjennom løyve til aktørar, som kan

dokumentere kunnskap og haldningar til rusmiddel generelt og alkohol spesielt, er viktig med

tanke på førebygging. Dette gjeld óg ikkje minst dei tiltak kommunen gjennom framlagd plan

vil søkje å følgje opp. Viktig er også kvar einskild av oss si haldning til rusmiddel, gjennom å

vere gode føredøme.

Med bakgrunn i kommunen sitt ansvar i Folkehelselova er det naturleg at rusmiddelpolitisk handlingsplan vert vurdert i høve kommunen sin overordna helsepolitikk.

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert i denne saka

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Konsekvensar for barn og unge:

Det er viktig å sikre rusfrie soner slik at born og unge vert skjerma mot alkoholpåverking. Det er viktig at born og unge opplever arenaer der vaksne ikkje nyt alkohol

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/20	Partssamansett utval	17.06.2020
144/20	Formannskapet	25.08.2020
107/20	Kommunestyret	24.09.2020

Lønspolitikk Volda kommune 2020 - 2024

Samandrag:

Hovudtariffavtalen (HTA) sitt lønssystem har som føresetnad at det skal utarbeidast ein lokal lønspolitikk. Dette for at det skal vere føreseieleg og den einskilde tilsette skal ha moglegheit å innrette seg i høve til lønspolitikken. I samband med kommunesamanslåinga har ei tverfagleg, partsamansett arbeidsgruppe utarbeidd lønspolitikk for den nye kommunen. Lønspolitikken skal regelmessig reviderast.

Formannskapet 25.08.2020:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 144/20 Vedtak:

1. Volda kommunestyre vedtek lønspolitikken med vedlegg som den ligg føre.
2. Ved revidering skal lønspolitikken handsamast av partsamansett utval.
3. Ved redaksjonelle endringar, og ved behov for endring i vedlegga etter sentrale endringar vert dette delegert til kommunedirektøren eller den han delegerer det til.

Partssamansett utval 17.06.2020:

Behandling:

Røysting (6 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

PART- 13/20 Vedtak:

1. Volda kommunestyre vedtek lønspolitikken med vedlegg som den ligg føre.
2. Ved revidering skal lønspolitikken handsamast av partsamansett utval.
3. Ved redaksjonelle endringar, og ved behov for endring i vedlegga etter sentrale endringar vert dette delegert til kommunedirektøren eller den han delegerer det til.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Volda kommunestyre vedtek lønspolitikken med vedlegg som den ligg føre.
2. Ved revidering skal lønspolitikken handsamast av partsamansett utval.
3. Ved redaksjonelle endringar, og ved behov for endring i vedlegga etter sentrale endringar vert dette delegert til kommunedirektøren eller den han delegerer det til.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 25.08.2020 - 144/20

1. Volda kommunestyre vedtek lønspolitikken med vedlegg som den ligg føre.
2. Ved revidering skal lønspolitikken handsamast av partsamansett utval.
3. Ved redaksjonelle endringar, og ved behov for endring i vedlegga etter sentrale endringar vert dette delegert til kommunedirektøren eller den han delegerer det til.

Vedtak som innstilling frå Partssamansett utval - 17.06.2020 - 13/20

1. Volda kommunestyre vedtek lønspolitikken med vedlegg som den ligg føre.
2. Ved revidering skal lønspolitikken handsamast av partsamansett utval.
3. Ved redaksjonelle endringar, og ved behov for endring i vedlegga etter sentrale endringar vert dette delegert til kommunedirektøren eller den han delegerer det til.

Vedlegg:

Lønspolitikk Volda 2020

Organisasjonskart

Høyrings svar med merknader oktober 2019

Høyrings svar med merknader mars 2020

Saksopplysningar:

I samband med kommunesamanslåinga vart det satt ei tverrfagleg, partsamansett arbeidsgruppe med representantar frå Volda og Hornindal kommune som skulle utarbeide lønspolitikken for den nye kommunen.

Medlemmane i arbeidsgruppa var; rådmannen i Hornindal/assisterende rådmanni nye Volda, personalsjefen i nye Volda kommune, oppvekstsjefen nye i Volda kommune, helse og omsorgssjefen i nye Volda kommune, kommunalsjef samfunnsutvikling i nye Volda, Fagforbundet i Volda og Hornindal, Utdanningsforbundet i Volda og Hornindal, Norsk sykepleierforbund i Volda. Personalavdelinga i Volda hadde koordinator- og sekretærfunksjonen i arbeidsgruppa.

Arbeidet starta i november 2018 og har hatt åtte møter, vekselvik på Smia og Volda rådhus. Ein har og hatt dialog via e-post.

Det vart tidleg bestemte å ta utgangpunkt i Volda kommune sin lønspolitikk, då den var av nyare dato enn Hornindal sin. Arbeidsgruppa har også sett til andre kommunar og deira lønspolitikk, mellom andre Sandefjord og Stavanger.

Arbeidet var delvis ferdig i juni 2019. Det stod då att å avklare kva for seniorpolitiske tiltak som eventuelt skulle med i lønspolitikken for ny kommune, basert på eksisterande ordningar i Volda og Hornindal. Det sto også att ei samordning mellom funksjonstillegg for pedagogisk personale i skulen i dei to kommunane.

Lønspolitikken vart sendt på høyring til alle arbeidstakarorganisasjonane medio oktober, med svarfrist måndag 18. november. Det var innan fristen kome inn merknader frå fire arbeidstakarorganisasjonar. Desse er, Utdanningsforbundet, ein samla frå Norsk fysioterapeutforbund og Norsk ergoterapeutforbund, og ein frå NITO. I tillegg kom der innspel frå rådmannen (no kommunedirektør) og rådgjevar personal. Alle merknadane og kommentarar ligg ved saka.

Høyringsuttalelsane vart gjennomgått og det er gjort endringar i lønspolitikken med vedlegg som tilsa at ein på nytt ville sende dokumentet med vedlegg ut til arbeidstakaorganisasjonan for innspel. Det reviderte dokumentet vart sendt ut i mars 2020, fristen var kort – 4 dagar, noko som også er påpeika av arbeidstakarorganisasjonane. Merknader med kommentarar ligg ved saka.

Samordning seniorpolitiske tiltak

I gamle Volda kommune sin seniorpolitikk kunne eit av tiltaka vere vurdering av løn ved fylte 62 år. Målsetjinga var å motivere for fortsatt yrkesaktivitet. I Hornindal sin seniorpolitikk fekk tilsette som var over 62 år rett til seniordagar. I 100% stilling utgjorde dette 5 dagar. Seniordagane vert berekna utifrå stillingsprosent, 80% = 4 dagar osv.

Kommunedirektøren si leiargruppe har diskutert seniorpolitikken i ny kommune og

kome til at det ikkje skal inn seniorpolitiske tiltak i lønspolitik. Dei som skal motiverast for å fortsette i arbeide, uavhengig av alder, kan få auke i løn, kompetansetiltak, eller ein kan nytte andre verkemiddel som skildra i politikken.

Samordning funksjonstillegg for pedagogisk personale

I vedlegg 8 er gjeldande funksjonstillegg skildra. Det er sett i gang ein prosess med gjennomgang og vurdering av funksjonane og funksjonstillegga for pedagogisk personale i skulen. Nokre omgrep vil bli endra, og det vil truleg bli gjort ei omfordeling av midlar slik at det blir betre samanheng mellom oppgåve og tillegg. Eventuelle endringar iverksett frå 01.08.2020.

Funksjonstillegg helse og omsorg

I samband med kommunesamanslåinga har det vore ein gjennomgang av funksjonstillegga i sektor helse og omsorg. Med på gjennomgangen var leiarar og tillitsvalde: Vedlegg 8 som skildrar funksjonstillegg, er det gjort rettingar som fylje av denne gjennomgangen.

Vurdering og konklusjon:

Det har vore gjort ein systematisk gjennomgang av gamle lønspolitikkar og partane har saman vurdert kva som er viktig for den nye kommunen med tanke på å vere ein attraktiv arbeidsgjevar, som kan rekruttere, utvikle og behalde kompetanse. Arbeidstakarorganisasjonane har i etterkant kome med innspel som er vurdert og ein del av det er det teke omsyn til i det vidare arbeidet. Leiargruppa har og vurdert framlegget frå arbeidsgruppa og kome med innspel som det er korrigert for.

Det er alltid utfordringar knytt til vurdering og fastsetjing av løn. Politikken er bygd på prinsippa i Hovudtariffavtalen og er utarbeidd i nært samarbeid med partane i arbeidslivet. Kommunedirektøren vurderer lønspolitikken med vedlegg som eit heilskapleg dokument som legg gode premisser for lønsfastsetjing i den nye kommunen.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret vedtek den slik den ligg føre og at revideringar vert å handsame i partsamansett utval.

Likestillingsmessige sider ved saka: Lønspolitikken gjer det føreseieleg for tilsette, slik at alle har same moglegheit til å innrette seg i forhold til tiltak og verkemiddel.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Auke i løn gjev økonomiske konsekvensar. Planlagd kompetanseheving og lokale forhandlingar må leggjast inn i budsjett. Anna lønsauke må takas innanfor tildelt ramme.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
47/20	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	02.06.2020
113/20	Formannskapet	09.06.2020
79/20	Kommunestyret	18.06.2020
108/20	Kommunestyret	24.09.2020

Temaplan for breiband og ekom-nett

Samandrag:

Temaplan for breiband og ekom-nett i Volda kommune er utarbeidd med mål om å realisere godt breiband til alle innbyggjarar og næringsliv i kommunen.

Breiband er i dag ein føresetnad for at samfunnet skal fungere. Breiband med høg kapasitet er viktig for busetnad, næringslivet - særskilt konkurranseevna, turisme, og offentleg sektor - særskilt ved fornying av helsevesen, eldreomsorg og skule- og utdanningssektoren.

Formannskapet 09.06.2020:

Behandling:

Sakshandsamar Paul Ottar Ternes orienterte.

Røysting (9 røysteføre):

Innstillinga frå tenesteutval for forvaltning og utvikling vart samrøystes vedteken.

FSK- 113/20 Vedtak:

Volda kommunestyre godkjenner plan for breiband og ekom-nett datert 26.05.2020

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 02.06.2020:

Behandling:

Prosessleiar for digitalisering, Paul Ottar Ternes, orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

TFU- 47/20 Vedtak:

Volda kommunestyre godkjenner plan for breiband og ekom-nett datert 26.05.2020

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner plan for breiband og ekom-nett datert 26.05.2020

Vedlegg:

Temaplan for breiband og ekom-nett 2020-2023

Saksopplysningar:

Temaplan for breiband og ekom-nett inneheld vurderingar knytt til breiband for samfunnet generelt og informasjon om den nasjonale breibandsordninga. Planen omhandlar og Møre og Romsdal Fylkeskommune si forvaltning av ordninga. I tillegg gir den ei oversikt over områder i Volda kommune som ikkje har godt breiband, og ein handlingsdel som synar mål, strategiar, og tiltak som må gjennomførast i perioden for å gje alle innbyggjarar i kommunen tilgong til godt breiband. Viser elles til vedlagt temaplan.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune har lagt vekt på i sine strategiar at utbygging av godt breiband i heile kommunen er ein viktig føresetnad for at samfunnet skal fungere. Breiband med høg kapasitet er viktig for busetnad, næringslivet - særskilt konkurranseevna, turisme, og offentleg sektor - særskilt ved fornying av helsevesen, eldreomsorg og skule- og utdanningssektoren.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen direkte likestillingsmessige sider ved saka

Konsekvensar for folkehelsa:

Innbyggjarar i områder som i dag ikkje har god breibandsdekning vil kunne oppleve å falle utanfor sosiale arenas, og av den grunn kan det tenkjast at ein vil kunne oppleve styrka kjensle av tilhørigheit ved tilgong til godt breiband.

Miljøkonsekvensar:

Godt breiband kan bidra til redusering av kjøring og anna reising for å delta på møter, seminarer, sosiale aktivitetar osv.

I dei tilfeller det blir betre mobildekning, i tillegg til godt breiband, vil ein kunne oppleve auka bruk av fritidsbustadar.

Økonomiske konsekvensar:

25% lokal eigenfinansiering er naudsynt for å bli prioritert i tildeling av breibandsmidlar.

Lokal eigenfinansiering kan bestå av kommunale midlar, dugnadsarbeid, og ekstra midlar frå innbyggjarne og næringslivet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Eit moderne og robust breibandsnett vil kunne gje god kommunikasjon i krisesituasjonar.

For områder der ein har fiber til heimen vil det også vere godt tilrettelagt for etablering av basestasjonar som vil kunne gje god dekning på mobilnettet, både for 4G og for framtidig 5G dekning.

Konsekvensar for barn og unge:

Barn og unge vil kunne nytte digitale tenester både til skule, fritid, sosiale aktivitetar og anna.

Dette vil i praksis bety at barn og unge kan delta i samfunnet på lik linje med dei som har breiband med god kapasitet.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
143/20	Formannskapet	25.08.2020
109/20	Kommunestyret	24.09.2020

Strategisk samarbeid Ørsta og Volda

Samandrag:

Tettare samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta vert vurdert som nødvendig for samfunns- og tenesteutvikling i desse to kommunane. Kommunedirektørane har i samarbeid utarbeidd eit felles notat som skisserer prosess for å utvikle samarbeidet. Formålet med samarbeidet er berekraftig utvikling av lokalsamfunna, samt gode og effektive tenester for innbyggjarane. Samarbeidet skal byggje på FN sine berekraftsmål og vidareutvikling av den kulturen som allereie er etablert for samarbeid. Vidare skal ein byggje på heilskapleg og langsiktig tilnærming for å leggje til rette for best moglege framtidsvilkår for innbyggjarane i desse to kommunane.

Formannskapet 25.08.2020:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 143/20 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til vedlagte notat av 10.08.20 og den prosessen som er skissert i notatet.

Det vert søkt om statlege midlar til å gjennomføre prosessen.

Resultat frå prosessen sine ulike fasar vert framlagt i rapport til handsaming i kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til vedlagte notat av 10.08.20 og den prosessen som er skissert i notatet.

Det vert søkt om statlege midlar til å gjennomføre prosessen.

Resultat frå prosessen sine ulike fasar vert framlagt i rapport til handsaming i kommunestyret.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 25.08.2020 - 143/20

Kommunestyret sluttar seg til vedlagte notat av 10.08.20 og den prosessen som er skissert i notatet.

Det vert søkt om statlege midlar til å gjennomføre prosessen.

Resultat frå prosessen sine ulike fasar vert framlagt i rapport til handsaming i kommunestyret.

Vedlegg:

Strategi for samarbeid Volda og Ørsta rev

Intensjonsavtale 020513 om interkommunalt samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta

Saksopplysningar:

Det har vore dialog mellom ordførarane og kommunedirektørane om utvikle vidare samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta. Bakgrunnen er å styrke posisjonen til desse to kommunane i samanheng med samfunnsutviklinga. Volda og Ørsta er komplementære tettstadar som i lag utgjer eit samfunn som kan samanliknast med Kristiansund og Molde. Volda og Ørsta kan ta ein posisjon som den fjerde byen i fylket dersom kommunane samarbeider om ei heilskapleg utvikling og vert tilgodesett med dei same verkemidla frå fylket og staten som byane i fylket.

Volda og Ørsta har regionale og nasjonale statlege institusjonar som Ivar Aasentunet/nynorsk kultursenter, Helfo, Statens lånekasse, vegstasjon, jorskifterett, tingrett, Sjukehus, flyplass, høgskule og vidaregåande skular. Kommunane har også viktige industribedrifter, kompetansebedrifter og servicebedrifter integrert i eit tradisjonsrikt landbruksmiljø. Reiseliv er også ei næring i god utvikling.

Både offentleg og privat næringsliv sine framtidsmoglegheiter er avhengig av å vere lokalisert i eit samfunn som er i utvikling. Vi må ha gode og effektive samferdsels- og kollektivløysingar internt og til omverda. Vi må ha eit samla tilbod innanfor kultur og idrett mv og bustadtilbod som gjer det interessant for folk å busetje seg i desse to kommunane. Vi må ha grunnleggjande gode kommunale tenester som gjer at foreldre prioriterer barnehagane og skulane i desse kommunane framfor å bu i større byar, samt at ein kan sjå for seg å kunne leve heile livet i desse samfunna og ha gode tenester når ein ikkje lenger er sjølvhjelp.

For å oppretthalde gode tenester for innbyggjarane er kommunane avhengig av å ha berekraftig økonomi og tilgang til god kompetanse. Den økonomiske utviklinga i kommunane vert stadig meir utfordrande. I tråd med varsla politikk styrer staten ned veksten i inntektene som virkemiddel for å redusere veksten i offentleg sektor. Utgiftene til velferd aukar meir enn inntektene. I tillegg har kommunesektoren stor vekst i renter og avdrag som følgje av høge investeringar. Volda og Ørsta er minsteinntektskommunar. Vi er i ferd med å tære på driftsfonda, og får auka utfordringar med å balansere budsjetta i dei komande åra. Det vil ikkje vere nok å effektivisere seg til balanse. Kommunane vert nøydde til å kutte i tenestene. På ein del tenesteområde kan det vere eit potensial for å ta ut gevinstar gjennom samarbeid. Dette gjeld både økonomisk og kompetansemessig der ein kvar for seg vert for liten og sårbar.

Kommunedirektørane har i samarbeid utarbeidd eit notat med forslag til prosess for å vidareutvikle samarbeidet mellom kommunane Volda og Ørsta. Det vert synt til notatet som ligg ved. Dette omhandlar både samfunnsutvikling og tenesteutvikling. Formålet med samarbeidet er å skape berekraftig utvikling av lokalsamfunn, samt gode og effektive tenester til innbyggjarane. Alt samarbeid må tene samfunnet og innbyggjarane i begge kommunane. Samarbeid mellom Volda og Ørsta hindrar ikkje samarbeid med andre kommunar når det vil vere tenleg.

Det vert foreslått at ein startar med ein politisk prosess for å skape forankring om felles visjon, strategi og tiltak knytta til samfunnsutviklinga. Det vert foreslått å søkje om midlar frå fylkesmannen sitt prosjektskjøn til denne prosessen. Dersom vi får

tilskot så vil det dekkje 50 % av kostnadene. Resten vert å dekkje opp gjennom eigeninnsats. Ein kjem attende til nærare omfang og detaljar i programmet når vi har fått svar frå fylkesmannen.

Vidare er det utarbeidd forslag til ein prosess for å utarbeide eit program for tenestesamarbeid. Prosessen skal resultere i rapport som vert lagt fram for kommunestyret der ein vedtek visjon, strategi og konkrete samarbeidstiltak.

Vurdering og konklusjon:

Kommunane Volda og Ørsta har tradisjon for samarbeid. VØR, barnevern, Nav og landbrukskontor er sentrale samarbeidstiltak på tenestesida. I dei siste åra er det også etablert fleire samarbeid innanfor 7-stjernenettverket på søre Sunnmøre. Volda og Ørsta har også tett samarbeid opp mot fylket og staten i samferdssaker og i kampen for å redde statlege arbeidsplassar og viktige samfunnsfunksjonar når desse har vore trua av rasjonaliseringsprosessar. Kommunane inngjekk også ei intensjonsavtale om samarbeid i 2013, jfr vedlegg.

Samarbeid er eit alternativ til kommunesamanslåing. Volda og Ørsta valte å ikkje slå seg saman, og det er viktig å vise om ein kan få til like store synergjar gjennom samarbeid som ein ville fått ved ei samanslåing.

Saksutgreiinga er utarbeidd i samarbeid mellom kommunedirektørane i Volda og Ørsta og vert lagt fram som felles sak for kommunestyret i begge kommunane. Det er viktig med politisk forankring av prosessen vi skal søkje om midlar frå fylkesmannen. Omfang og framdrift i prosessen vil vere avhengig av økonomisk støtte frå fylkesmannen.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret sluttar seg til prosessen slik det går fram av vedlagte notat frå kommunedirektørane i Volda og Ørsta, datert 10.08.20.

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunedirektøren si leiargruppe
Hovudtillitsvalte
Hovudverneombodet
Ungdomsrådet
Volda næringsforum
Frivilligkoordinatorane

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
02/20	Valstyret	15.09.2020
110/20	Kommunestyret	24.09.2020

Stortingsvalet og sametingsvalet 2021 - fastsetjing av valdag

Samandrag:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i statsråd 6. mars 2020 fastsett valdagen til måndag 13. september 2021. Kommunestyret kan vedta at det på ein eller fleire stadar i kommunen skal holdast val også på søndag 12. september 2021.

Kommunedirektøren si tilråding:

I Volda kommune skal valdagen for stortings- og sametingsvalet 2021 vere måndag 13. september 2021.

Vedlegg:

Valggjennomføring i 2021 i lys av den pågående covid-19 pandemien
202713-18 Valggjennomføring i 2021 i lys av den pågående covid-19 pandemien
Fastsetting av valdag - Stortingsvalget og sametingsvalget 2021
Epost

Saksopplysningar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i statsråd 6. mars 2020 fastsett valdagen til måndag 13. september 2021.

Vallova § 9-2 (2) opnar for at kommunestyret kan bestemme om kommunen skal holde val, ein eller fleire stadar, også søndag 12. september 2021.

Det er lang tradisjon, både i Volda og Hornindal, til å halde val på den offisielle valdagen. Erfaringar viser at kapasiteten ved vallokala har vore god, og at valggjennomføringa har fungert godt. Det har vore lite kødanning i dei ulike vallokala. Ved sist val tok Volda kommune i bruk elektronisk manntal, noko som effektiviserte valggjennomføringa ytterlegare, fordi veljarane fekk gjennomført valet sitt på kortare tid enn før, då det vart nytta papirmanntal.

Valoppslutninga i kommunen har vore god. Ved førre kommune- og fylkestingsval var valoppslutninga i Volda på 69 %, medan valoppslutninga på landsbasis var på 65%.

Trenden viser at fleire nyttar høvet til å røyste på førehand. I Volda røysta 31 % på førehand ved sist kommune- og fylkestingsval i 2019. Ved førre stortings- og sametingsval i 2017 røysta 29,1 % frå «gamle» Volda på førehand, og 19,2 % frå Hornindal.

Førehandsrøysting	Stortings- og sametingsvalet 2017	Kommune- og fylkestingsvalet 2019
Volda	29,1 % «gamle Volda»	31 % «nye Volda»
Hornindal	19,2 %	

Det vert lagt godt til rette for tidlegrøysting og førehandsrøysting frå 01.07.2021 til 10.09.2021, det er soleis god moglegheit til å røyste utanom den offisielle valdagen.

Gjennomføring av eit to-dagars val vil gi auka kostnader i høve valggjennomføringa. To-dagars val vil krevje auka ressursar både personalmessig, organisatorisk og økonomisk. Ein ekstra valdag vil medføre auka kostnader knytt til mellom anna: godtgjersle til valfunksjonærar, IT-support, reinhald, informasjon m.m. Dersom kommunestyret ynskjer å gjennomføre to-dagars val i Volda, må desse kostandane innarbeidast i budsjettet for 2021.

Det går fram av brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 27.08.2020, at kommunane må planlegge valggjennomføringa i lys av covid-19-pandemien. I følgje helsemyndigheitene kan covid-19-pandemien vare i fleire år, og vi må vere budde på at viruset kan blusse opp nasjonalt og lokalt, før og under valet. Dette kan medføre at valggjennomføringa vil kunne verte meir krevjande enn normalt. Kommunen må planlegge valggjennomføringa utifrå den gjeldande

koronasituasjonen i heile røysteperioden, og legge til rette for at alle har god moglegheit til å røyste både tidleg, på førehand og på valdagen.

Vurdering og konklusjon:

I ein normalsituasjon erfarar administrasjonen at det ikkje er behov for å halde val på søndag for å sikre god valdeltaking. Ordninga med ein-dags val har fungert, og kommunedirektøren rår til at ein held fram med ein-dagsval. Likevel må ein ta omsyn til vesentlege endringar i covid-19-situasjonen og legge planar for dette, slik at alle har god moglegheit til å røyste enten på førehand eller på valdagen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Kostnadane ved gjennomføring av stortings- og sametingsvalet over to-dagar, vil auke monaleg. Det bør også takast høgde for at eit covid-19-utbrot, vil føre til auka kostander i høve valgjennomføringa.

Beredskapsmessige konsekvensar: Eit covid-19-utbrot kan utløyse beredskapsmessige konsekvensar i valgjennomføringa, som til dømes tiltak for å hindre smittespreiing og kontinuitetsplan for å sikre tilstrekkeleg tilgjengeleg resurssar, både i høve gjennomføring av førehandsrøystinga og valgjennomføringa på valdagen.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret for vidare arbeid.

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
111/20	Kommunestyret	24.09.2020

Val av kvinnelege meddommarar til jordskifterett

Samandrag:

Val av meddommarar til jordskifterett, tingrett og langmannsrett for perioden 2021-2024 blei endeleg handsama i kommunestyret i sak 82/20, 18. juni 2020. Ved ein feil inneholdt ikkje saksframlegget valutvalet sitt framlegg til val av kvinnelege meddommarar til jordskifteretten, berre eit utval på 5 menn. Valutvalet sitt framlegg til kvinnelege jordskiftemeddommarar blir derfor lagt fram til vedtak no.

Kommunedirektøren si tilråding:

Følgjande utval av jordskiftemeddommarar (kvinner) blir foreslått vedteken:

Anne Aasgaard Kirkhorn
Oddhild Saure
Gunnhild Larsgård
Anne Petrine Ryslett
Hilde Karin Berg

Vedlegg:

Val av meddommarar til jordskifterett, tingrett og lagmannsrett for perioden 2021-2024 -
Endeleg handsaming

Saksopplysningar:

Valutvalet hadde saka til handsaming og kom med si innstilling i møte 13. mai 2020, men ved ein feil kom ikkje forslag til kvinnelege jordskifteddommarar med i innstillinga til kommunestyret.

Kvar kommune skal ha eit særskilt utval for meddommarar til jordskifteretten (jf domsstolova § 65 og jordskiftelova § 2-5. Dei som er med i utvalet, skal vere kunnige i saker som jordskifteretten vanlegvis handsamar. Det er alt valgt 5 menn frå Volda, og det skal no veljast 5 kvinner.

Det har ikkje kome inn vandelsmerknad på dei som er foreslått som meddommarar. Oversikta over kandidatar har vore til ettersyn i to veker, og det har heller ikkje kome inn merknader til forslaget.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret gjer vedtak om nytt utval av (kvinnelege) jordskifteddommarar for perioden 1.1. 2020 – 31.12.2024 på bakgrunn av valutvalet si innstilling.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale? Nei

Utskrift av endeleg vedtak:

Avdeling dokumentasjon og service for vidare arbeid

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
112/20	Kommunestyret	24.09.2020

Val av ny meddommar til Søre Sunnmøre tingrett

Samandrag:

Kommunestyret valde i sitt møte 18. juni 2020 (sak 82/80) blant anna meddommarar til tingretten for perioden 1.1.2021 – 31.12.2024. Ved ein feil blei det valgt ein meddommar som ikkje hadde gitt sitt samtykke.

Kommunedirektøren si tilråding:

- Val av Svanhild Holsvik som meddommar i tingretten blir gjort til inkje.
- Heidi Berg Rusten Grebstad blir valgt som meddommar i tingretten.

Vedlegg:

Val av meddommarar til jordskifterett, tingrett og lagmannsrett for perioden 2021-2024 -
Endeleg handsaming

Saksopplysningar:

Saka har tidlegare vore handsama i valutvalet 13. mai 2020 og i kommunestyret 18.06.2020.

Her blei følgjande utval av kvinnelege meddommarar til tingretten valgt:

1. Torill Rødven Eide
2. Anne-Grete Eiken
3. Kari Hasle
4. Stine Akeren Bjørdal
5. Svanhild Holsvik
6. Iris Håskjold
7. Hildegunn Nautvik
8. Hilde Randi Osdal
9. Ingrid Salt
10. Unni Margaret Skare
11. Lena Sætre
12. Anita Tilseth
13. Lin Storm Traagstad
14. Eli Øye Vassbotn
15. Elin Wilhelmsen
16. Siv Madeleine Kristensen
17. Tonje Mari Dragset
18. Elisabeth Teige
19. Eli Anne Bakkene
20. Synnøve M. Leirvik
21. Agnieszka Papierska
22. Charlotte Ingabire
23. Inghild Mårstøl Lade
24. Cecilie Vartdal Almestad
25. Ellen Strøm Synnevåg
26. Linda Nedrelid Vatne
27. Møyfrid Lillenes
28. Anette Foldal
29. Anne Natvig
30. Tove Sylte

Svanhild Holsvik har i etterkant av vedtaket gitt tilbakemelding på at ho ikkje hadde samtykka til valet.

Valutvalet har tidlegare foreslått Heidi Berg Rusten Grebstad som meddommar i tingretten, og ho kan derfor gå inn på Svanhild Holsvik sin plass blant meddommarane.

Det har ikkje kome inn merknader til vandelskontroll og det kom ingen merknader til forslaget mens det låg ute til offentlig ettersyn.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret gjer vedtak om at Heidi Berg Rusten Grebstad blir valt som meddommar i tingretten for perioden 1.1.2021 – 31.12.2024

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende
Miljøkonsekvensar: Ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale? Nei.

Utskrift av endeleg vedtak:

Avdeling dokumentasjon og service for vidare arbeid.

Rune Sjurgard
kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
18/20	Valutval	24.09.2020
113/20	Kommunestyret	24.09.2020

Fritak frå politiske verv til 31.12.2021 - Stig Olav Lødemel

Samandrag:

Stig Olav Lødemel søker om mellombels fritak frå alle sine politiske verv fram til 31.12.2021. Bakgrunnen for fritakssøkingen, er vansker med å kombinere eigen arbeidssituasjon som sjølvstendig næringsdrivande og politisk aktivitet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Stig Olav Lødemel får mellombels fritak frå sine verv i formannskapet og valstyret fram til 31.12.2021.

Vedlegg:

Rundskriv om konstituerande møte i kommunestyre
Søknad om fritak frå politiske verv - Stig Olav Lødemel
Epost

Saksopplysningar:

Stig Olav Lødemel har i brev datert 08.09.2020 søkt om fritak frå politiske verv fram til 31.12.2021.

Stig Olav Lødemel har følgjande politiske verv i Volda kommune:

- Medlem i kommunestyret
- Medlem i formannskapet
- Medlem i valstyret

Stig Olav Lødemel skriv at bakgrunnen for fritakssøknaden er ein krevjande jobbsituasjon som sjølvstendig næringsdrivande som ikkje let seg kombinere med politisk arbeid. Han skriv følgjande i fritakssøknaden: *«Eg har rett og slett ikkje moglegheit til å prioritere politikken framfor det mine tilsette og eg skal leve av. Kompensasjon for tapt arbeidsforteneste gjev ikkje kompensasjon for tapt produksjon i firmaet. Når framdrift i prosjekt vert skadelidande fordi eg er på politiske møte, vert det tverrfaglege samarbeidet naturlegvis også påverka i negativ retning. Det å skaffe stedfortredar dei dagane eg skal vere på politiske møte har synt seg å vere umogleg.»*

Det går vidare fram av fritakssøknaden at Stig Olav Lødemel ønskjer moglegheit til å kome attende som politikar dersom livssituasjonen endrar seg, og han søker derfor om mellombels fritak fram til 31.12.2021.

Fritak frå politiske verv er heimla i kommunelova § 7-9. Kommunelova gir kommunestyret høve til å frita politiske representantar dersom ein: *«ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne.»* Det skal ikkje vere kurant å gje fritak frå eit folkevald verv, og lova krev at ulempa med å halde fram i vervet skal vere vesentleg. Det går vidare fram at kommunestyret må, når søknaden vert vurdert, legge vekt på om grunnlaget for fritakssøknaden var kjent på det tidspunktet då den folkevalte samtykka til valet. Kommentartutgåva til kommunelova seier at fritaksgrunn kan mellom anna vere søkjar sitt arbeidforhold, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar som gjer det ekstra byrdefullt å oppfylle dei pliktene som vervet medfører.

Koronasituasjonen er ei ekstrabelastning for næringsdrivande, som opplever endra arbeidstilhøve i samband med nedstenginga av samfunnet og auka fråvær blant tilsette for å følgje nasjonale smittevernråd. Kommunedirektøren ser at det kan vere ei vesentleg ulempe for Stig Olav Lødemel å prioritere politisk arbeid, når fråveret frå arbeidet gir konsekvensar for framdrift i prosjekt og ivareta tilsette sine interesser i firmaet.

Kommunelova legg opp til ei skjønnsmessig vurdering, der kommunestyret skal vurdere om verva fører til vesentleg ulempe i arbeidsforholdet. Formannskapet vil i perioder vere tidkrevjande for medlemmane, både i form av stor møteaktivitet og førebuing til møter.

Vidare skal kommunestyret legge vekt på om grunnlaget for fritakssøknaden var

kjent når Lødemel samtykka til valet.

Dersom kommunestyret vedtek å innvilge fritakssøknaden, kan kommunestyret velje ein settemedlem i Lødemel sine verv i formannskap og valstyre i fritaksperioden. Ved val av settemedlem skal rekkefølga på varalista følgjast, jf. kommunelova § 7-10, 2. ledd.

Ved eit mellombels fritak rykker Camilla Gjelsvik opp som fast medlem i kommunestyret og Roald Espset som fast medlem i formannskapet og valstyret.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret skal, når ein vurderer søknaden, legge vekt på om grunnlaget for fritakssøknaden var kjent på det tidspunktet då Stig Olav Lødemel samtykka til valet. Det vil ofte vere meir utfordrande for ein privat næringsdrivande å delta i politiske verv som tek tid. Dette er noko som ein vil måtte vere budd på når ein stiller til val. Slik administrasjonen vurderer saka så har belastninga for Lødemel representert ved ei mindre bedrift innanfor elektrobransjen fått ei auka belastning som følgje av koronasituasjonen. Spørsmål om fritak må uansett vurderast i kvart enkelt høve, og tidsperioden for ein slik søknad. Administrasjonen tilrår at Stig Olav Lødemel får fritak frå verva i formannskapet og valstyret, men finn ikkje å tilrå fritak frå vervet i kommunestyret.

På generelt grunnlag er rammevilkåra for å kunne delta i politisk arbeid ei demokratisk problemstilling som bør drøftast i forkant av neste kommuneval. Problemstillinga er både lokal og nasjonal. Det er viktig at det er nokonlunde like vilkår for å kunne delta i demokratisk arbeid, slik at samfunnet har ein representasjon som er mest mogleg representativ i folket. Det vil vere eit tap for samfunnet dersom td kandidatar frå næringslivet ikkje vert tilstrekkeleg representert i politisk arbeid.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale? Nei

Utskrift av endeleg vedtak:

Stig Olav Lødemel

Volda Høgre

Avdeling for dokumentasjon og service

Rune Sjurgard
kommunedirektør